



Innkalling av Fellesnemnda Alver

Møtedato: 02.09.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen, Knarvik
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
035/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
036/19	Godkjenning av møteprotokoll
037/19	Eigarskap – førebels konklusjonar
038/19	Politisk styringsstruktur
039/19	Planstrategi for Alver kommune
040/19	Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune
041/19	Melding/orientering til fellesnemnda 02.09.2019

26. august 2019

Øyvind Oddekalv
leiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: 19/289
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 26.08.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
035/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: 19/283
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 26.08.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
036/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:
04.06.2019 Protokoll - Fellesnemnda Alver - 03.06.2019

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen vert godkjent.



Møteprotokoll for Fellesnemnda Alver

Møtedato: 03.06.2019
Møtestad: Rådhuset, Manger
Møtetid: 12:00 - 17:00

Frammøtte medlem	Kommune	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	Radøy	AP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	SP	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	Radøy	H	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	AP	Leiar
Nils Marton Aadland	Meland	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	FRP	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	SP	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	Meland	KRF	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	KRF	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	KRF	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	AP	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	H	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Kommune	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	Lindås	AP	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Kommune	Parti	Erstatter medlem
Jarle Vassdal gjekk under sak 34/19	Lindås	SP	Anna K.Valle

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Jarle Landås-ass.programansvarleg, Janne Sund-økonomisjef, Martin W Kullid-ass.programansvarleg, Tove Mette Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun

Sakliste

Saknr	Tittel
027/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/19	Godkjenning av møteprotokoll
029/19	Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering etter første tertial 2019.
030/19	Økonomisk politikk og handlingsregler
031/19	Samarbeid om felles landbruksavdeling i deler av Nordhordland
032/19	Oppgave- og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune
033/19	Møteplan haust 2019
034/19	Melding/orientering til fellesnemnda 03.06.2019

027/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

Handsaming:

Det er ettersendt skriv frå Alver Høgre vedrørande framlegg til uttale i fellesnemnda.

Fellesnemnda tek framlegget til handsaming i slutten av møtet.

Ingen merknader, samrøystes.

FA- 027/19 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

028/19: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

FA- 028/19 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

029/19: Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering etter første tertial 2019.

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:

Handsaming:

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA PSU- 021/19 uttale:

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

Handsaming:

Orientering ved ass.programansvarleg Martin Kullid.
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA- 029/19 Vedtak:

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

030/19: Økonomisk politikk og handlingsregler

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:

Handsaming:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA PSU- 022/19 uttale:

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

Handsaming:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FA- 030/19 Vedtak:

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

031/19: Samarbeid om felles landbruksavdeling i deler av Nordhordland

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Programleiar rår til at det vidare arbeidet med å til rettelegge for ei felles landbruksavdeling i regi av Alver kommune, tek utgangspunkt i vertskommunemodellen etter ny kommunelov, jf saksutgreiinga og konklusjonen.

Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:

Handsaming:

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.
Saka vert teke til orientering, samrøystes.

FA PSU- 023/19 uttale:

Meldinga er teke til orientering.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

Handsaming:

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA- 031/19 Vedtak:

Det vidare arbeidet med å til rettelegge for ei felles landbruksavdeling i regi av Alver kommune, tek utgangspunkt i vertskommunemodellen etter ny kommunelov, jf saksutgreiinga og konklusjonen.

032/19: Oppgåve- og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til vitande.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

Handsaming:

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA- 032/19 Vedtak:

Saken er tatt til vitande.

033/19: Møteplan haust 2019

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteplan haust 2019 vert vedteke som den ligg føre.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

Handsaming:

B.Vatnøy-Frp var ikkje tilstades ved røysting i denne saka.
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA- 033/19 Vedtak:

Møteplan haust 2019 er vedteke som den ligg føre.

034/19: Melding/orientering til fellesnemnda 03.06.2019**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**Handsaming:**

Melding/orientering til fellesnemnda ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun:

- Status IKT-prosjekt
- Status organisasjonsprosjekt
- Økonomiplan inkl. eigedomsskatt
- Overordna ROS utsatt til neste møte
- Arbeid med gebyrregulativ
- Bruk av rådhuset i Manger

Orientering Lindås tomteselskap ved dagleg leiar Trond Lomsøy (i starten av møtet)

Eigarskap – strategidiskusjon (gruppearbeid – innspel)

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale frå organisasjonane v/HTV Jarle Næss, frå møtet i PSU 29.05.2019, vart sendt fellesnemnda før møtet:

Dei tilsette sine organisasjonar meiner at prosessar knytt til organisering av leiarnivå og tenestekområder for Alver kommune i all hovudsak er veldig ryddige, og der ulike interessentar i all hovudsak blir involvert. Difor ønskjer organisasjonane at ein opprettheld dagens delegering til rådmannen og administrativt nivå. I den grad prosessar av ulike interessentar opplevast som uryddige, så blir dette tatt opp og løyst administrativt. At fleire saker knytt til administrativ organisering skal opp i Fellesnemnda vil føre til forseinkingar i organisasjonsprosjekta, og vi reknar det som lite truleg at politisk handsaming vil bidra til betre løysingar enn det prosjekta sjølv greier å kome fram til.

Uttalen vart lagt fram for fellesnemnda til vedtak frå formannskapet i Meland kommune.

Til Fellesnemnda Alver kommune, møte 03.06.19 (vart ettersendt til fellesnemnda).**Fra Alver Høgre v/Nils Marton Aadland, Kenneth Murberg, Karl Vågstøl**

Byrådet i Bergen har gått inn for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlands brua. Det betyr at Bergen i tilfelle kjem til å senda ein betydelig del av rekninga for kollektivsatsinga si til Nordhordland.

Da kommunane i Nordhordland allereie har vedtatt ein bompakke, Nordhordlandspakken, risikerer vi no å få to bomstasjoner som ikkje «kommuniserer» med kvarandre ved Nordhordlands brua, jamfør timesregelen. Innbyggjarane i Nordhordland risikerer dermed å måtte betala i to bomstasjonar for å kryssa brua.

Bergensområdet er ein felles bu- og arbeidsregion. Folk pendlar fra Nordhordland til Bergen og fra Bergen til Nordhordland for å dra på jobb. Dei forslag til endringar som byrådet har lagt fram

skaper store utfordringer både for enkeltpersonar og for næringsverksemd.

Om Bergen skulle få gjennomslag for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua set det innbyggjarane våre i ein uakseptabel situasjon med tanke på Nordhordlandspakken som er på trappene. Argumenta som byrådet i Bergen brukar for å flytta bomstasjoner handlar om å skjerma intern transport i Åsane. Dei same argumenta kan man bruka i nye Alver kommune. Blant anna vil dei fleste som skal besøkje kommune- og handelssenteret i Knarvik måtta betala bompengar dersom dei planlagte bomstasjonane vert realisert.

Dersom ikkje fylkestinget avviser byrådet i Bergen sitt framlegg så betyr det at Nordhordland må betala heile rekninga for at innbyggjarane i Åsane skal sleppa å betala for lokal kjøring. Samtidig vil innbyggjarane i Nordhordland med planlagte bomstasjoner måtta betala for lokal kjøring i Nordhordland. Vi vil dermed måtta betala rekninga både for Nordhordland og for Åsane. I så tilfelle er det derfor nødvendig å stoppa opp, ta eit steg tilbake og sjå på Nordhordlandspakken på nytt i eit større perspektiv.

Forslag til uttale fra Fellesnemnda Alver kommune:

Fellesnemnda Alver kommune vil på det sterkaste oppmoda Hordaland fylkesting til å seia nei til byrådet i Bergen sitt framlegg om å flytta bompengerekkjeringa i Åsane til Nordhordlandsbrua (E39 Klauvaneset). Framlegget inneber i praksis å senda heile «bompengerekninga» til trafikantane fra Nordhordland.

Fellesnemnda Alver kommune oppmodar Statens vegvesen om å stansa arbeidet med å etablera dei nye bomstasjonane i Nordhordlandspakken til byrådet i Bergen sitt framlegg om å etablera bomstasjon ved Nordhordlandsbrua er avklara.

Byrådet sitt framlegg viser trongen for å samordna bompengerekkjeringa i heile Bergensområdet. Fellesnemnda Alver kommune vil be om at slik samordning startar snarast råd.

Fellesnemnda Alver kommune presiserer at Hordaland fylkesting må vurdere fullgode, men mindre kostnadskreivjande alternativ til bybane i Åsane. Vi vil blant anna visa til etableringa av Metrobuss i Trondheim.

Fellesframlegg frå A.AA.Byrknes-KRF, Lindås:

Fellesnemnda for Alver kommune reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta bomstasjonane i Åsane til ein bomstasjon på Klauvaneset.

Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Vi vil vise til fylkesrådmann si innstilling i saka som skal til MISA - FU og Fylkesting og seier oss samde med innstillinga fylkesrådmann har i saka.

Vi vil også framheve punkt 3 i innstillinga og meiner at evalueringa i 2020 må innbefatte ikkje berre Bergen kommune, men samordning og belastning i heile Bergensområdet.

Framlegget fra A.Byrknes vart samrøystes vedteke.

Fellesnemnda bed om at uttalen vert sendt til alle fylkestingsrepresentantane.

FA- 034/19 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

Uttale til Hordaland fylkeskommune:

Fellesnemnda for Alver kommune reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta

bomstasjonane i Åsane til ein bomstasjon på Klauvaneset.

Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Vi vil vise til fylkesrådmann si innstilling i saka som skal til MISA - FU og Fylkesting og seier oss samde med innstillinga fylkesrådmann har i saka.

Vi vil også framheve punkt 3 i innstillinga og meiner at evalueringa i 2020 må innbefatte ikkje berre Bergen kommune , men samordning og belastning i heile Bergensområdet.

Arkiv:
JournalpostID: 19/280
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 26.08.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
037/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Eigarskap – førebels konklusjonar

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

- Fellesnemnda ønskjer at det vert sett i gong ein prosess for å slå saman Lindås tomteselskap AS og Meland utbyggingsselskap AS. Formannskapet i Alver kommune som generalforsamling i begge selskapa tek den politiske styringa av prosessen når dei er konstituert.
- Fellesnemnda tek førebels ikkje initiativ til samanslåing av to eller tre av «vekst»-selskapa (Aufera AS, Gløde AS og Knarvik miljø og industri AS). Om nokre av eller alle selskap tek eit initiativ vil fellesnemnda vere positiv til det.
- Fellesnemnda ber dei interkommunale selskapa NGIR IKS, NUI IKS og NRH IKS om å leggja følgjande til grunn ved forslag til nye vedtekter i samband med kommunesamanslåinga:
 - Alver kommune beheld den samla representasjonen som Radøy, Meland og Lindås har hatt i styrande organ i dei tre interkommunale selskapa.

Bakgrunn

Det er utarbeid ein eigarskapsmelding som vart handsama i møte i fellesnemnda 06.05.2019. Meldinga gjev ein god oversikt over samla eigarskap for Alver kommune.

Det vart gjennomført ein drøfting med fellesnemnda i møte 03.06.2019 om vidare arbeid hausten 2019. Forslag til vedtak i denne saksutgreiinga er basert på denne drøftinga.

Utarbeiding av ein eigarskapsstrategi med utgangspunkt i eigarskapsmeldinga vil bli gjennomført etter ein politisk prioritert framdriftsplan og tidlegast våren 2020.

Saksutgreiing

Eigarskapsmeldinga syner at det ikkje er store behov for å gjøre endringar knytt til eigarskap før 01.01.20. Mange av eigarskapa kan vidareførast slik dei er i dag om dette er eit politisk ønskje.

Denne saka tek tak i to utfordringar. Område der den nye kommunen vil eige fleire aksjeselskap med same formål og IKS i Nordhordland der ein formelt må ta stilling til representasjon i styrande organ ved vedtektsendring som inkluderer Alver kommune i samarbeidet i staden for Radøy, Meland og

Lindås.

Vurdering

I dag er det liten aktivitet i Meland utbyggingsselskap AS, men har tidligare hatt ein viktig rolle for å realisere politiske målsetningar. Selskapet har same føremål som Lindås tomteselskap AS. Det vil være viktig for Alver kommune på et så tidlig tidspunkt som mulig, å ha et slagkraftig tomte-/utbyggingsselskap. Eit samla selskap vil være et sterkt virkemiddel for å realisere intensjonsavtalen sine ambisjonar for Alver kommune som samfunnsutviklar. Korleis sjølve samanslåinga skal sjå og kva strategiar eit eller fleire nye selskap skal ein kome tilbake til i ein prosess styrt av formannskapet i Alver kommune.

Alver kommune vil heilt eller delvis eige tre «vekst»-selskap. Aufera AS, Gløde AS og KIM AS. Det er fleire grunnar til at ein ikkje no bør sarte prosessar knytt til samanslåing.

Dei tre selskapa har ulik eigarstruktur og det vil vere krevjande å kjøre ein prosess utan at alle eigarar er samkjørte om målet med prosessen.

Dei tre selskapa er viktige virkemiddel for å få realisert politikk saman med og i samspel med det kommunale tenestetilbodet. Det kan vere fornuftig at Alver kommune vedtek ein kommuneplan for helse, sosial og omsorg før ein tek stilling til kva ein ønskjer å gjøre med dei tre selskapa.

Det er ikkje kritisk for Alver kommune å måtte forholde seg til tre selskap.

Det er i hovudsak formelle endringar som må gjerast i vedtektene for IKS'a, for å tilpasse desse til den samanslåtte kommunen. Dette går mellom anna på namnet på kommunen og eigarbrøk. Den einaste endringa som ikkje kan vurderast som ein formalitet er representasjon i styrande organ. Inntil Alver kommune har fått gjennomført ein strategis diskusjon knytt til dette spørsmålet, bør Alver kommune behalde den samla representasjonen som Radøy, Meland og Lindås hadde kvar for seg.

Arkiv: FE-00
JournalpostID: 19/281
Saksbehandler: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 26.08.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
038/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Politisk styringsstruktur

Vedlegg i saken:

26.08.2019 Politisk styringsstruktur og reglement - framlegg
til fellesnemnda 02.09.2019

26.08.2019

Matrise for avlønning oppdatert 26.08.2019

Prosjektgruppa sitt framlegg til vedtak:

Politisk styringsstruktur vert vedteke som det ligg føre til saka.

Saksopplysninger:

Prosjektgruppa legg no fram politisk styringsstruktur for fellesnemnda.

Dokumentet er oppdatert etter ny kommunelov.

**Reglement
for Alver kommunestyre,
formannskap, råd og utval,
delegering til rådmann,
samt etiske retningsliner**

Vedteken av kommunestyret dd.mm.åå

1 Innhald

INNLEIING	5
REGLEMENT FOR ALVER KOMMUNESTYRE.....	5
Samansetjing og ansvarsområde.....	5
Møteprinsippet.....	5
Fastsetjing av møte, innkalling og sakspapir, jf. kommunelova §§ 11-2 og 11-3.....	5
Tidspunkt for kommunestyremøta	5
Møteplikt – forfall – varamedlem	6
Opne eller lukka møte	6
Ugildskap	6
Teieplikt	6
Innsynsrett, jf. kommunelova § 11-13	6
Møteleiing	7
Gjennomføring av møte	7
Ordskifte	7
Framlegg	8
Røysting	8
Røystemåtar	9
Spørsmål og interpellasjonar	9
Spørjetime:	10
Orden i salen.....	10
Deltaking for andre enn dei valde medlemmane.....	10
Sendenemnd - mottaksnemnd	10
Sekretariat	11
Møtebok	11
Legalitetskontroll.....	11
Eigenkontroll	11
REGLEMENT FORALVERFORMANNSKAP.....	12
Val og samansetjing.....	12
Arbeids- og ansvarsområde.....	12
Sakshandsamingsreglar	13
REGLEMENTFORUTVAL FOR OPPVEKST, KUNNSKAP OG KULTUR	13
Val og samansetjing.....	13
Arbeids- og ansvarsområde.....	13
REGLEMENT FOR UTVAL FOR HELSE OG OMSORG	14
Val og samansetjing.....	14
Arbeids- og ansvarsområde.....	14
REGLEMENTFORUTVAL FOR AREAL, PLAN OG MILJØ.....	14
Val og samansetjing.....	14

Arbeids- og ansvarsområde.....	15
REGLEMENTFORUTVAL FOR NÆRINGSUTVIKLING OG DRIFT	15
Val og samansetjing.....	15
Arbeids- og ansvarsområde.....	15
REGLEMENTFOR KONTROLLUTVAL	16
Val og samansetjing.....	16
Arbeids- og ansvarsområde.....	16
REGLEMENTFOR DEN SÆRSKILDE KLAGENEMNDA.....	16
Val og samansetjing.....	16
Arbeids- og ansvarsområde.....	17
REGLEMENTFOR VALNEMNDA.....	17
Val og samansetjing.....	17
Arbeids- og ansvarsområde.....	17
REGLEMENTFOR ADMINISTRASJONSUTVAL	17
Val og samansetjing.....	17
Arbeids- og ansvarsområde.....	18
REGLEMENTFORRÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	18
Val og samansetjing.....	18
Arbeids- og ansvarsområde.....	18
REGLEMENTFOR ELDRERÅDET	18
Val og samansetjing.....	18
Arbeids- og ansvarsområde.....	19
REGLEMENTFORUNGDOMSRÅDET	19
Val og samansetjing.....	19
Arbeids- og ansvarsområde.....	19
ETISKE RETNINGSLINER FOR ALVER KOMMUNE	20
Formål:.....	20
Verdigrunnlag:.....	20
Samfunnsansvar:	20
Interessekonflikter:.....	20
Informasjon og omdømme:.....	20
Personlege fordelar:	21
Forretningsetikk:	21
Varsling av kritikkverdige forhold:.....	21
Generelt:.....	21
REGLEMENT FOR DELEGERING TIL RÅDMANN	21
Grunnprinsipp for delegering frå kommunestyret til rådmann:	21
Oversyn over typar av mynde som er delegert rådmannen frå kommunestyret	22

Delegering av avgjerd etter særlover:.....	22
Oppdatert delegering frå kommunestyret til rådmann	22
Delegering på administrativt nivå:	22
ARBEIDSVILKÅR OG GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE.....	23
Ordførar:.....	23
Varaordførar	23
Medlem i kommunestyre-, formannskap- og utval:.....	23
Varamedlemmer:.....	24
Gruppeleiarane:.....	24
Fast godtgjersle for utvalsleiarane:	24
Andre nemnder og råd:	24
Fråvær:.....	24
Tapt arbeidsforteneste:.....	25
Omsorgsutgifter (tilsyn med barn, sjuke og eldre):.....	25
Skyss-, kost og diettgodtgjersle:	25
Lønsfastsetjing for rådmann.....	25
ENDRING AV REGLEMENTET	25

INNLEIING

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 (kommunelova) gjer mynde og ramar for det politiske arbeidet i Alver kommune. Dette reglementet gjentar nokon av reglane i kommunelova og gjer presiserande, utdjupande og supplerande regler innanfor ramane i lova. Heimel for kommunestyret til å fastsetje reglement med nærare reglar for sakshandsaminga i dei folkevalte organa er kommunelova § 11-12.

REGLEMENT FOR ALVER KOMMUNESTYRE

Samansetjing og ansvarsområde

Alver kommunestyre har 47 representantar, jf. forskrift om samanslåing av Lindås, Meland og Radøy kommunar til Alver kommune 22.02.2018. Kommunestyret kan vedta endring av medlemstalet med verknad for neste valperiode, jf. kommunelova § 5-5, 4. ledd.

Kommunestyret er kommunen sitt øvste styringsorgan og gjer vedtak på vegner av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegering. jf. kommunelova § 5-3.

Kommunestyret har ansvar for den samla kommunale verksemda og skal blant anna sjå til at denne er godt organisert og at kommunale tenester og forvaltningsoppgåver vert løyste til beste for innbyggjarane i kommunen.

Møteprinsippet

Kommunestyret og dei andre folkevalte organ skal sakshandsame og treffe vedtak i lovleg innkalla møter, jf. kommunelova § 11-2. Deltakarane skal vere normalt vera fysisk til stade. Folkevalde organ kan unntaksvis sjølv gjera vedtak om å halde fjernmøte jf. kommunelova § 11-7.

Fastsetjing av møte, innkalling og sakspapir, jf. kommunelova §§ 11-2 og 11-3

Til vanleg held kommunestyret møte etter oppsett møteplan. Det skal også kallast inn til møte når kommunestyret sjølv, ordførar eller om minst 1/3 av representantane krev det, jf. kommunelova § 11-2.

Ordførar set opp sakliste og kallar kommunestyret saman til møte, jf. kommunelova § 11-3. Innkallinga skal sendast representantane med ei frist på minst 7 dagar, medrekna sjølve møtedagen. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, sakliste, og saksdokument.

Kommunestyremøta skal kunnigjerast på heimesida til kommunen. Møteplan skal kunnigjerast i avis kvart halvår. Sakliste og dei dokument som ikkje er unnateke frå offentleggjering skal liggja til ettersyn på kommunen si heimeside så lenge som råd før møtet.

Dokument som høyrer til sak i kommunestyret, og som er unnateke frå offentleggjering, er tilgjengeleg i politikarportalen.

Tidspunkt for kommunestyremøta

Kommunestyret sine møte skal normalt starta kl. 12:00. Møteslutt er avhengig av saksmengde og sakstype.

Møteplikt – forfall – varamedlem

Den som er vald som kommunestyremedlem har plikt til å delta i møte, om han eller ho ikkje har lovleg forfall jf. kommunelova § 40-1. Lovleg forfall ligg føre dersom sjukdom eller andre hindringar gjer det umogleg eller urimeleg byrdefylt å møte. Dersom medlem eller varamedlem har lovleg forfall, skal elektronisk meldingsskjema *Forfall til politiske møte* fyllast ut.

Melding om forfall skal sendast så snart ein har kunnskap om at ein vil vere lovleg forhindra frå å møte. Sekretariatet vil, på vegne av ordføraren kalla inn varamedlem

Lovleg forfall under møtet må straks meldast til møteleiar. Varamedlem skal trå inn, dersom slik er tilstade. Når representant vert bytt ut med vararepresentant, eller omvendt, skal den som har teke sete vera med i møtet til saka er ferdig handsama.

Opne eller lukka møte

Møta i kommunestyret skal til vanleg vera opne for presse og publikum
I einskild saker kan kommunestyret gjera vedtak om stengde dører etter kommunelova § 11-5

Tilhøyrarar, representantar for media og andre som ikkje skal delta i saka, må gå frå salen straks eit møte vert lukka.

Om ei sak vert handsama for stengde dører, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov.

Kommunestyremøta vert normalt streama.

Møteleiar skal gje løyve til eksterne at opne saker i kommunestyremøtet vert tatt opp på lydband, video e.l. eller at møtet vert kringkasta over radio/fjernsyn/internett dersom aktiviteten ikkje verkar forstyrrende på gjennomføringa av møtet, jf. Kommunelova § 11-6.

Ugildskap

Den som er ugild i ei sak, jf. kommunelova § 11-10, skal ikkje vere med å drøfte eller avgjere saka. Når ein medlem veit at han eller ho er ugild, eller det kan reisast tvil om habiliteten, skal meldingsskjemaet *Forfall til politiske møte ved ugildskap* fyllast ut. Sekretariatet vil sende kopi av meldinga til ordførar og kalle inn varamedlem ved behov.

Teieplikt

Folkevalde har teieplikt om opplysningar som kommer fram i sakar som er handsama i lukka møter og som er underlagt teieplikt etter lov.

Innsynsrett, jf. kommunelova § 11-13

Kommunestyret har rett til innsyn i kommunale saksdokumentar. Andre folkevalte organ har rett til innsyn i saksdokument som ligg innanfor organets verkeområde. Innsyn i saksdokument med teiepliktige opplysningar kan berre skje dersom det er naudsynt for handsaminga av ei konkret

sak og forvaltningslova § 13 b første ledd heimlar dette.

Innsynsretten gjeld frå det tidspunkt dokumenta er sendt for handsaming i det folkevalte organet. For saker ned administrativ avgjer gjeld innsynsretten frå saken er ferdig handsama.

Møteleiing

Møta vert leia av ordførar. Ved forfall er varaordførar møteleiar. Har begge forfall, vel kommunestyret ein annan representant til å leie møtet jf. kommunelova § 11-2.

Dersom varaordførar har forfall vel kommunestyret ein representant som skal fungera som varaordførar i møtet.

Om møteleiar vil ta del i ordskiftet, skal han eller ho gi frå seg møteleiinga til varaordførar eller annan møteleiar vald av kommunestyret.

Gjennomføring av møte

Møteleiar innleier kommunestyremøtet med namneopprop.

Eventuelle innvendingar i samband med forfall, frammøte, innkalling eller sakliste, skal drøftast og avklarast ved starten av møtet.

Kommunestyret skal handsame sakene på saklista i den rekkjefølgje dei er sett opp. I særskilte høve kan det gjerast vedtak om endring av rekkefølgja.

Kommunestyret kan med alminneleg fleirtal vedta å utsetje realitetsbehandlinga av ei sak på den utsendte saklista. Det kan også gjere vedtak i ei sak som ikkje står på saklista, om ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande representantar set seg imot dette, jf. kommunelova § 11-3.

Kommunestyremøtet kan berre gjere vedtak dersom minst halvparten av representantane har vore til stades under forhandlingane og røysta i den aktuelle saka, jf. kommunelova § 11-9.

Ordsifte

Representantane skal halde innlegga sine frå talarstolen. Innlegga skal rettast til møteleiar, ikkje til møtelyden, og innlegga vert opna med tiltaleforma "Ordførar". Møteleiaren skal sjå til at representantane held seg nøye til den saka ordskiftet gjeld.

Ved starten av møtet eller før eit ordskifte, eller etter at ordskiftet har teke til, kan kommunestyret med vanleg fleirtal vedta kor lang taletid kvart innlegg maksimalt skal vera, etter kva saka gjeld. Maksimum taletid vil vera tilpassa saka si karakter og viktigheit. Med vanleg fleirtal kan det gjerast unntak for ordførar og ei gruppe i møtelyden. Det same gjeld for rådmannen og i særleg høve for tilsette som på vegner av rådmannen greier ut saker. Retningsgjevande taletid i kvar sak vil vera 3 minutt per tilstadeverande medlem i kvar partigruppe i tyngre saker, 1 minutt i mindre saker.

Partigruppene bestemmer sjølv korleis dei skal disponera denne tida.

Møteleiaren les opp den sakstittelen som er nytta i innkallinga. Deretter refererer han/ho det framlegget som har fleirtal i innstillande organ.

Er det kome inn saksopplysningar eller dokument etter at innstillinga vart lagt fram, skal møteleiaren opplyse om dette.

Møteleiaren spør så om nokon vil ha ordet til saka, og representantane får ordet i den rekkefølga dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer møteleiaren rekkefølga.

Etter kvart innlegg er det høve til replikkar på inntil eitt minutt. Den eller dei som ber om replikk, får ordet før møteleiaren held fram på den ordinære talarlista. Replikkar skal vere direkte retta til føregåande innlegg. Etter replikkrunden får den som hadde innlegget, høve til ein sluttreplik på inntil eitt minutt.

Møteleiaren kan under debatten med få ord gi konkrete klargjerande saksopplysningar eller rette opplagde mistydingar. Vil møteleiaren vere med i ordskiftet, må han/ho melde seg på talarlista på vanleg måte.

Finn møteleiaren at ei sak er ferdigdrøfta, gjer han/ho framlegg om at det vert sett sluttstrek for ordskiftet og at saka skal takast opp til avrøysting. Dei som står att på talarlista, skal få høve til å avslutte. Dersom det vert lagt fram nye forslag til vedtak i saka, skal møteleiar gi høve til ordskifte om dei nye forslaga.

Det må frå talarstolen ikkje seiast noko som krenkjer andre representantar, møtelyden eller andre. Møteleiaren skal påtale brot på ordensreglane. Møteleiaren kan stogge ein talar som bryt reglane for god møteskikk etter dette reglementet, eller ved avrøysting la møtelyden avgjere om han/ho skal stengjast ute frå deler av eller resten av møtet.

Framlegg

Det er berre valde representantar som kan kome med framlegg i møtet. Framlegg til vedtak skal leverast møteleiar, dei skal vere skriftege og innehalde møtedato, saksnr., forslagsstiller og underskrift. Formuleringane i teksten må vere eintydige, slik at det i etterkant ikkje oppstår grunnlag for mistydingar. Nye framlegg skal visast fram, på skjerm, i møtet.

Framlegg kan setjast fram munnleg dersom det gjeld namn i val – eller tilsetjingssaker, utsetjingsframlegg, sak om oversending/attendesending eller at eit framlegg skal vrakast. Dersom det vert fremja utsetjingsframlegg skal det setjast under eigen debatt og røystast over før ein eventuelt går vidare med handsaminga. Innlegg som gjeld saka sin realitet, skal avbrytast av møteleiar i denne fase.

Rådmannen, eller den som møter på vegner av rådmannen har talerett, men ikkje formell forslagsrett. Eit eventuelt framlegg frå rådmannen må difor fremjast av ein representant som har slik forslagsrett.

Røysting

Når ordskiftet er ferdig, tar møteleiar saka opp til røysting. Fram til røystinga er avslutta, skal det ikkje vere meir ordskifte om saka. Det er heller ikkje i dette tidsrommet høve til å ta opp andre saker.

Berre kommunestyrerepresentantar og møtande vararepresentantar, som er i salen når saka vert tatt opp til røysting, har røyserett. Alle har plikt til å røyste, men ved val og i tilsetjingsaker er det høve til å røyste blankt.

Er ei sak oppdelt, eller det skal røystast over meir enn eitt framlegg, fremjar møteleiar forslag om rekkefølge for røystingane. Vert det ordskifte om dette, avgjer kommunestyret rekkefølga ved vanleg fleirtal.

Ved behandling av årsbudsjett og økonomiplan, skal det ved endeleg avrøysting voterast over

framlegget i sin heilskap jf. kommunelova § 11-9.

Vedtak fattast som fleirtalsvedtak så fram ikkje anna følgjer av lov. Ved likt røystetal i andre saker enn val, er møteleiar si røyst avgjerande, jf. kommunelova § 11-9.

Røystemåtar

Kommunestyret kan røyste på ein av desse måtane

a. Stilleteiande godkjenning, når ingen seier mot eit framlegg som møteleiaren set fram med spørsmål om nokon seier i mot.

b. Møteleiaren ber dei som er mot eit framlegg om å reisa seg eller rette opp handa. Når møteleiaren ønskjer det, eller ein av møtelyden krev det, skal det haldast motprøve, slik at dei som er for framlegget syner røysteteikn.

Før endeleg avrøysting i ei sak, kan det haldast prøverøystingar som ikkje er bindande. Resultatet av prøverøystingar treng ikkje protokollerast.

Spørsmål og interpellasjonar

Utanom dei sakene som står i innkallinga til kommunestyremøtet, kan medlemmer og varamedlemmer som er tilstade, retta spørsmål til ordføraren, jf. kommunelova § 11-2, 4. ledd. Dersom eit spørsmål er sett fram kort tid før møtet, kan ordføraren nøya seg med eit kortfatta munnleg svar og supplera dette med eit meir fyldig svar i neste møte. Ordføraren kan og la rådmannen eller ein som opptrer på vegne av rådmannen, svara. Ved handsaming av spørsmål kan den som spør og den som svarar ha eit innlegg kvar. Dei kan dessutan ha ordet ein gong kvar til konkrete merknader. Ingen andre kan ha ordet.

Spørsmål av prinsipiell art, der det vert føresett meir omfattande svar og eventuelt debatt, vert å behandla som interpellasjon. Interpellasjonar skal meldast skriftleg til ordførar minst 10 dagar før møtestart. Interpellasjonen vert sendt ut i innkallinga til møtet. Under behandlinga av interpellasjonen kan interpellanten, ordføraren og den som svarar på interpellasjonen, om dette er ein annan enn ordføraren, få ordet 2 gonger. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong.

Spørsmål og interpellasjonar skal normalt handsamast i den rekkefølge dei kjem inn. Det kan nyttast inntil 30 min. i alt til spørsmål og interpellasjonar i kvart kommunestyremøte, og desse skal handsamast til slutt i møtet.

Spørsmål og interpellasjonar kan, om nødvendig, utsettjast til neste møte. Det vert då meld frå om dette i kommunestyret.

Det skal vera tydeleg skilje på om det er spørsmål eller interpellasjon som vert handsama. Ordførar avklarar dette når han/ho svarer i møtet.

Ordførar kan, i særskilde høve, setja opp orienteringar/temadrøftingar i starten av møtet. Orienteringar skal, som hovudregel, vera i det utval det naturleg høyrer heime. Det kan nyttast inntil 1 time totalt til temadrøftingar/orienteringar før eller etter møte.

Under føresetnad av at eit fleirtal i kommunestyret er samd i det, skal framlegg som er fremja under spørsmål eller interpellasjonar, normalt sendast over til det politiske organ som har ansvaret for saksområdet. Dersom ei slik oversending vert vedteken, skal saka verta handsama på eit av dei 3 første møta i dette organet.

Spørjetime:

Kommunestyret har spørjetime som hovudregel to gonger kvart halvår. Tidspunkta vert kunngjort saman med møta. Spørjetimen skal vera før møtet i kommunestyret startar. Alle som ikkje er folkevalde kan stille spørsmål. Spørjetimen varer normalt inntil ein halv time. Ordførar avgjer om det i ein skilde tilfelle skal avsetjast meir tid til spørjetimen.

Spørsmål må vere innmelde og avklara med ordførar seinast 24 timar før møtet. Dei som ynskjer utfyllande svar må melda spørsmåla til ordføraren seinast 48 timar før møtet. Spørsmålstillar får høve til eit oppfølgingsspørsmål.

Det kan ikkje stillast spørsmål om saker som står på saklista til kommunestyremøtet. Spørsmål kan ikkje realitetshandsamast i møtet.

Orden i salen

Ingen i salen har lov til å lage bråk eller uro som uttrykk for misnøye eller semje. Dersom nokon bryt desse ordensreglane, skal møteleiar påpeike dette. Dersom vedkommande ikkje rettar seg etter slik påtale, kan møteleiar vise ut vedkommande frå salen.

Plakatar, teikningar, tabellar eller andre visuelle uttrykk o.l. må ikkje setjast opp i salen utan at møteleiar eller kommunestyret har gitt løyve til det. Det skal ikkje leggjast ut materiell til representantane utan etter godkjenning frå ordførar.

Deltaking for andre enn dei valde medlemmane

Rådmannen har møte- og talerett i kommunestyret, anten personleg eller ved ein av sine underordna.

Kommunerevisor kan delta på møta i kommunestyret med dei rettar og plikter som er fastlagde i lov eller forskrifter.

Ordførar eller kommunestyret kan kalle inn særleg sakkunnige til møta. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å ta del i forhandlingane.

Andre kan ta del i møtet når særskild lovregel gjev rett til det, og då med dei rettar og plikter lova fastset. Kommunestyret avgjer elles om andre enn dei som er nemnde ovanfor, kan ta del i møtet på same måten.

Sendenemnd - mottaksnemnd

Utsendingar frå organisasjonar, grupper som ønskjer å møte kommunestyremøtet for å gi fråsegn i ei sak, skal vende seg til ordføraren med spørsmål om dette, seinast dagen før møtet.

Kommunestyret avgjer om utsendingane skal verte mottekne. Gjev dei samtykke, skal ei mottaksnemnd møte gruppa utanfor kommunestyresalen. Dersom det er mogleg, skal alle partigruppene vere representerte i denne mottaksnemnda. Ordførar eller varaordførar skal leie nemnda, dersom ein av desse er med, elles vel nemna sjølv ein leiar.

Når utsendingane har gjort greie for ønskemåla sine, eventuelt levert fråsegn i skriftleg form, skal leiariar for mottaksnemnda gje kommunestyret melding om det utsendingane har tatt opp. Gjeld det ei sak på saklista, skal leiaren gje melding til utsendingane om når saka kjem opp til handsaming. Elles skal meldinga frå utsendingane gjevast til kommunestyret etter dei ordinære sakene. Då gjeld reglane om framlegg i samband med spørsmål og interpellasjonar.

Sekretariat

Rådmannen syter for sekretariatshjelp til kommunestyret. Sekretær under møtet har talerett for det som gjeld protokollføringa. Sekretariatet syter for kunngjering av møte, oppsetjing av sakliste, innkallingar, registrerer melding om forfall, kallar inn vararepresentantar og har ellesansvar for den praktiske avviklinga av kommunestyret sine møte. I desse funksjonane er sekretariatet underlagt ordføraren.

Møtebok

Det skal førast møtebok over kommunestyre sine møte, jf. kommunelova § 11-4. Møteleiar har ansvaret for tilfredsstillande føring av møteboka.

Møteboka skal innehalde:

Møtestad og møtetid.

Innkalling og innkallingsmåte.

Eventuelle merknader til innkalling og sakliste.

Fråverande representantar.

Møtande vararepresentantar.

Namn på representantar og vararepresentantar som kom eller gjekk under møtet, og med opplysningar om når i møtet det skjedde.

Kven som møtte frå administrasjonen.

Sakene skal nummererast fortløpande per år.

Tittel på saka skal gje opplysning om kva saka gjeld.

Utvalsbehandling/saksgang.

Dokumentliste, eventuelt saksutgreiing og vurdering, framlagde innstillingar og framlegg i møtet, kva vedtak som er gjort, kva avrøystingar som er halde og korleis representantane i dei ulike partia har røysta.

Eventuelle protokolltilførslar.

Kva førespurnader og interpellasjonar som var oppe.

Legalitetskontroll

Tre eller fleire kommunestyrerepresentantar kan saman krevje at departementet kontrollerer om eit vedtak er lovleg, jf. kommunelova § 27-1.

Eigenkontroll

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere verksemda i kommunen., jf. kommunelova § 22-1. Kommunestyret kan krevje at ein kvar sak skal leggast fram til orientering eller avgjerd.

Kommunestyret kan omgjere vedtak fatta av andre folkevalte organ eller administrasjonen dersom desse

sjølv kan omgjere saka.

Kontrollutvalet førar løpande kontroll på kommunestyrets vegne., jf. kommunelova § 23-1.

REGLEMENT FOR ALVER FORMANNSKAP

Formannskapet har normalt møta frå kl. 09:00

Val og samansetjing

Alver formannskap skal ha 13 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av og frå kommunestyret.

Formannskapet vert vald først. Deretter vert ordførar og varaordførar valde mellom formannskapet sine medlemmer. Vala skal skje i kommunestyret sitt konstituerande møte og i samsvar med kommunelova § 5-6.

Arbeids- og ansvarsområde

Formannskapet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinjer som gjeld for kommunestyret,

Formannskapet skal koma med innstilling til kommunestyret innanfor fylgjande saksområde:

- Uttale seg om økonomi i saker som vert handsma i andre utval før handsaming i kommunestyret
- Økonomiutval

- heilskapsplanlegging
 - o planstrategi
 - o kommuneplan samfunnsdel
 - o kommunen som grunneigar
- årsbudsjett, økonomiplan, årsrekneskap og årsberetning, jf. kommunelova §14-3
- politiske leiings- og samordningsoppgåver.
- kjøp og sal av kommunale tomter og eigedommar
- samfunnstryggleik og beredskap
- kjøp, sal og strategisk utvikling av kommunale tomter og eigedomar.
- andre saker som ordføraren legg fram for formannskapet eller som kommunestyret sender til formannskapet
- eigarskap
- generalforsamling i heileigde kommunale aksjeselskap
- styringsgruppe for større investeringsprosjekter

Formannskapet gjer vedtak innanfor fylgjande saksområde:

Formannskapet har mynde til å gjera vedtak i saker, hastesaker, som ordinært skulle ha vore avgjort av kommunestyret, i dei høve det er påkravd å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid å kalla inn kommunestyret, jf. kommunelova § 11-8

Formannskapet er:

Valstyre etter vallova § 4
Styringsgruppe for ulike prosjekt

Formannskapet har avgjerdsrett i løyvingssaker inntil kr 200 000

Sakshandsamingsreglar

Formannskapet innstiller direkte til kommunestyret i alle saker som skal handsamast av kommunestyret og som høyrer til formannskapet sine ansvarsområde.

Formannskapet kan innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde delegere til rådmannen, så sant ikkje lover og føresegner er til hinder for dette.

REGLEMENT FOR UTVAL FOR OPPVEKST, KUNNSKAP OG KULTUR

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av kommunestyret. Medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, medan varamedlemmene kan vera vararepresentant til kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet har normalt møta frå kl. 12:00.

Utvalet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Utvalet skal koma med innstilling til kommunestyret innanfor fylgjande saksområde:

- skular – SFO – barnehagar
- PPT
- barne- og ungdomsarbeid
- vaksenopplæring
- kulturskule
- bibliotek
- helsestasjon
- allment kulturarbeid
- kultur- og bygningsvern
- barnevern

Utvalet gjer vedtak innanfor fylgjande saksområde:

Søknad om tilskot til kulturføremål innanfor vedteke budsjett

Retningsliner for skyss i grunnskulen

Retningsliner for endring av skulestad.

Utvalet er styringsgruppe for fag- og kommunedelplanar innafør ansvarsområdet

Utvalet har normalt møta frå kl. 12:00.

REGLEMENT FOR UTVAL FOR HELSE OG OMSORG

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 7 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av kommunestyret. Medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, medan varamedlemmene kan vera vararepresentant til kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Utvalet skal koma med innstilling til kommunestyret innanfor fylgjande saksområde:

- Alkoholsaker
- Kommunale helseoppgåver
- Pleie- og omsorg
- Sosiale tenester
- Rusmiddelvern
- Tiltak for funksjonshemma
- Handlingsplan for ansvarsområdet
- Oppfølging av standard- og serviceerklæringar
- Fag- og kommunedelplanar for ansvarsområdet
- Resultatvurderingar på brukarsida
- bustadsosiale tiltak

Utvalet gjer vedtak innanfor fylgjande saksområde:

Alkohol-/skjenkesaker, som er klart innanfor retningslinene i 'Rus og kriminalførebyggjande tiltaksplan'

Utvalet er styringsgruppe for fag- og kommunedelplanar innafor ansvarsområdet

REGLEMENT FOR UTVAL FOR AREAL, PLAN OG MILJØ

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av kommunestyret.

Medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, medan varamedlemmene kan vera vararepresentant til kommunestyret.
Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Utvalet skal koma med innstilling til kommunestyret innanfor fylgjande saksområde:

Arealplan
Byggjesaker
Kart / oppmåling
Landbruk / skogbruk
Fiske / jakt / vilt
Natur / miljø
Forvaltning veg, vann og avløp
Trafikksikring

Utvalet gjer vedtak innanfor fylgjande saksområde, med unntak av saker som etter lova skal handsamast av kommunestyret eller saker av særleg strategisk karakter:

Saker etter konsesjonslova
Saker etter plan- og bygningslova
Saker etter jord- og skoglova
Saker etter viltlov og innlandsfiskelov

Utvalet er styringsgruppe for fag- og kommunedelplanar innfor ansvarsområdet

Utvalet har normalt møta frå kl. 09:00.

REGLEMENT FOR UTVAL FOR NÆRINGSUTVIKLING OG DRIFT

Utvalet har normalt møta frå kl. 12:00.

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 7 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av kommunestyret.
Medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, medan varamedlemmene kan vera vararepresentant til kommunestyret.
Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Utvalet skal koma med innstilling til kommunestyret innanfor fylgjande saksområde:

Utarbeide strategisk næringsplan
Næringsutvikling/næringskontakt
Reiseliv
Næringsstomter, saker som ikkje ligg til formannskapet eller utval for areal-, plan og miljø
Overordna rapportering knytt til mindre byggeprosjekt
Drift og vedlikehald av kommunal eigedom og anlegg
Landbruk som næring
Følgje opp strategiar og tiltak i næringsplan-styringsgruppe i utviklingsprosjekt

Utvalet gjer vedtak innanfor fylgjande saksområde:

Tildeling av midlar frå næringsfond

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVAL

Utvalet har normalt møta frå kl. 12:00.

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 7 medlemmer med varamedlemmer, av desse skal 2 veljast frå kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Då det er klare avgrensingar for kven som kan veljast til kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-1, skal dette utvalet veljast tidleg i valprosessen, dvs. etter formannskapet, men før dei andre faste utvala.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Kontrollutvalet førar løpande kontroll med den kommunale verksemda på kommunestyret sine vegne, jf. kommunelova § 23-1.

Kontrollutvalet sitt ansvar, oppgåver, og ramar følgjer av kommuneloven kap. 23.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret.

REGLEMENT FOR DEN SÆRSKILDE KLAGENEMNDA

Nemnda har normalt møta frå kl. 12:00.

Val og samansetjing

Klagenemnda skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer, av desse skal 2 veljast frå kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.
Nemnda skal ha fagleg tyngde og politisk representativitet.
Møta skal vera lukka, og medlemmane har teieplikt.

Arbeids- og ansvarsområde

Klagenemnda har, på kommunestyret sine vegner, mandat til å avgjera klagesaker vedrørande einskildvedtak som ikkje er gjort etter særlov, eller der det er fastsett i særlov at kommunestyret er klageinstans.

Klagenemnda skal vurdere:

Sakshandsaminga; dvs. om denne er i tråd med regelverket kring sakshandsaminga; jf. forvaltningslova og eventuelle særlover

Lovgrunnlaget; dvs. om vedtak er gjort i samsvar med aktuelle lover og forskrifter, og elles i tråd med kommunalt delegasjonsreglement, kommunale retningslinjer m.v.

Skjønnsutøvinga; dvs. om forvaltningsorganet si skjønsvurdering er rimeleg i den konkrete saka i høve dei aktuelle lover, forskrifter og kommunale retningslinjer.

Klagenemnda skal elles sjå til at likehandsamingsprinsippet er fylgt i den kommunale forvaltninga.

REGLEMENT FOR VALNEMNDA

Val og samansetjing

Valnemnda, vald av kommunestyret, skal ha 1 medlem med personleg varamedlem frå kvart av dei ulike partia som er representert i kommunestyret.
Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Innstille til kommunestyret når personar skal veljast til å representere Alver kommunestyre.
Supplering av varalister ved endringar av utvalssamansetjing.
Innstille til val av medlemmer til kommunaleigde selskap

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVAL

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 7 medlemmer med varamedlemmer, 4 av desse skal representera arbeidsgjevar og veljast av kommunestyret frå formannskapet sine medlemmer, med personleg varamedlem.
Ordførar skal vera med i utvalet, 3. representantar for dei tilsette skal etter forholdstalsprinsippet utpeikast av arbeidstakarorganisasjonane, med personlege vararepresentantar.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Administrasjonsutvalet er lovpålagt jf. kommunelova § 5-11

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt utval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet har hovudansvaret for å ta initiativ innan dette arbeidsområde.

Utvalet handsamar og legg fram framlegg om overordna retningslinjer for kommunen sin personalpolitikk.

Utvalet har uttalerett i alle saker som fell inn under det saklege arbeidsområdet til utvalet, og som skal avgjerast av kommunestyret.

REGLEMENT FOR RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møta skal normalt starte kl. 12:00

Val og samansetjing

Rådet skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, av desse skal 2 veljast frå kommunestyret og 7 etter framlegg frå interesseorganisasjonane. Rådet vert vald av kommunestyret. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, jf. kommunelova § 5-12

Arbeids- og ansvarsområde

Rådet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinjer som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Rådet skal kome med fråsegn innanfor fylgjande saksområde:

- saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, dei kan og ta opp saker på eige initiativ (jf. høyring forskrift).
- rådet skal ha fokus på saker på eit overordna nivå, m.a. budsjett og kommuneplanar. (jf. høyring forskrift).
- saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne sine levekår.

Rådet skal kvart år leggja fram årsmelding til kommunestyret.

REGLEMENT FOR ELDRERÅDET

Møta skal normalt starte kl. 12:00

Val og samansetjing

Rådet skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, av desse skal 2 veljast frå kommunestyret og 7

etter framlegg frå pensjonistlaga. Rådet vert vald av kommunestyret. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, jf. kommunelova § 5-12

Arbeids- og ansvarsområde

Rådet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Rådet skal koma med fråsegn til kommunestyret innanfor fylgjande saksområde:

Eldrerådet kan koma med fråsegn i saker som gjeld eldre, dei kan og ta opp saker på eige initiativ (jf. høyring forskrift).

Rådet skal ha fokus på saker på eit overordna nivå, m.a. budsjett og kommuneplanar. (jf. høyring forskrift).

Saker som gjeld eldre sine levekår.

Rådet skal kvart år leggja fram årsmelding til kommunestyret.

REGLEMENT FOR UNGDOMSRÅDET

Val og samansetjing

Rådet skal ha 15 medlemmer med varamedlemmer. Rådet vert vald av kommunestyret. Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar jf. kommunelova § 5-12.

Radøy ungdomsskule	1 medlem + 1 varamedlem
Meland ungdomsskule	1 medlem + 1 varamedlem
Rossland ungdomsskule	1 medlem + 1 varamedlem
Danielsen ungdomsskule	1 medlem+ 1 varamedlem
Knarvik ungdomsskule	1 medlem + 1 varamedlem
Lindås ungdomsskule	1 medlem+ 1 varamedlem
Ostereidet ungdomsskule	1 medlem + 1 varamedlem
Nordhordland kristne grunnskule	1 medlem + 1 varamedlem
Vidaregåande skule nivå	3 medlemmer + 3 varamedlemmer
Andre lag og organisasjonar for ungdom	4 medlemmer + 4 varamedlemmer

Medlem og vara frå ungdomsskulane vert valde etter framlegg frå elevråda.

Kommunen (sekretariatet for rådet) informerar elevar frå vidaregåande skular, lag og organisasjonar om å melda inn aktuelle kandidatar. Sekretariatet for rådet gjer kandidatlista kjend (i forkant av møtet) og medlem og vara vert vald i allmøte/valdag .

Ungdomsrådet kan opprette arbeidsgrupper som arbeider med saker i tillegg til ungdomsrådet.

Medlemmane skal vera busett i Alver kommune.

Medlemmane er valde for 1 år.

Arbeids- og ansvarsområde

Rådet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningsliner som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Utvalet skal koma med fråsegn innanfor fylgjande saksområde:

- Ungdomsrådet kan koma med fråsegn i saker som gjeld ungdom, dei kan og ta opp saker på eige initiativ (jf. høyring forskrift).
- Rådet skal ha fokus på saker på eit overordna nivå, m.a. budsjett og kommuneplanar. (jf. høyring forskrift).
- Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.
- Ungdomsrådet rapporterer til utval for oppvekst, kunnskap og kultur korleis midlane vert nytta.

Rådet skal kvart år leggja fram årsmelding til kommunestyret.

ETISKE RETNINGSLINER FOR ALVER KOMMUNE

Formål:

Alver kommune ynskjer å vere ein organisasjon med ein god etisk praksis. Dei etiske retningslinene skal rettleie folkevalde og tilsette i å handle etisk forsvarleg i sitt arbeid for kommunen.

Alle plikter å overhalde lover, føresegner og retningsliner som gjeld kommunal verksemd, og til å opptre lojalt til fatta vedtak.

Verdigrunnlag:

Vert å koma tilbake til

Samfunnsansvar:

Kommunen sine ressursar skal forvaltas økonomisk og rasjonelt på ein berekraftig måte til beste for alle innbyggjarar.

Interessekonflikter:

Tilsette og folkevalde skal unngå situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og eigne interesser.

I situasjonar der interessekonflikter kan oppstå, er det den enkelte sitt ansvar å informere sin næraste leiar for å avklare situasjonen.

Informasjon og omdøme:

All informasjon som blir gitt, skal vere korrekt og påliteleg. Det vert forventa at alle opptrer sakleg, tillitsvekkande og innanfor gjeldande regelverk.

Fortrulege opplysningar som blir mottatt i samband med arbeidet må respekterast, og aldri gis vidare, unntatt når dette følgjer av lov eller reglement. Alle tilsette signerer erklæring om teieplikt og databruksavtale ved oppstart av arbeidsforholdet.

Retningsliner for bruk av sosiale media i kommunen sin regi skal etterlevast.

Personlege fordelar:

Tilsette og folkevalde kan ikkje ta i mot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre personlege fordelar som kan påverke teneste utøvinga. Frå denne regelen kan gjerast unntak for mindre gåver av symbolsk verdi, til dømes blomar.

Moderate former for gjestfridom og representasjon som høyrer med i samarbeidsforhold kan akseptrast etter avtale med næraste leiar.

Privat bruk av kommunen sine eigendelar eller verdiar kan bare skje etter avtale med næraste leiar.

Forretningsetikk:

Kommunen sin forretningsmessige praksis skal bidra til at fastsette mål i kommunen blir nådd. All slik praksis skal skje innanfor ramma av gjeldande lover og føresegner.

Som forvaltar av innbyggjarane sine felles ressursar, er det viktig å ha tillit hos innbyggjarar , brukarar, kundar og leverandørar. Tilsette som deltek i forretningsmessige verksemd pliktar difor å sette seg grundig inn i, og etterleve «Lov og forskrift om offentlige anskaffingar», og kommunen sitt eige regelverk på område.

Alle innkjøp skal vere føreseielege, transparente, etterprøvbare, og prega av lik handsaming og god forretningsskikk.

Tilsette kan ikkje gjere bruk av kommunen sine innkjøpsavtalar eller rabattordningar. Det skal ikkje gjerast privat bestilling frå leverandørar dei tilsette har kontakt med som representant for kommunen, slik at det kan oppstå tvil om samanblanding av offentlege og private midlar.

Varsling av kritikkverdige forhold:

Alver kommune ynskjer at kritikkverdige forhold vert avdekka, og at dei blir følgd opp. Det vert her vist til eigne prosedyrar for varsling i HMS-systemet, samt reglane i arbeidsmiljølova.

Generelt:

Ein god etisk praksis heng saman med at det vert lagt til rette for open kommunikasjon og refleksjon omkring etiske problemstillingar og dilemma i heile organisasjonen. Det skal difor leggjast til rette for at det er jamleg fokus på etikk i medarbeidar- og leiarfora på alle nivå. Folkevalde og tilsette har og eit personleg oppfølgingsansvar. Tilsette tek opp tvilstilfeller med næraste leiar. Folkevalde kan ta opp etiske problemstillingar i samband med dei konkrete politiske sakene, eller i direkte kontakt med ordførar / utvalsleiar.

REGLEMENT FOR DELEGERING TIL RÅDMANN

Grunnprinsipp for delegering frå kommunestyret til rådmann:

Delegering frå kommunestyret til rådmannen (kommunelova sin nemning er kommunedirektør) er forankra i kommunelova kap. 13.

Rådmannens mynde og oppgåver er definert i kommunelova § 13-1:

Kommunedirektøren skal lede den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen, med de unntak som følger av lov, og innenfor de instruksjer, retningslinjer eller pålegg kommunestyret eller fylkestinget gir.

Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.

Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold. Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for iverksettingen av vedtaket, skal han eller hun gjøre det folkevalgte organet oppmerksom på dette på en egnet måte.

Kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer, med unntak av kontrollutvalget. Kommunedirektøren kan la en av sine underordnede utøve denne retten på sine vegne.

Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.

Kommunedirektøren har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed og andre tjenstlige reaksjoner, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov.

Presisering av kva saker som er av prinsipiell betydning er formulert i OT.PRP. nr.42 (1991 – 92), OT.PRP. nr.42 (1991 – 92):

"Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes, ikkje bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser, og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men og ut fra en vurdering i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis."

Oversyn over typar av mynde som er delegert rådmannen frå kommunestyret

Generell delegering: Mynde til å ta avgjerder innanfor drift av kommunen når dette ligg innanfor rammer som kommunestyret har vedteke (budsjett, plan, retningslinjer)

Tilpasse organisasjonen i tråd med overordna mål som kommunestyret har gitt, forsvarleg tenesteyting og god ressursbruk

Mynde og avgjerdsrett til økonomiforvaltning og økonomistyring innanfor gjeldande økonomireglement og rammer som er vedtekte i kommunestyret.

Mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker eller grupper av saker som ikkje er av prinsipielt verdi.

Delegering av avgjerd etter særlover:

Rådmannen har mynde til å ta avgjerder, eller delegere slik mynde, i saker av ikkje-prinsipiell karakter.

Oppdatert delegering frå kommunestyret til rådmann

Alver kommune tar i bruk Kommuneforlaget sitt verkty for delegering, KF Delegering. Endringar med omsyn til delegering i lov og forskrift vert her kontinuerleg oppdatert.

Endringar av prinsipiell karakter skal gå som sak til kommunestyret via det politiske utvalet som har det aktuelle saksområde.

Delegering på administrativt nivå:

Rådmannen har fullmakt til å delegere mynde vidare ned i organisasjonen. Dette skjer gjennom eit eige administrativt delegasjonsreglement som omfattar økonomi, personalressursar og retningsliner for fagleg delegering. Den konkrete faglege delegeringa skjer gjennom KF Delegering, og rådmannen har ein fast fullmakt til å endre delegering i KF Delegering på administrativt nivå.

ARBEIDSVILKÅR OG GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

Reglane gjeld for kommunalt valde/oppnemnde representantar.

Der utval tek i vare mandat til fleire utval, og er personidentisk med desse vert det berre utbetalt godtgjersle for eit utval.

Kvartalsvis utbetaling av møtegodtgjersle.

Faste godtgjersler vert utbetalt månadsvis

Ordfører:

Ordfører sin godtgjersle er fastsett til 110 % av Stortingsrepresentanten sin godtgjersle.

Ordføreren er frikjøpt 100%. Godtgjersla vert justert årleg i samband med stortingsrepresentantane sin godtgjersle, gjeldande frå 1.mai.

Ordfører har rett til 5 ukar feriefråvær utan trekk i den faste godtgjersla.

Andre føresetnadar:

Fri mobiltelefon (telefon og bruk) og PC/nettbrett.

Køyregodtgjersle etter statens regulativ

Ordføreren er dekkja av dei til ein kvar tid gjeldande reglar for tilsette i Alver kommune i høve til sjukepengar, forsikrings og pensjonsordningar

Ordfører har krav på ettergodtgjersle ved utløp av valperioden i inntil 3 mnd. Ettergodtgjersle opphøyrer når vedkomande trer inn i ny eller eksisterande stilling.

Ordfører skal ikkje ha anna særskilt møtegodtgjersle i kommunale organ.

Varaordfører

Varaordfører sin godtgjersle er fastsett til 50 % av ordfører sin godtgjersle. Varaordfører er frikjøpt 50 %. Godtgjersla vert justert årleg i samband med stortingsrepresentantane sin godtgjersle, gjeldande frå 1.mai.

Godtgjersla skal og dekke perioden ordfører har ferie.

Ved samanhengande teneste over **2** veke på full tid som ordfører, er godtgjeringa lik ordføreren sin.

Andre føresetnadar:

Fri mobiltelefon (telefon og bruk) PC/nettbrett.

Forsikringar og pensjonsordningar for varaordfører skal vera det same som for ordfører.

Varaordfører skal ikkje ha særskilt møtegodtgjersle utanom den faste godtgjersla.

Medlem i kommunestyre-, formannskap- og utval:

Fast godtgjersle medlemmar formannskap/utval	2,2 % av ordførargodtgjersla pr. år.
Medlem kommunestyre, formannskap, utval	0,15 % av ordførargodtgjersla pr. møte.

I tillegg til den ordinære faste godtgjersla og møtegodtgjersle for kvart møte skal faste medlemmar velja om ein vil ha kommunal PC eller kr. 1 000,- pr. år (for bruk av privat PC)

Varamedlemmer:

Kommunestyre, formannskap og utval	0,15 % av ordførargodtgjersla pr. møte.
------------------------------------	---

Gruppeleiarane:

0,55 % av ordførargodtgjersla pr. år + 0,27% pr. medlem partiet har i kommunestyret

Fast godtgjersle for utvalseleiarane:

Leiar for utval for oppvekst, kunnskap og kultur	8,2 % av ordførargodtgjersla pr. år.
Leiar for utval for helse og omsorg	8,2 % av ordførargodtgjersla pr. år.
Leiar for utval for areal, plan og miljø	11 % av ordførargodtgjersla pr. år.
Leiar for utval for næringsutvikling og drift	8,2 % av ordførargodtgjersla pr. år.
Leiar for kontrollutval	6 % av ordførargodtgjersla pr. år.

Denne godtgjersla skal dekkja alt arbeid knytt til utvalet. Godtgjersla dekker og evt.tapt arbeidsforteneste. Utvalseleiar får ikkje møtegodtgjersle for utvalsmøta, utanom den faste godtgjersla.

Andre nemnder og råd:

Leiar	0,22 % av ordførargodtgjersla pr. møte.
Medlem/varamedlem	0,08 % av ordførargodtgjersla pr. møte.
Valstyret	0,11 % av ordførargodtgjersla pr. møte.
Leiar ungdomsråd	0,04 % av ordførargodtgjersla pr. møte.
Medlem/varamedlem ungdomsråd	0,03 % av ordførargodtgjersla pr. møte.
Annen representasjon	0,11% av ordførargodtgjersla pr. møte.

Fråvær:

Fråvær frå møter i utval med fast godtgjering ut over ¼ av dei faste møta, vil utgjera tilsvarende reduksjon i årsgodtgjersla. Dette gjeld for kommunestyret, formannskap og utval.

Avkorting etter 25 % -regelen vert gjort sjølv om det er gyldig fråvær grunna offentlege verv utanfor Alver kommune.

Tapt arbeidsforteneste:

Erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av utgifter:

Legitimert tap vert erstatta med inntil kr. 5 000,- pr dag. Tapet skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevje brutto utgifter til løn frå kommunen med inntil kr. 5 000,-pr dag.

Sjølvstendig næringsdrivande får erstatning ut frå regel om legitimert tap maks. kr. 5 000,- pr. dag. Tapet skal vera dokumentert med oppgåve frå firma.

Ulegitimert tap vert erstatta med inntil kr. 1 000,- pr. dag. Det er ei føresetnad at møtet er halde på eit tidspunkt der medlemmer må ta fri frå sitt daglege arbeid for å delta. Det er og ei føresetnad at det vert oppgjeve kva tapet referer til. Tapet skal stadfestast ved underskrift frå den som set det fram.

Innteksttap, i punkta over, dekker inntil 7. 5 time pr. dag.

Forhold vedrørande ivaretaking av politisk verv for arbeidstakarar med særskilt arbeidstid

Alver kommune dekker legitimerte krav på tapt arbeidsforteneste for personar som etter turnus har nattevakt forut for møter i utval og formannskap. Det er ei føresetnas at møta tek til før kl. 11:30.

Alver kommune dekker legitimerte krav på tapt arbeidsforteneste for personar som etter turnus har vakt natta etter eit kommunestyremøte.

Omsorgsutgifter (tilsyn med barn, sjuke og eldre):

Vert dekkast med inntil kr. 750,- pr. møte for legitimerte utgifter.

Skyss-, kost og diettgodtgjersle:

Reiseutgifter vert dekkast etter statens regulativ.

Lønsfastsetjing for rådmann

Lønn til rådmannen skal forhandlast av eit forhandlingsutval der ordførar og to andre representantar, utpeikt av og frå formannskapet, er med. Forhandlingsresultatet går som informasjon til formannskapet, og står som informasjon i årsmeldinga for Alver kommune.

ENDRING AV REGLEMENTET

Reglementet blir endra av kommunestyret ved alminneleg fleirtal

Endringsforslag til reglementet må leggjast fram som ordinær sak på saklista til kommunestyret.

Politisk styringsstruktur og reglement skal evaluerast i slutten av kvar kommunestyreperiode, og rullerast i starten av kvar kommunestyreperiode.

Delegasjon frå kommunestyret til rådmannen skal være eit dynamisk dokument og skal ajourførast i høve til endringar i gjeldande lover og forskrifter. Endringar som gjeld delegasjonen frå kommunestyret til rådmannen skal følgje saksgangen som over.

Endring av økonomireglement og finansreglement er også omfatta av reglane i dette punkt.

Verv	Sats av stort.r	Stilling	Fast årlig honora	Sats per mø	Per møte	Tapt arb	Telefon	Pc. Materi
Storingsrepresentant	956 463,00							
Ordfører	110 %	100 %	1 052 109,30			Nei	Tjenestelefo	Tjenestem
Varaordfører	50 %	50 %	526 054,65			Nei	Tjenestelefo	Tjenestem
Gruppeledere	0,55 %		5 786,60				1 500,00	
Medlemmer Formannskap	2,2 %		23 146,40	0,15 %	1 578,16	Ja	1 500,00	
Varamedlemmer, per møte			-	0,17 %	1 788,59	Ja		
Leder, areal	11 %		115 732,02			Nei	Tjenestelefo	
Leder, andre utvalg	8,2 %		86 272,96			Nei		
Leder, kontroll	6 %		57 866,01			Nei		
Utvalgsmedlemmer	2 %		23 146,40	0,15 %	1 578,16	Ja	1 500,00	
Varamedlemmer, per møte			-	0,15 %	1 578,16	Ja		
Medlemmer kommunestyret			-	0,15 %	1 578,16	Ja		Kom.PC/1
Varamedlemmer, per møte			-	0,17 %	1 788,59	Ja		
Andre nemnder og råd, leder			-	0,22 %	2 314,64	Nei	1 500,00	
Ungdomsråd - leiar				0,03 %	286,94			
Ungdomsråd				0,04 %	382,59			
Medlemmer			-	0,08 %	841,69	Nei		
Varamedlemmer			-	0,07 %	736,48	Nei		
Valgstyret			-	0,11 %	1 157,32	Ja		
Annen repr.medlem/vara			-	0,10 %	1 052,11	Ja		

Arkiv:
JournalpostID: 19/279
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 26.08.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
039/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Planstrategi for Alver kommune

Vedlegg i saken:

26.08.2019 Planstrategi for Alver kommune
26.08.2019 Utfordringsnotat

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

- Fellesnemnda oversender vedlagte utfordringsnotat og planstrategi 2020 - 2024 til kommunestyret i Alver for endelig handsaming

Bakrunn

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert. Ved behandlingen av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast. I tillegg til å vurdere andre planbehov. I tråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet si (KMD) tilråding har dei tre kommunane som blir Alver kommune fra 1.1.2020 vedteke å samordna planbehovet med heimel i PBL. § 9-1, før ny kommune formelt trer i kraft.

Grunnlag for planstrategi i Alver

For å sikre best mulig grunnlag for planarbeid og planprioritering inn i Alver, blei prosjektet «Planarbeid mot Alver kommune» starta hausten 2018.

Mål: Utarbeide grunnlag for planarbeid i Alver kommune

Resultatmål

- Kartlegge korleis kommunane arbeider med samfunnsplanlegging i dag og korleis dette blir organisert i eksisterande kommunar. Kartlegge overordna planar i kommunane Lindås, Meland og Radøy
- Status på planarbeid i dei tre kommunane i 2020
 - Utarbeide ei analyse som skal vere grunnlag for planprioritering og planstrategi i Alver kommune

- Utarbeide forslag til planstrategi og legge grunnlag for planprogram for samfunnsdelen i Alver kommune (Vedtak i fellesnemnd august 2019)

Organisering av arbeidet

Det er etablert ei administrativ prosjektgruppa som har arbeida med utfordringsdokumentet og framlegg til planstrategi.

Mogelegheit og utfordringsdokumentet har vore presentert for fellesnemnda i møte 4.mars.2019 Det har vore administrative drøftingar av utfordringnotat og planbehov med leiargruppa i Alver.

Planstrategien sin funksjon og avgrensing

Når kommuane Radøy, Meland og Lindås vert Alver i 2020 må vi ha ein strategi for korleis vi skal arbeide planstyrt i den nye kommunen. Planstrategien skal vise kva planer som må på plass for å gje ein retning til samfunnsutviklinga, og kva planer som Alver må prioritere for å sikre forutsigbar forvaltning og tenesteyting.

Det kommunale plansystemet er sentralt for styring og prioritering i kommunal verksemd. Visjonar, mål og prinsipp som ligg i intensjonsavtalen er eit grunnlag for plansystemet og politikken inn i Alver kommune. Mange av planane i dagens kommunar vil også vere gjeldande inn i Alver kommune, men det er viktig å starte arbeidet med å bygge det nye felles plansystemet og få på plass grunnlaget for ein kommuneplan.

Vurdering:

Med denne saka vil fellesnemnda sende over eit framlegg til planstrategi for Alver kommune i perioden 2020 – 2023, og så vil det vere opp til Alver kommunestyre å vedta den endelige planstrategien med prioriterte planar. Når saka kjem opp i Alver er det viktig å gjennomføre ein god medverknadsprosess, mellom anna skal planstrategien ut på høyring i 30 dagar.

Framlegget til planstrategi for Alver kommune og vurdering av planbehovet er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Planstatus i dei tre kommunane med særleg fokus på planoppgaver som er vesentlige å ha på plass i ein tidlig fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogeligheit og utfordringsdokumentet .

Når det gjeld moglegheit og utfordringdokumentet er det nokre tema som vi vil gå grundigare inn i som ein del av førebuing til samfunnsdelen. Det er særleg innan feltet teknisk drift og forvaltning og kultur. Kommuneplanarbeidet må mellom anna omfatte det særmerkte landskapet i Alver frå hav til fjell, dei spesifikke klimautfordringane som for ein stor del følgjer av auka nedbørsmengder, forvaltning av særmerkte naturtypar, vilkåra for landbruksdrift, ferdsel og friluftsliv, forvaltning av kystkulturen og øykulturen.

I tillegg er det lagt vekt på følgjande områder som eit grunnlag for prioritering av planar:

1. Behovet for felles kommuneplan for Alver kommune.
2. Tydeleggjing av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
3. Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
4. Utvikling av framtidsetta tenester

1) Behov for felles kommuneplan for Alver

Det er fleire planer som må på plass i første fase av Alver kommune for å få til ein heilskapeleg samfunnsutvikling er det behov for tidleg å starte opp arbeidet med ny kommuneplan. Samfunnsdelen har ei viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medvirkning. Skal samfunnsdelen ha ein slik rolle for kommunestyre i Alver, bør samfunnsdelen utarbeidast uavhengig av arealdelen. Samfunnsdelen bør vedtakast så tidlig som mulig i perioden.

Dokumentet skal vere eit strategidokument som kan gje tydelig retning for politiske prioriteringar og utvikling i Alver.

Når kommunar slår seg sammen vil den enkelte kommune sine arealplaner gjelde som før samanslåinga. Gjeldande arealdeler vil i realiteten bli tre kommunedelplanar i den nye kommunen. Planen vil gjelde for det same arealet som før, den vil være rettslig bindende og styrearealdisponeringa på same måte som før samanslåinga. Men planane vil ikkje vere samordna. Innbyggjarane og næringsliv i Alver treng ein føreseieleg og felles forvaltningspolitikk. Målet er difor å få vedteke ein ny arealdel for den nye kommunen så raskt det er mulig. Prosess og framdrift er skissert i planstrategien.

2) Tydeleggjing av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)

Intensjonsavtalen for Alver kommune blei det vedteken ein senterstruktur for den nye kommunen. Knarvik er kommunesenteret i Alver kommune, men har også funksjon som regionsenter i regionen Nordhordland. I tillegg har Frekhaug, Manger, Ostereidet, Lindås, Vikebø og Bøvågen status som lokalsenter. Dette er av ulik karakter, storleik og tenestetilbod til innbyggjarane. Det bør gjennomførast ei overordna analyse på lokalsentra i Alver. Sentrale problemstillingar vil vere: Kva funksjon har sentra i dag og korleis kan vi sjå på dei i samanheng. Kva finst av tilgang på fritidstilbod og offentleg og privat tenesteyting? Korleis er demografien, kva omland høyrer til lokalsentra? Kva areal er sett av til bustad og næring? Dette vil gjere oss i stand til å peike på nokre moglegheiter og utfordringar i lokalsentra, for at dei skal vere eit godt tilbod til innbyggjarne og bidra til ei god heilskapeleg utvikling i Alver. Dette vil og danne grunnlag for vidare område og detaljplanlegging i lokalsentra i Alver.

3) Heilskapeleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik – Alversund.

Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug-Knarvik- Alversund, som har hatt sterk vekst dei siste tiåra. I dette område er det fleire nyleg vedteke planer og omfattande planer i prosess. Vi bør arbeide med å knyte saman planene i området. Slik kan vi og ta strategiske beslutningar med omsyn til grøn mobilitet, grønstruktur og næringsstruktur. Det bør utarbeidast ei mogleghetsstudie for aksen Frekhaug-Alversund- Knarvik.

4) Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidretta tenester

Det er kommuneplanen sin samfunnsdel som skal seie noko om korleis kommunen skal utvikle seg som samfunn og organisasjon. I intensjonsavtalen er det lagt særleg vekt på at Alver skal vere ein heilskapeleg samfunnsutviklar og ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune. Den nye kommunen skal møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet, og tenestetilbodet skal vere der brukarane bur. Alver kommune skal også prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjonen. I planstrategien er det derfor prioritert å gjennomføre planar som skal sikre at kommunen jobbar heilskapeleg med samfunns- og næringsutvikling, i tillegg til planar som definerer ambisjonane på dei store tenesteområda innan helse, sosial og omsorg og oppvekst. I tillegg er det prioritert å få på plass ein digitaliseringsstrategi som kan bidra til at kommunen når målsettingar innan IKT og digitalisering.



2020-2023



Planstrategi





1 Innleiing

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert. I tråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet si (KMD) tilråding har dei tre kommunane som blir Alver kommune frå 1.1.2020 vedteke å samordna planbehovet med heimel i PBL. § 9-1, før ny kommune formelt trer i kraft.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med planstrategi og planer, og vert lagt til grunn for statlege myndigheter si medverknad i planlegginga. Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Norge har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



2 Alver kommune

2.1 Mål og visjonar for Alver

Alver kommune skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling (Intensjonsavtalen).

2.1.1 Verdier, mål og prinsipp

Følgjande er lagt til grunn i intensjonsavtalen for Alver kommune.

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling



2.1.2 Prosjekt «Planarbeid mot Alver kommune»

For å sikre best mulig grunnlag for planarbeid og planprioritering inn i Alver, er prosjektet «Planarbeid mot Alver kommune» starta.

Mål: *Utarbeide grunnlag for planarbeid i Alver kommune*

Resultatmål

- *Kartlegge korleis kommunane arbeider med samfunnsplanlegging i dag og korleis dette blir organisert i eksisterande kommunar. Kartlegge overordna planar i kommunane Lindås, Meland og Radøy*
- *Status på planarbeid i dei tre kommunane i 2020*
- *Utarbeide ei analyse som skal vere grunnlag for planprioritering og planstrategi i Alver kommune*
- *Utarbeide forslag til planstrategi og legge grunnlag for planprogram for samfunnsdelen i Alver kommune (Vedtak i fellesnemnd august 2019)*

2.2 Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling

Kommunal planlegging er eit verktøy for å få ein berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentleg sektor. Kommunal planlegging er og eit verktøy for å styrkje samfunnsutviklarrolla i kommunane.

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftmål er verden sin felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Kommunar har ein sentral rolle i å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærmast innbyggjarane, lokale bedrifter og organisasjonar. Kommunane er ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levkåra og utviklingsmoglegheitene til folk. I Alver har berekraftmåla vore ein del av arbeidet med utfordringsnotatet og vil vere ein del av dei overordna planane som planstrategien tilrår.

2.3 Planstrategien sin funksjon og avgrensing

Når kommunane Radøy, Meland og Lindås vert Alver i 2020 må vi ha ein strategi for korleis vi skal arbeide planstyrt i den nye kommunen. Planstrategien skal vise kva planer som må på plass for å gje retning til samfunnsutviklinga, og kva planer som Alver må prioritere for å sikre god forvaltning og tenesteyting.

Det kommunale plansystemet er sentralt for styring og prioritering i kommunal verksemd. Visjonar, mål og prinsipp som ligg i intensjonsavtalen er eit grunnlag for plansystemet og politikken inn i Alver




kommune. Mange av planane i dagens kommunar vil også vere gjeldande inn i Alver kommune, men det er viktig å starte arbeidet med å bygge det nye felles plansystemet og få på plass grunnlaget for ein kommuneplan.

3 Plansystem og planarbeid i Alver


I Alver kommune skal planer vere eit godt styringsverktøy. Kva planer som blir prioritert vert vist i planstrategien. Planstrategien omtaler korleis plansystemet for Alver skal vere bygd opp med definisjonar av plantypar, omtale av rutinar, organisering og medverknadstrategi for planarbeid.

Det er eit potensiale for å utvikle betre system, struktur og ein konsistent bruk av ulike planomgrep for samfunnsplanlegginga på tema- og sektornivå. Vi har og sett dette behovet i organiseringa av arbeidet med overordna planer i Alver. Tenestemråde plan og analyse skal ha ansvar for å prosjektstyre og samordne fag og temaplanar.



3.1.1 Planlegging som del av kommunen sitt styringssystem

Figuren nedanfor gjev ei oversikt over planane som inngår i kommunane sitt plan- og styringssystem:



3.1.2 Definisjonar av plantypar

Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og som organisasjon. Samfunnsdelen gjev føringar for underordna planar i alle sektorar i kommunen.

Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel omfattar heile kommunen. Den er juridisk bindande og styrer den langsiktige arealutviklinga. Arealdelen skal sikre at arealbruken i kommunen bidreg til å bygge opp under mål og strategiar i samfunnsdelen.

Kommuneplanen sitt handlingsplan

Kommuneplanen sin handlingsdel er plan for gjennomføring av kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplaner og eventuelt andre planer. Handlingsdelen skal vise kva kommunen vil prioritere dei fire neste budsjettåra for å nå kommuneplanen sine mål.



Økonomiplan

Økonomiplanen skal omfatte heile kommunens virksomhet og gje realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Økonomiplanen skal omfatte minst ein 4-års periode, og vert revidert kvart år.

Årsbudsjett

Årsbudsjett er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruk av disse i budsjettåret. Årsbudsjettet skal konkretisere økonomiplanen og gjeld heile kommunen .

I Alver vil vi samla kommuneplanen sin handlingsdel, 4- årig økonomiplan og årsbudsjett i eit dokument. Kommuneloven forsterkar koplinga mellom kommuneplanen samfunnsdel og økonomiplan. Handlingsprogrammet vise korleis vi skal følgje opp kommuneplanen. I tillegg inneheld handlingsprogrammet eit plan- og utredningsprogram. Denne skal følgje opp planstrategien med endeleg prioritering av når planoppgåvene skal gjennomførast med tildeling av ressursar.

Kommunedelplanar

Kommunedelplaner (KDP) kan utarbeidast for bestemte områder (areal), tema eller virksomhetsområder. Dei skal følgje opp utvalte mål i kommuneplanen sin samfunnsdel eller konkretisere arealbruken for eit avgrensa geografisk område. KDP har same juridiske status som kommuneplanen og det er krav om å følgje plan- og bygningslova om planprogram og planprosess.

Reguleringsplan

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av eit arealkart med tilhøyrande føresegn som seier noko om bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering:

Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som brukast der det er krav om slik plan i kommuneplanen, eller kommunen finner at det er behov for å gje meir detaljerte områdevisse avklaringar av arealbruken. Områderegulering utarbeidast som regel av kommunen.

Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekter. Både kommunen og private kan utarbeida detaljregulering.

Verksemdplaner

Verksemdsplaner er eit arbeidsverktøy for verksemdsleiar og tilsette. Dei er ein del av kommunen sitt styringssystem og skal med handlingsprogrammet forankre kommuneplanen sine strategiar og mål.



3.2 Organisering av planarbeid

Planarbeid i Alver skal organiserast som prosjekt. Planarbeidet skal følgje ein bestillingsrutine som viser kva plantype, styringsprosess og ansvarsliner som skal gjelde for planarbeidet. Det vert utarbeida ein prosjektomtale der mandat, organisering og ressursbruk blir avklart. Det skal og avklarast korleis planane skal følgjast opp etter vedtak.

3.3 Medverknad

Samfunnsplaner betyr noko for innbyggjarane sine liv. Det skal vere rom for dialog og medverknad, og opne avgjerdsprossar, slik skaper vi gode lokalsamfunn.



Øyvind Blom, dagleg leiar i Blom Fiskeoppdrett, gir sine tilbakemeldingar under eit innspelsmøte om næringsutvikling i Alver kommune.

3.3.1 Strategi som skal leggast til grunn for kommunen sitt planarbeid:

- Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga
- I innbyggjarportalen skal for Alver skal alle planer gjerast tilgjengelig så snart dei er vedteke
- Det skal vere system for å følgje planer i prosess digitalt
- Det skal leggast tilrette for tidlig involvering i kommunen sine planprosesser
- Barn og unge sine stemmer skal ha eit særleg fokus
- Vi vil bruke Innovative og kreative medvirkningsmetoder i arbeidet med kommunen sine overordna styringsdokument og planarbeid
- Kommunen skal prøve ut ulike arenaer for samskaping i samarbeid med frivillige, organisasjonar og andre aktører



3.4 Planstatus i Radøy, Meland og Lindås



3.4.1 Andre planer

Det er gjennomført ei kartlegging av andre planar i dei tre kommunane, deler av dei er lagt til grunn for innspel til prioriteringar av planoppgaver for Alver.

4 Alver kommune sine utfordringsbilete

I nasjonale forventningar til lokal og regional planlegging peikar regjeringen på at vi står overfor fire store utfordringar:



Å skape eit berekraftig velferdssamfunn

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



*Å skape eit økologisk
berekraftig samfunn gjennom
blant anna ein offensiv
klimapolitikk og ei forsvarleg
ressursforvaltning*



*Å skape eit sosialt
berekraftig samfunn*



*Å skape eit trygt
samfunn for alle*

Både regionale og lokale myndigheter har sentrale oppgaver med å handtere utfordringane. Planlegging er eit av vårt viktigaste verktøy.




4.1 Utviklingstrekk i Alver

01.01.2020 vert Radøy, Lindås og Meland kommunar til Alver kommune. Som ein stor kommune, både geografisk og i folketal, står Alver kommune ovanfor nye utfordringar og moglegheiter. Det er utarbeida eit mogeligheit og utfordringsnotat som tek utgangspunkt i nasjonal og regional statistikk. Målet er å skape eit bilete av den nye kommunen, kva status er, har vore og kva utfordringar og moglegheiter ein ser framover. Ved bruk kunnskapsbasert data kan vi peike på nokre tema som vil vere med å danne grunnlag for prioritering av planoppgåver i Alver.

4.1.1 Befolkningsframskrivingar og framtidig demografi


Det er særleg flyttemønstra som vil påverke befolkningsutviklinga i Alver kommune dei neste 20 åra.

Flyttingar innanlands forventast i dei siste befolkningsframskrivingane å fortsette i same mønster som dei har dei siste 10 åra, med fortsett sentralisering, særleg blant unge vaksne. Dette får konsekvensar som begge vil påverke Alver kommune. Ved at unge vaksne flyttar til meir sentrale strøk vert også ein større del av barna født sentralt. Dei eldre vert derimot i større grad att i bygdene, og distrikta kan dermed forvente ei sterkare aldring enn landet elles.




ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



Befolkningsframskrivingar for Alver i ulike alternativ. Søypane visar hovudalternativet til SSB, mens dei stipla linjene viser hhv. låg- og høgalternativet. 2018 = 100

Kjelde: SSB og Hordaland Fylkeskommune



Prognose befolkningsendring 2018-2033, etter skulekrinsar

Kjelde: Norconsult

ALVER KOMMUNE

Vi byggjer Alver kommune



Som ein del av Bergensregionen kan ein forvente at dei sørlegaste delane av den nye kommunen vil oppleve stor tilflytting på grunn av sin nærleik til Bergen. Dette viser og befolkningsprognosane frå SSB og Hordaland fylkeskommune, som begge spår ei auke på rett i overkant av 20 % dei neste 22 åra. Dersom prognosane treff vil dette bety at dagens befolkning på 28 997 vil passere 30 000 i løpet av 2021, og nå 35 000 i løpet av 2039. Samanlikna med landet vil Alver ha ein sterk befolkningsvekst.

4.1.2 Folkehelse og levekår

Folkehelsearbeid er samfunnet si samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje helsa i befolkinga. Dette kan kommunane gjere mellom anna gjennom å styrke verdiar som gjev einskilde individ og grupper muligheit for ansvar, delaktigheit, solidaritet, meistring og kontroll over eige liv og situasjon.

Det er viktig at Alver i planlegginga motverkar og førebyggjer opphoping av levekårsutfordringar, og arbeider aktivt med tiltak for å styrkje tenester og setje i verk nærmiljøtiltak i levekårsutsette område. Gjennom planlegginga kan det leggjast gode rammer for ei betre folkehelse med meir aktivitet for alle grupper i befolkninga.

Sosial ulikheit i helse er systematiske helseforskjeller som følgjer inntekt, yrke og utdanning. Slike ulikskaper finn vi for dei fleste mål på helse, for begge kjønn og i dei fleste aldersgrupper.

Vi kan sjå på helse som endepunktet i ei årsakskjede. Grunnleggjande sosiale tilhøve som utdanning og økonomi vil saman med miljøtilhøve, levevanar og helsetenester påvirke helsa. Kommunen kan setje inn tiltak for å bedre helsa og utjevne helseforskjeller på alle ledd i årsakskjeden. Nøkkelen til reduserte helseulikskaper ligg i den samla innsatsen, og ikkje i nokon få enkelttiltak. Her har Alver verkemiddel.

Når Alver kommune lager planar eller godkjenn tiltak, bør ein reflektere over:

- Kan innsatsen eller tiltaket slå ulikt ut for ulike grupper?
- Sikra kommunen aktivt gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga?
- Er det økonomiske, sosiale eller fysiske barrierer som gjer at ikkje alle kan gjere nytte av tiltaket eller tenesta?
- Krev tiltaket, arealet eller tenesta spesielle kunnskap eller ressursar som er ulikt fordelt i befolkninga?

Desse vurderingane må byggje på statistikk og analysar, og kunnskap om lokale tilhøve. Som eksempel kan ein leggje til grunn at barn og unge som ikkje bur nær lokalsentra i Alver, i stor grad vil vere avhengig av å bli køyrt med bil for å kunne delta på ulike sosiale arenaer. Dei som ikkje bur nær eit grøntområde/tursti vil ikkje kome seg på tur utan at nokon kan køyre dei. Men ikkje alle har bil sjølv, eller noen som kan køyre dei. Vi veit og at ungdom i Alver ynskjer fleire tilbod på fritida si. Kva skal dei halde på med om dei ikkje er med i korps eller idrettslag? Slik lokalkunnskap, kunnskap om sosial ulikskap, og tydinga av mellom anna deltaking for folkehelsa, må leggjast til grunn for avgjerder i Alver kommune. Det må ein kunne sjå igjen både i planstrategien, kommuneplanen sin samfunnsdel, og i arealdelen med formål, føresegner og omsynssoner.



4.1.3 Busetjingsmønster

Med areal på om lag 680 kvadratkilometer er Alver kommune blant dei større kommunane i Vestland fylke. Frå Nordhordlandsbrua til dei ytste delane av Lindåshalvøya, Radøy eller Holsnøy er det mellom tre og fire mil. Dei viktigaste samferdsleårene i kommunen er Europaveg 39 over Flatøy og vidare langs sørsida av Lindåshalvøya, og fylkesveg 57 mellom Knarvik og Mongstad.


Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksa Frekhaug-Knarvik- Alversund, som har hatt sterk vekst dei siste tiåra. Kommunen kjenneteiknast likevel av eit spreidd busetjingsmønster.

Om lag 9 500 innbyggjarar, eller 33 prosent av innbyggjarane i Alver kommune, har Knarvik som sitt næraste senter. Av lokalsentera er det Frekhaug som har flest innbyggjarar i sitt omland. Dei 5 360 innbyggjarane som sokna til Frekhaug utgjorde 19 prosent av innbyggjartalet i Alver i 2018. Dei andre lokalsentera er meir jamne, med omland mellom 1 900 og 3 800 innbyggjarar.

Folketettleik kring sentera er òg med å støtte opp under handel- og tenestetilbod og påverkar kva type handel eller tenester det er marknad for.

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



4.1.4 Senterstruktur

Rolla til Knarvik som kommunesenter er å tilby tenester som har heile kommunen som nedslagsfelt. Med statusen som regionsenter følgjer òg tilrådingar frå regionale myndigheiter om at funksjonar som har Nordhordlandsregionen som nedslagsfelt bør plasserast i Knarvik. Det inneber også at handelstilbodet i regionsenteret kan dimensjonierast med omsyn til at innbyggjartalet i heile regionen. I tillegg har Knarvik funksjon som lokalsenter for dei 9 500 innbyggjarane som har det som næraste senter.





4.2 Berekraftig utvikling som premiss

Alver kommune ynskjer ei utvikling som imøtekjem vårt forbruk og investeringar, utan at det svekker innbyggjarane sine moglegheiter til i framtida å få dekkja sine sosiale, kulturelle, økonomiske og materielle behov. Det å vere ein kommune i vekst i ein attraktiv region vil, om det handterast på ein god måte, gje positive ringverknader. Ei utvikling med berekraft som eit prinsipp medfører at innsatsen må rettast mot fleire områder. Alversamfunnet legg til grunn at kjerna i berekraftig utvikling er å behandle økologisk, økonomisk og sosial berekraft i ein samanheng.



Sosial berekraft: Eit samfunn som gjer innbyggjarane lik tilgang til sysselsetting, kultur, eigna bustader, og gode bumiljø, utdanning, tryggleik og deltaking i lokalsamfunnet.

Økonomisk berekraft: Eit samfunn som skapar verdiar og utvikling i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferd- og tenestetilbod.

Miljømessig berekraft: Eit samfunn som tek overordna miljøsøyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å førebygga klimaendringar.

4.2.1 Sosial berekraft

Det er hovudsakleg tre trendar som påverkar den sosiale berekrafta i Alver kommune dei neste åra. Det eine er at talet eldre personar vil auke kraftig. Det andre er at ungdomskulla, som per. i dag er store i kommunen, blir endå større. Og det tredje er at innvandrarar, eller born av innvandrarar, utgjer ein større del av befolkninga. Alt dette gjev oss potensielle utfordringar knytt til inkludering og integrering.

Den generelle helsetilstanden blant eldre er betra dei siste åra. Det inneber at eldre i dag truleg har betre føresetnader for deltaking og aktivisering enn tidlegare generasjonar. Det er positivt for dei eldre sjølv, men like viktig er det at den ledige tida dei disponerer utgjer ein potensiell ressurs for

ALVER KOMMUNE

Vi byggjer Alver kommune



lokalsamfunnet. Det er òg vesentleg at vi ikkje vurderer alle over pensjonsalder som ei einsarta gruppe. Aldersspennet og variasjonen i helsetilstand internt i denne gruppa er stor.

Også ungdommar kan vere ei utsett gruppe med omsyn til psykisk helse eller kjensle av livsmeistring. Ungdataundersøkinga som Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2018 syner til dømes at 24 prosent av elevane som deltok i undersøkinga frå Alver kommune svarar at dei er “veldig eller ganske mykje plaga av einsemd”, mot 21 prosent i fylket under eitt . Omfanget er større blant jenter enn blant gutar, og aukar med alderen. Undersøkinga syner også ein samvariasjon imellom familieøkonomi og omfanget av born og ungdom som føler seg einsame.



Blant familiar med “god råd” er det berre 20 prosent av ungdommane som svarar at dei føler seg einsame, medan heile 50 prosent av borna frå familiar med “dårleg råd” svarar det same. Talet på born som bur i låginntektsfamiliar auka i Alver kommune. Samstundes må vi understreke at store ungdomskull fyrst og fremst er ein ressurs for samfunnsutviklinga. Ungdommar disponerer mykje fritid og mange har engasjement for å bidra til aktivitet i miljøet dei er ein del av.

Innvandrarar er ein stor ressurs for kommunen. Kulturelt mangfald i skule og barnehage, gjennom ulikheiter i kultur, språk og religiøs bakgrunn kan vere ei verdifull kjelde til kunnskap og forståing og kan bidra til anerkjenning av ulikheiter. I ei stadig meir globalisert verd vil språkkunnskapar og interkulturell forståing spele ei viktig rolle. Ein kommune som tek i bruk språklege og fleirkulturelle ressursane vil stå sterkare i møte med sosiale og økonomiske problem i framtida.



Vidare vil forsørgjarbyrden til den delen av befolkninga i yrkesaktiv alder berre auke dei neste 20 åra. Å sikre effektiv og god integrering av innvandrarak slik at dei kan delta på arbeidsmarknaden, vil vere med å sikre et godt og fullverdig tenestetilbod i kommunen.

4.2.2 Økonomisk berekraft

Kommunen si økonomiske berekraft heng tett saman med den demografiske utviklinga. Dei tre hovudtrendane nemnd i førre avsnitt; fleire eldre, fleire ungdommar og fleire innvandrarak er også dei mest betydingsfulle for økonomisk berekraft.

At talet eldre aukar- den såkalla eldrebølgja, inneber at ein vesentleg del av dei sysselsette i Alver vil gå av med pensjon i åra som kjem. Sjølve pensjonsutgiftene, som er mykje omtala i forbindelse med eldrebølgja, fell ikkje på dei kommunale budsjetta. Men å erstatte arbeidskrafta og kompetansen som forsvinn med pensjonistane kan bli krevjande, både for næringsliv og offentleg tenesteyting. Fleire eldre er friske lengre, og mange bur heime i høg alder og klarer seg sjølv, eller har litt hjelp. Likevel må kommunen planlegge for auka etterspurnad etter helse-, pleie- og omsorgstenester til dei eldste. Fleire alvorlege sjukdomar har auka førekomst hos dei eldste, og det er kjent at til dømes risiko for demens og kreft aukar med alderen, og mest hos dei eldste.

Det vil vere viktig at sysselsettingsgraden i kommunen er høg. Tiltak som bidreg til at unge fullfører vidaregåande skule og får ei utdanning som gjer at dei får seg arbeid, vil ha innverknad på tilhøvet mellom tal yrkesaktive og tal pensjonistar. Andre tiltak for reduksjon av arbeidsløyse vil og ha betydning. Lindås kommune er i dag ein pioner innan velferdsteknologi. Dette gjev moglegheiter og eit potensial for effektiv tenesteproduksjon, som ein også kan dra nytte av i Alver kommune.

Alver kommune er i den heldige situasjonen at ein ventar vekst i ungdomskulla. Det påverkar behovet for skuleplassar og utdanningspersonell i kommunen, og får såleis betydning for kommuneøkonomien. På noko lenger sikt vil dei store ungdomskulla bli ein viktig arbeidskraftressurs i kommunen. Det kan kompensere for noko av arbeidskrafttapet som vil skje ved at mange når pensjonsalder. Tiltak som kan rekruttere unge til yrker det er etterspurnad etter, vil ha innverknad på moglegheita til å oppretthalde og vidareutvikle dei kommunale tenestene.

4.2.3 Miljømessig berekraft

Den økologiske berekrafta til Alver kommune er påverka både av utviklinga i folketalet og av endringar i folkesamansetinga. I åra som kjem ventar vi at folketalet i Alver kommune kjem til å auke. Forbruket til dei nye innbyggjarane vil ha både lokale, regionale og globale konsekvensar. Dei viktigaste lokale konsekvensane er knytt til arealbruk. Å disponere areal til bustadar og næringsareal har betydning for jordvern, biologisk mangfald og kultur- og naturlandskap. Lokalisering og utnyttingsgrad påverkar kor mykje areal vi må ta i bruk. Vidare har val av bygningstypar og buformer påverknad på behovet for bygningsmaterialar og energibruken i bygningsmassen.

Arbeidsmarknaden i Alver er sterkt integrert med Bergen. Vi må derfor rekne med at den venta folketalesveksten i Alver vil gi fleire pendlarar. Transport er den viktigaste kjelda til klimagassutslepp i Noreg, men har også betydelege lokale miljøkonsekvensar. Kva transportform pendlarane vil nytte i framtida har difor stor betydning for luftkvaliteten, både i eigen kommune og i nabokommunane. Dette heng også saman med arealplanlegginga i kommunen. Utnyttingsgrad og lokalisering av



bustad- og næringsområde påverkar avstandane i kommunen, som igjen påverkar potensialet for å bruke kollektivtrafikk.

Samansetjinga av folkesetnaden, og endringa av denne, har betydning for økologisk berekraft ved forskjellige grupper innbyggjarar forbrukar ressursar i ulik grad. Til dømes kan ein aukande del pensjonistar bidra til å dempe veksten i talet pendlarar. Pensjonistar har også lågare kjøpekraft og dermed lågare forbruk enn kva sysselsette har. Liknande samanhengar kan òg tenkast for andre endringar i folkesetnaden, men det er vanskeleg å seie korleis dette vil påverke økologisk berekraft i Alver kommune.



4.2.4 Oppsummering frå moglegheit og utfordringsnotatet

Demografi

- Alver kommune har lenge hatt sterk folketalsvekst som følgje av tilflytting, innvandring og fødselsoverskot.
- Tilflyttinga av barnefamiljar har bidrege til ei ung befolkning.
- Folketalsveksten har vore sterkast i sentrale delar av kommunen, langs aksen Frekhaug, Knarvik, Alversund.
- Det er venta vekst i alle aldersgrupper i åra som kjem, men prosentvis er veksten venta å vere størst blant dei eldre.

Sosial ulikskap i helse

ALVER KOMMUNE

Vi byggjer Alver kommune



- Ungdommar som er nøgde med lokalmiljøet sitt er mindre i Alver enn i samanliknbare kommunar
- Tal på ungdommar som er mykje plaga av einsemd er større i Alver enn i samanliknbare kommunar.
- Born som bur i hushaldningar med vedvarande låg inntekt har vakse dei siste ti åra.
- Ein av fem ungdommer fullfører ikkje vidaregående skule

Busetjing- og flyttemønster

- Stadig større del av innbyggjarane i Alver kommune bur i tettbygde område, men andelen er lågare enn i samanliknbare kommunar.
- Dei fleste barnefamiliane i kommunen bur i dei sentrale delane av kommunen.
- Dei fleste over 70 år bur i dei sentrale delane av kommunen.
- Tilflyttinga til Alver har vore sterkast i områda Frekhaug, Knarvik og Alversund. Dei same områda har hatt sterk tilflytting frå andre delar av kommunen.
- Størsteparten av dei som flyttar internt i Alver kommune flyttar innanfor sitt eige nærområde

Næringsutvikling

- Næringsstrukturen i Alver er særmerka ved at andelen som jobbar innan industri er stor.
- For privat sektor har arbeidsplassutviklinga vore sterkast innan transport og lagring, samt eigedomsnæringa.
- Tapet av arbeidsplassar har vore størst innan handelsnæringa, overnatting og servering samt fleire industrinæringar
- Alver har betydeleg handelslekkasje til Bergen

Infrastruktur og samferdsel

- I områda med størst utbyggingspress er det eit relativt stort behov for oppgradering av vatn- og avlaupsanlegg, medrekna systematisk vedlikehald av m.a. vasskjelder.



Naturmiljø, landskap og klima

- Sidan 2005 har det blitt om lag 600 dekar mindre jordbruksareal i Alver kommune
- Mellom 2005 og 2018 blei det oppført om lag 1 100 nye bygningar i strandsona i Alver kommune. Dei fleste av desse var garasjar og uthus.
- Kommuneplanarbeidet må mellom anna omfatte det særmerkte landskapet i Alver frå hav til fjell, dei spesifikke klimautfordringane som for ein stor del følgjer av auka nedbørsmengder, forvaltning av særmerkte naturtypar, vilkåra for landbruksdrift, ferdsel og friluftsliv, forvaltning av kystkulturen og øykulturen.

Kommunal tenesteyting

- Helse og omsorg står for 31 prosent av utgiftene til Alver kommune
- Andelen brukarar av omsorgstenester i Alver ligg om lag på landsgjennomsnittet målt per 1000 innbyggjar.
- Per 2018 var det 3 661 grunnskuleelevar i Alver kommune, fordelt på dei 22 kommunale grunnskulane.
- Alle skulane i kommunen oppfyller normkrava til lærartettleik for 5.-7. trinn.
- Seks skular i kommunen oppfyller ikkje normkrava til lærartettleik for 1.-4. trinn.
- Barneskulane i Alver har låg måloppnåing i nasjonale prøvar, samanlikna med gjennomsnitt for fylket og Noreg under eitt
- Det er om lag like mange born per årsverk i barnehagane i Alver som i fylket og landet under eitt.



5 Vurdering av planbehov i Alver

Vurdering av planbehovet for Alver er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Planstatus i dei tre kommunane med særlig fokus på planoppgåver som er vesentlige å ha på plass i ein tidlig fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogelighet og utfordringsdokumentet

Prioritering

- 1) Behovet for felles kommuneplan for Alver kommune
- 2) Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
- 3) Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
- 4) Tydeleggjering av rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidretta tenester



5.1 Behov for felles kommuneplan for Alver

Mål for samfunnsutviklingen skal avklarast gjennom ny kommuneplan. Samfunnsdelen har ein viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medvirkning. Skal samfunnsdelen ha ein slik rolle for kommunestyre i Alver, bør den utarbeidas uavhengig av arealdelen og vedtakast så tidlig som mulig i perioden.

Når kommunar slår seg sammen vil den enkelte kommune sine arealplaner gjelde som før sammenslåinga. Gjeldande arealdeler vil i realiteten bli tre kommunedelplanar i den nye kommunen. Planen vil gjelde det samme arealet som før, den vil være rettslig bindende og styrearealdisponeringa på same måte som før sammenslåingen. Men planane vil ikkje vere samordna. Innbyggjarane og næringsliv i Alver treng ein føreseieleg og felles forvaltningspolitikk. Målet er difor å få vedteke ein ny arealdel for den nye kommunen så raskt det er mulig. Alver kommune er best tent med at kommunestyre i den nye kommunen ser areal i samanheng og utviklar ein arealpolitikk tilpassa dei utfordringane og mulighetene som den nye kommunen vil stå ovanfor.

I det arbeidet må vi gjere ei heilskapleg vurdering av viktige tema som demografisk utvikling, mobilitet, lokalisering av nærings- og buområder og utvikling av senterstruktur.

5.1.1 Kommuneplan for Alver vert utarbeida i planperioden i to fasar:

- Samfunnsdelen med overordna arealstrategi vedtak innan 2021
- Arealdelen i tråd med ny samfunnsdel, med vedtak innan vår 2024

Samfunnsdelen med arealstrategiar vil vere førande for arealplanarbeidet.

5.1.2 Andre områder med planleggingsbehov

Planstatusen viser at mange tema- og kommunedelplaner er vedtatt i dei tre kommunane, men plan oppgåver er også sett på vent for å kunne sjå dette i samanheng med ny kommune. Ny overordna politikk for samfunnsutviklinga vil bli nedfelt i ny kommuneplan. Nye strategiske planbehov utover det, er knytt til ulike samfunnsutfordringar der kommunen har behov for kunnskap eller utdjuing. Det er behov for planer på områder der det er nødvendig å få på plass ein felles politikk, forvaltning eller prioritering av tiltak, så tidlig som mulig.

6 Planstrategi for Alver 2020-2024

6.1.1 Samfunnsdel for Alver

Samfunnsdelen er kommunen sitt viktigaste strategiske verktøy for å samordne samfunnsmåla for Alver.

6.1.2 Prosess for arbeid med samfunnsdel for Alver kommune

Hausten 2019 går vi i gang med planlegging av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver kommune. Arbeidet med samfunnsdelen blir unik i den forstand at vi skal etablere ein heilt ny kommune. Tre kommunar skal knytast saman til ein. Arbeidet med ny kommuneplan vil vere eit viktig verktøy for å lykkes i denne transformasjonsprosessen.



Å byggje den nye kommunen skal bety noko for utviklinga av stadsidentitet og tilhørsele, og for framtida sitt miljø og samfunn. Det må utarbeidast ein felles kommuneplan som legg føringar for korleis ønska vekst og utvikling skal skje. Det er viktig at Alver er kjent med sine framtidige utfordringar og at kommuneplanen synleggjer kva ulike behov og omsyn som skal bli vekta mot kvarandre. Det er utarbeida eit utfordringsnotat som skal danne grunnlag for å velje ut kva hovudtema vi skal fokusere på i planen.

FN's berekraftsmål skal leggjast til grunn for Alvers nye kommuneplan. Berekraftsmåla vil vere ein del av kommunen sitt overordna styringsmål, og det må etablerast eit system som sikrar at berekraftsmåla blir følgt opp og at resultat blir oppnådd.

Det vil vere eit godt plangrep å få på plass arealstrategi i samfunnsdelen til kommuneplanen. Dette kan gjere arealplanane betre tilpassa behova og utfordringane til samfunnet. Arealstrategien kan medverke til heilskapleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal arealpolitikk. Arealstrategien gjev langsiktig retning til areal- og ressursforvaltninga til kommunen.

6.1.3 Organisering

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vil bli organisert som eit prosjekt med ei administrativ prosjektgruppe og med tilhøyrande tverrfaglege arbeidsgrupper for å sikre god fagleg diskusjon av alle tema. Det er vanleg at formannskapet er politisk styringsgruppe for prosessen. Det blir lagt opp til tett samarbeid mellom prosjektgruppa og politisk styringsgruppe.

6.1.4 Medverknadsstrategi for samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel er viktig for alle som bur og driv næring i Alver kommune. Før vi startar med sjølv planen, ønskjer vi å høyre kva ulike grupper i kommunen meiner om framtida si. Målet er å sikre brei og god medverknad på alle tema samfunnsdelen skal omhandle. I løpet av prosessen vil vi legge opp til god tid til medverknad og hente inn innspel frå tre hovudgrupper; innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, administrasjonen og politiske råd og utval. Det vil det bli laga konkrete medverknadsopplegg til desse hovudgruppene. Målet er å motivere flest mogleg til å kome med innspel. Strategien er å seinke terskelen, ved å ta i bruk blant anna etablerte møteplassar, digitale verktøy og sosiale medier.

6.1.4.1 Form

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere eit kortfatta, spissa og tydelig dokument. Planen skal vere eit konsistent planverktøy som sikrar god styring gjennom handlingsplan/ økonomiplan og andre plandokument i perioden. Arealstrategiane skal gje overordna føringar for kommunen si fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv og leggjast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

6.1.4.2 Framdriftsplan

Fase	Aktivitet	Hautst 2019	Vår 2020	Hautst 2020	Vår 2021
Fase 1: Plan-	Administrativ planlegging	x			

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune




program					
	Politisk involvering		x		
	Planprogram på høyring og offentlig ettersyn		x		
	Vurdering av innspel		x		
	Vedtatt planprogram		x		
Fase 2: Samfunns- delen	Medverknadsperiode		x		
	Samfunnsdelen				
	Frist for innspel i medverknadsperioden			x	
	Utarbeiding av rapporter				
	Politisk involvering			x	
	Arbeidsmøte med kommunestyret			x	
	Utarbeiding av høyringsutkastet			x	
	Politisk handsaming			x	
	Høyring og offentlig ettersyn				x
	Vurdering av merknadar og innspel				x
	Tilråding i formannskapet				x
	Vedtatt i kommunestyret				x

6.1.5 Samfunnsanalyse/mulighetstudie i aksene Frekhaug – Knarvik- Alversund

Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksene Frekhaug – Knarvik - Alversund



Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug-Knarvik- Alversund, som har hatt sterk vekst dei siste tiåra. I dette området er det fleire nyleg vedtekte planer og omfattande planer i prosess. Her er det tilrettelagt for bustader, næring og infrastruktur. Samfunnsanalysen vil ha mål å vurdere potensiale i eit overordna perspektiv, med fokus på dagens situasjon og vurdering av planane i området. Slik kan vi og ta strategiske val med omsyn til korleis vi skal utvikle gode bustadmiljø, grønn mobilitet, grønnstruktur og næring. Det bør utarbeidast ei samfunnsanalyse/ mogleighetsstudie for aksen Frekhaug-Alversund- Knarvik.



Kart som syner planer i prosess i utviklingsaksen Knarvik- Alversund – Frekhaug

6.1.6 Samfunnsanalyse og mulighetstudie for lokal- og nærsenter i Alver

Tydeleggjing av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter) I Intensjonsavtalen for Alver kommune er det vedteke ein senterstruktur for den nye kommunen. Knarvik er kommunesenteret i Alver kommune, men har også funksjon som regionsenter i regionen Nordhordland. I tillegg har Frekhaug, Manger, Ostereidet, Lindås, Vikebø og Bøvågen status som lokal og nærsenter. Desse har ulik karakter, storleik og tenestetilbod til innbyggjarane. Det bør gjennomførast ei overordna analyse på lokal og nærsentra i Alver. Sentrale problemstillinger vil vere: Kva funksjon har sentra i dag og korleis kan vi sjå på dei i samheng. Kva finst av tilgang på fritidstilbod og offentleg og privat tenesteyting? Korleis er demografien, kva omland høyrer til lokalsentra? Kva areal er sett av til bustad og næring? Dette vil gjere oss i stand til å peike på nokre moglegheiter og utfordringar i lokalsentra, for at dei skal vere eit godt tilbod til innbyggjarane og bidra til ei god heilskapleg utvikling i Alver. Ei samfunnsanalyse og mulighetstudie kan og danne grunnlag for vidare område og detaljplanlegging i lokalsentra i Alver, til dømes som områdeplanar for Austmarka- Alversund, Bø-sentrum, Manger sentrum og Lindås senter.

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



Prioriterte planer i perioden 2020-2024

Planer	Om planen	Oppstart	Avslutt	Ansvar
Samfunnsdelen med overordna arealstrategi		Vår 2020	2021	Plan og analyse
Arealplan		Vår 2021	2023	Plan og analyse
<i>Kommunedelplan</i>				
Kommunedelplan for oppvekst		Vår 2020		Oppvekst prosestyrt frå plan og analyse
Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg		Vår 2020		Helse prosestyrt frå plan og analyse
<i>Temaplaner</i>				
Temaplan for idrett, friluftsliv og folkehelse	Det er utarbeida eit strategi og styringsdokument for idrett og friluftsliv. Det dekker behovet i ein overgangs-periode. Det bør utarbeidast ein temaplan for idrett, friluftsliv og folkehelse. Dette er nødvendig både for å få spelemidlar til anlegg, og for å sjå heilskapleg på behov for anlegg og tiltak i ny kommune.	Vår 2020		Kultur i samarbeid med plan og analyse
Kulturminneplan	Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap i tråd med nasjonale mål. Lindås og Meland har avventa å utarbeide kulturminneplan til vi er Alver kommune	Grunnlagsarbeid haust 2020 Kulturminneplan blir eine del av arbeidet med arealplan		
Kulturplan	Kulturplan vil vere ein del vere ein del av arbeidet med samfunnsdelen.			
Plan for beredskap og		Haust 2020		Samfunnsutvikling

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



<i>samfunnstryggleik</i>				
<i>Hovudplan for vatn og avlaup</i>		Vår 2020		Teknisk drift og forvaltning
<i>Overordna vedlikehaldsplan for kommunale vegar</i>		Haust 2020		Teknisk drift og forvaltning
<i>Overordna vedlikehaldsplan for kommunal bygningsmasse</i>		Vår 2020		Teknisk drift og forvaltning
<i>Landbruks- og akvakulturplan</i>	Intensjonsavtalen seier at Alver kommune skal utarbeida ein landbruks- og akvakulturplan. Vil vere eit sentralt tema i samfunnsdelen			
<i>Klima- og miljøplan</i>	Intensjonsavtalen seier at den nye kommunen vil utarbeida ein klima- og miljøplan. I arbeidet vil vi ha særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling.	Fokus på klima og miljø bør vere i eit overordna perspektiv og skal gjennom-syre alle planer vi arbeider med i Alver. Dette blir ein del av arbeidet med samfunnsdelen	Vår 2020	Plan og analyse og næring
<i>Strategisk næringsplan</i>		Haust 2020		Samfunnsutvikling
<i>Alkoholpolitisk plan for Alver</i>	Kommunane har utsatt å rullere sine Alkohol-politiske handlingsplaner i påvente av ny kommune. Ny felles plan må utarbeidast.	Vår 2020	Vår 2020	Helse
<i>Smittevernplan</i>	Smittevernplan er lovpålagt og må utarbeidast for Alver	Vår 2020	Vår 2020	Kommuneoverlege
<i>Trafikk tryggleiksplan</i>		Haust 2022	Vår 2023	Teknisk drift og forvaltning
<i>Bustadsosial handlingsplan</i>		Vår 2022		Helse og Teknisk drift og forvaltning

Strategiar

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



<i>Digitaliseringsstrategi</i>	Digitaliseringsstrategien for Alver skal være et helhetlig, overordnet og styrende dokument som favner all digitaliseringsvirksomhet i kommunen. Den skal kommunisere retning og prioriteringer, både innad i kommunen, og utad til samfunnet.	Intensjonavtalen sier»Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon»		Næring, IKT
<i>Blågrønn strategi Strategi for å koble sammen blågrønne strukturer i region og lokalsenter</i>	Blågrønne strukturer er nettverket av blå (vann) og grønne områder som ligger mellom og utanfor by og tettstad bebyggelsen. Dette er store og små naturområder, kulturlandskap og områder tilrettelagt for lek og rekreasjon, og vassdrag	Vår 2021	Ein del av arealdelen	Samfunnsutvikling og teknisk drift og forvaltning
<i>Samfunnsanalyser/mulighetsstudier</i>				
<i>Mulighetsstudie Frekhaug-Alversund-Knarvik</i>		Vår 2020		Plan og analyse/næring
<i>Mulighetsstudie lokalsenter i Alver</i>		Vår 2020		Plan og analyse/næring
<i>Reguleringsplaner knytt til infrastruktur og intensjonsavtalen «Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt»</i>				
<i>Alversund bru</i>	Regulering av Alversund bru, viktig for sentrumsutvikling og infrastruktur	Vår 2020		SVV/Plan og analyse
<i>Ringveg Nordhordland Sambandet Vest</i>	Formålet til prosjektet Sambandet Vest er å realisere infrastruktur til et tverrsamband mellom kommunane Askøy, Meland, Radøy, Lindås og Austrheim. Planprogram er utarbeida	Vår 2020		SVV/ Samfunnsutvikling

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



Hagelsund bru	Regulering av gang og sykkelveg over Hagelsund bru	I prosess, forprosjekt gjennomført		SVV/ Samfunnsutvikling
<i>Planer i prosess i Radøy, Meland og Lindås</i>				
Områderegulering Midtmarka og Rotemyra	Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy er under utvikling. Planarbeidet er omfattande; det vert planlagt for omkring 3000 bustader, 100 000m2 næringsareal, nærsenter, skule, barnehage, sjøsport mm	I prosess, sendt over til behandling		Offentleg privat samarbeid /plan og analyse
Områderegulering av Langelands- skogen og Frekhaug nord	Eit sentralt tema i planen er området si kopling til Frekhaug (sentrum), skule- og idrettsområdet på Sagstad og bustadområda på Fosse og vidare mot Flatøy og Knarvik. Lokalisering av funksjonar og området sin friluftslivsverdi, saman med folkehelse, born og unge og mobilitet	I sluttfasen av planarbeidet		Offentleg privat samarbeid /plan og analyse
Områdeplan for Manger senter	Områderegulering av Mangersenterum ,mend fokus på bustader, næring og infrastruktur	I prosess		Plan og analyse
Områdeplan for Ostereidet	Planarbeidet skal legge til rette for ei positiv utvikling, som kan betre bu- og levetilhøva for både eksisterande og framtidige innbyggjarar. Planarbeidet har som målsetting å leggje til rette for vidare utvikling av skule-, kyrkje-, barnehageog idrettsområde, samt sikre ei god kopling mellom Ostereidet sentrum og skule- og idrettshallområde	I sluttfasen har vore på 1 gangs høyring		Plan og analyse
<i>Regionale planprosessaar i 2020-2024 som vil involvere Alver i stor grad i perioden</i>				

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



<i>Vassregion for Hordaland</i>	Plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion vart godkjent i 2016 og gjeld til utgangen av 2021. Arbeidet er no starta opp med å oppdatere planen for perioden 2022 -2028			Samfunnsutvikling
<i>Strategidokument for biosfære-område Nordhordland</i>				Samfunnsutvikling

2019

ALVER KOMMUNE

Vi bygger Alver kommune



Moglegheits- og utfordringsdokument



Innhald

1. Innleiing	3	Arbeidsplassutvikling	32
2. Definisjonar	4	Nyetablerte føretak	34
Berekraftig utvikling som premiss	5	7. Infrastruktur og samferdsel	35
3. Befolkningsutvikling	8	7.1. Kommunale vegar	35
3.1. Folketalsutvikling	8	7.2. Samferdselsprosjekter	35
3.2. Demografi	9	Nordhordlandspakken	35
3.3. Befolkningsframskrivingar og framtidig demografi	10	KDP E39 Mellom Åsane/Vågsbotn og Nordhordlandsbrua	36
Innvandrara	15	Sambandet vest	37
4. Sosial ulikheit i helse	16	7.3. Vatn og avløp	38
4.1. Oppvekst og utdanning	17	7.4. Kommunal bygningsmasse	39
4.2. Hushald med låg inntekt	19	Offentlege bygningar	39
4.3. Deltaking i arbeidslivet	20	Kommunale bustader	39
4.4. Helsevaner	21	7.5. Pendling	40
4.5. Bustad, nærmiljø og deltaking	21	8. Naturmiljø, landskap og klima	41
5. Region, kommune og tettstadsutvikling	22	8.1. Arealbruk	41
5.1. Busetjingsmønster	22	8.2. Omdisponering av dyrka mark	42
.....	25	8.3. Bygningar i strandsona	42
5.2. Flyttemønster	26	9. Kommunal tenesteyting	44
5.3. Senterstruktur	27	9.1. Helse og omsorg	44
5.4. Handelsnæringa i Alver kommune	28	9.2. Grunnskule	45
Handelsnæringas dekningsgrad	29	9.3. Barnehagar	49
6. Næringsutvikling	31	9.4. Kultur og frivilligheit	51
6.1. Sysselsetjingsgrad/yrkesdeltaking	31	10. Sosial berekraft	53
6.2. Næringsstruktur	31	11. Økonomisk berekraft	54
		12. Miljømessig berekraft	55

1. Innleiing

01.01.2020 vert Radøy, Lindås og Meland kommunar til Alver kommune. Som ein stor kommune, både geografisk og i folketal, står Alver kommune til dels ovanfor andre utfordringar og moglegheiter. Dette utfordringsnotatet tek utgangspunkt i nasjonal og regional statistikk for å forsøke å skape eit bilete av den nye kommunen, kva status er, har vore og kva utfordringar og moglegheiter ein ser framover.

Dette er eit fagdokument. Vi har hatt fokus på at dette dokumentet skal vere politisk nøytralt og alle anbefalingar og prioriteringar som har verte gjort her har blitt gjort på grunnlag av statistikk og faglege vurderingar. Likevel vil det vere ulike oppfatningar av tema det er viktig å ha kunnskap om, då politikk handlar om verdiar, og kunnskap er eit verktøy for å synleggjere ulike verdimesige tilhøve.

Dette dokumentet skal primært nyttast som grunnlag for ein diskusjon kring mål, strategiar og planoppgåver som skal innarbeidast i forslag til ein kommunal planstrategi for Alver kommune. Vi har forsøkt, så langt det har vert mogleg, å gjere dei ulike kapitla uavhengig av kvarandre, slik at kvar del kan brukast til ulike deler av samfunnsplanlegginga i kommunen, og sikre at dette vert eit levande dokument. Dokumentet er tenkt å primært vere eit elektronisk dokument.

Dokumentet er bygd opp etter tema, kor det for kvart tema først kjem ei deskriptiv framstilling av dagens situasjon og forventningar om framtida, deretter ein kort diskusjon om dei sosiale, økonomiske og miljømessige implikasjonane dette har for kommunen vår. Det er denne delen som dannar grunnlaget for dei prioriteringane som blir gjort i dette dokumentet.

Dokumentet startar med å beskrive befolkninga i den nye kommunen, korleis den er samansett, korleis den har utvikla seg og forventa utvikling fram mot 2040. Etter dette seiest det noko om busetjingsmønster, tettstads- og senterutvikling og handelsnæringa i kommunen. Som eit naturleg framhald av dette kjem ei utgreiing om næringsutviklinga i Alver kommune, deretter ei oversikt over samferdselsprosjekt og infrastruktur. Etter dette følger ein del om natur, miljø og klima. Det siste temaområdet som blir diskutert i dokumentet er den kommunale tenesteytinga, og korleis vi meiner dette kan utvikle seg framover gitt den befolkninga som bur og kjem til å bu i kommunen i framtida.

2. Definisjonar

I dette dokumentet brukast ei rekke ulike fagomgrep. For å unngå misforståingar og forvirring følger derfor ei definisjonsliste som er meint som ei støtte til lesaren til korleis ulike omgrep skal forståast i dette dokumentet.

Arbeidsledige	Alle ordinære arbeidssøkarar ved NAV-kontorene ved utløpet av månaden (her november kvart år), og som har vore utan inntekstgjevande arbeid dei siste to vekene.	Låginntekt	I Noreg er det brei allmenn samstemd om å bruke eit relativt fattigdomsomgrep. I dette dokumentet er (dersom anna ikkje er spesifisert) EU-60 standarden brukt. Sjå EU-60.
Asylsøkar	Person frå anna land som søker om vern i Noreg gjennom asylinstituttet.	Overføringsflyktning	(kvoteflyktning, FN-flyktning) person som kjem til Noreg direkte frå ein flyktningleir.
EU-60	60 prosent av medianinntekt i ein gitt region (her stort sett landet), vekta i forhold til husholdninga si storleik.	Pendlar	Person som arbeider i ei anna kommune enn der dei er registrert busett.
Demografi	Forklarar befolkningars størrelse, alders- og kjønnsfordeling, geografisk fordeling, samt dei demografiske komponentane fruktbarheit, dødelegheit og migrasjon. Kår som forklarar desse komponentane dannar også eit viktig grunnlag for demografi.	Uføretrygda	Person med eit positivt vedtak om uføretrygd frå Folketrygda i minst ein måned i løpet av året.
Flyktning	Person som ifølge Utlendingsdirektoratets flyktningeregister har flyktningstatus og har fått lovleg opphald i Noreg	Vedvarande låginntekt	Personar som over ein treårsperiode i gjennomsnitt definerast som medlem av ein låginntektshusholdning. Det er klar færre som hamnar i denne kategorien enn i kategorien låginntekt.
Innvandrar	Her definert som person som er født i utlandet av to utanlandsfødte foreldre og som på eit tidspunkt har innvandra til Noreg.		

Berekraftig utvikling som premis

Alver kommune ønsker å ha ei utvikling som imøtekjem dagens forbruk og investeringar, utan at det svekkar innbyggjarane sine moglegheiter til i framtida å få dekkja sine sosiale, kulturelle, økonomiske og materielle behov. Det å vere ein kommune i vekst og sentral i ein attraktiv region vil, om det hândterast på ein god måte, gje positive ringvirkningar. Ei utvikling med berekraft som eit prinsipp medfører at innsatsen må rettast mot fleire områder. Alversamfunnet legg til grunn at kjerna i berekraftig utvikling er å behandle økologisk, økonomisk og sosial berekraft i ein samanheng.



Figur 1: FNs bærekraftsmål

Sosial berekraft:

Eit samfunn som gjer innbyggjarane lik tilgang til sysselsetting, kultur, egna boligar, og gode bomiljø, utdanning, tryggleik og deltaking i lokalsamfunnet.

Økonomisk berekraft:

Eit samfunn som skapar verdiar og utvikling i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod.

Miljømessig berekraft:

Eit samfunn som tar overordna miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å forebygga klimaendringar.

I dette dokumentet er det gjort ei oppsummering av kva utfordringar og muligheter ein ser for seg i Alver kommune dei næraste åra. Utfordringsnotatet tar utgangspunkt i statistikk og kunnskap og skal fungere som eit kunnskapsgrunnlag i det vidare arbeidet med planstrategien og planprogrammet for samfunnsdelen av kommuneplanen.

Ein oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar for befolkinga skal ligge til grunn for arbeidet med kommuneplanar. Det betyr at lovpålagd omsyn til folkehelsa skal vere bestemmende for kommunedelplanar og arealbruken i Alver kommune.


Folkehelse som del av planarbeidet er heimla i Plan- og bygningsloven § 3 - 1:

Pkt. e: «Legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljøer og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet»

Pkt. f: «Fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller samt bidra til å forebygge kriminalitet»

Folkehelselova § 6 og § 7

«Oversikten etter § 5 annet ledd skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi. En drøfting av kommunens folkehelse-utfordringer bør inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 10–1. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kap. 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet for å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5, 2. ledd. Kommunen skal iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens helseutfordringer, jf. § 5.»



Figur 2: Plan- og bygningslova og Folkehelselova er knytt tett saman

Folkehelsearbeid er samfunnets samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje helse i befolkninga gjennom å svekke faktorar som medfører helseisiko, og styrke faktorer som bidrar til betre helse. Dette skal kommunana gjere mellom gjennom å styrke verdiar som gjev einkilde individ og grupper moglegheit for ansvar, delaktigheit, solidaritet, meistring og kontroll over eige liv og situasjon.

Aukande sosiale skilnadar som og får konsekvensar for helse, er eit hovudproblem i Norge i dag, og både folkehelselova og plan og bygningslova pålegg kommunen å fremje befolkninga si helse og motvirke sosial ulikheit i helse.

Sosial ulikheit i helse er systematiske helseforskjeller som følgjer inntekt, yrke og utdanning. Slike forskjeller finn vi for dei fleste mål på helse, for begge kjønn og i dei fleste aldersgrupper. I statistikkbanken Norgeshelse finns tal for utdanningsforskjellar for mellom anna forventa levealder, dødelegheit, psykisk helse og eigenvurdert helse.

Vi kan sjå på helse som endepunktet i ei årsakskjede. Grunnleggande sosiale tilhøve som utdanning og økonomi vil saman med miljøtilhøve, levevanar og helsetenester påvirke helse. Kommunen kan setje inn tiltak for å bedre helse og utjevne helseforskjeller på alle ledd i årsakskjeden. Nøkkelen til reduserte helseforskjeller ligg i den samla innsatsen, og ikkje i noen få enkelttiltak. Her har kommunen verkemiddel!

Når Alver kommune lager planar eller godkjenn tiltak, bør ein reflektere over:

- Kan innsatsen eller tiltaket slå ulikt ut for ulike grupper?
- Er det økonomiske, sosiale eller fysiske barrierer som gjer at ikkje alle kan gjere nytte av tiltaket eller tenesta?
- Krev bruk av tiltaket, arealet eller tenesta spesielle kunnskar eller ressursar som er ulikt fordelt i befolkninga?

Desse vurderingane må byggje på statistikk og analysar, og kunnskap om lokale tilhøve.

Som eksempel kan ein leggje til grunn at barn og unge som ikkje bur nær lokalsentra i Alver, i stor grad vil vere avhengig av å bli køyrt med bil for å kunne delta på ulike sosiale arenaer som til dømes idrettslag og musikkorps, og dei som ikkje bur nær eit grøntområde/tursti vil ikkje kome seg på tur utan at nokon kan køyre dei. Men ikkje alle har bil sjølv, eller noen som kan køyre dei. Vi veit og at ungdom i Alver ønskje fleire tilbod på fritida si. Kva skal dei halde på med om dei ikkje er med i korps eller idrettslag? Slik lokalkunnskap, kunnskap om sosial ulikskap, og tydninga av mellom anna deltaking for folkehelse, må leggest til grunn for avgjerder i Alver kommune. Det må ein kunne sjå igjen både i planstrategien, kommuneplanen sin samfunnsdel, og i arealdelen med formål, føresegner og omsynssoner.



Figur 3: Faktorar som skapar likeverd i helse

3. Befolkningsutvikling


Kunnskap om korleis befolkninga i kommunen er samansett og utviklinga i denne dannar eit viktig kunnskapsgrunnlag for planlegging av tenestebehov, kalla omsyn som må takast og kan gje ei peikepinn på framtidige utfordringar som kommunen må ta stilling til. Denne kunnskapen er også sentral for å forstå moglegheiter og utfordringar knytt til blant anna folkehelse og berekraft.

3.1. Folketalsutvikling

Sidan 2005 har befolkningsutviklinga i dei tre kommunane vert nokså ulik. Meland er den kommunen som har hatt størst prosentvis befolkningsvekst, drevet av høg netto innflytting og relativt store fødselsoverskot. I hovudsak er det også i stor grad barnefamiljar som har busett seg i kommunen, noko som har ført til at Meland har ei relativt ung befolkning. Vi ser frå figuren til høgre at Meland har hatt ei befolkningsvekst på nær 40 % dei siste tolv år.

Radøy har hatt ei meir moderat folketalutvikling over same periode. Dei siste tolv år har kommunen hatt ei befolkningsvekst på om lag ti prosent, primært drevet av høg netto innvandring, spesielt frå Øst-Europa. På same tid har netto flytting for seks av dei siste tolv år vore negativ. Dette, saman med låge fødselstal har ført til at kommunen har ei relativt eldre befolkning samanlikna med dei to andre kommunane og landet elles.

Den største av dei tre kommunane, Lindås, legger seg omtrent midt mellom dei to andre. Her har folketalet auka med omtrent 20 % dei siste tolv år. Drivaren for veksten har her variert gjennom perioden, med eit stabilt fødselsoverskot, men varierende netto flytting og innvandring. Demografisk legg også kommunen seg midt mellom Radøy og Meland, med ein noko eldre befolkningsamansetning enn Meland, men også noko yngre enn Radøy og landet elles.






Figur 4: Folketalsvekst siste 12 år, Meland, Radøy, Lindås. Kjelde: SSB

3.2. Demografi


Gjennom det siste tiåret har innanlands flytting vore prega av eit mønster kor unge vaksne flyttar nærare byane, samtidig som dei over 30 år i mindre grad flyttar på seg. For Radøy sin del har dette ført til at særleg befolkninga i aldersgruppa 60-80 år har veksse, mens dei andre aldersgruppene har hatt ei meir flat utvikling dei siste ti åra.

Også i Meland og Lindås har aldersgruppa 60-80 år vakse ein del dei siste ti åra. Det som særleg skil demografiutviklinga i Meland frå den i Radøy er at i Meland har det vore ei særleg stor vekst i barnekulla (0-16 år) og også ei vekst blant unge vaksne (20-30 år).

For Lindås sin del har befolkningsveksten vore ganske stabil og dei fleste aldersgrupper, med ei særleg auke i nemnde aldersgruppe 60-80 år, ein del vekst i gruppa 35-50 år, og noko vekst blant barn og unge.



Figur 5: Aldersfordeling 2008 og 2018, Radøy, Meland, Lindås.
Kjelde: SSB




Figur 6: Befolkningsframskrivingar for Alver i ulike alternativ. Søyrlane visar hovudalternativet til SSB, mens dei stipla linjene viser hhv. låg- og høgalternativet. Kjelde: SSB og Hordaland Fylkeskommune

3.3. Befolkningsframskrivingar og framtidig demografi


Ei befolkningsframskriving er ei berekning av befolkningas framtidige storleik og samansetting. Her legg ein til grunn fire demografiske komponentar: framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlandske flyttingar og inn- og utvandringar. Det er særleg flyttemønstera som kan virke å ville drive befolkningsutviklinga i Alver kommune dei neste 20 åra.

Flyttingar innanlands forventast i dei siste befolkningsframskrivingane å fortsette i same mønster som dei har dei siste 10 åra, med fortsett sentralisering, særleg blant unge vaksne. Dette får to konsekvensar som begge vil påverke Alver kommune. Ved at unge vaksne flyttar til meir sentrale strøk vert også ein større del av barna født sentralt. Dei eldre vert derimot i større grad att i bygdene, og distrikta kan dermed forvente ei sterkare aldring enn landet elles.

Som ein del av Bergensregionen kan ein forvente at dei sørlegaste delane av den nye kommunen vil oppleve stor tilflytting på grunn av sin nærleik til Bergen. Dette sjåast igjen i befolkningsprognosane frå SSB og Hordaland fylkeskommune, som figuren over viser. Begge spår ei auke på rett i overkant av 20 % dei neste 22 åra. Dersom prognosane treff vil dette bety at dagens befolkning på 28 997 vil passere 30 000 i løpet av 2021, og nå 35 000 i løpet av 2039. Samanlikna med landet for elles vil Alver ha ein sterk befolkningsvekst, kor veksten i løpet av same 22-års periode vil vere på rett i underkant av 15 %. Dei stipla linjene i figuren viser befolkningsutvikling etter høg- og lågalternativet, og ein kan leggje merke til at Alver også ligg over landsveksten dersom Alver opplever vekst i lågalternativet samtidig som landet har ei vekst etter hovudalternativet.




Figur 7: Befolkningsutvikling Alver, 16-66 år
Kjelde: SSB



Figur 8: Aldersfordeling Alver, 2018, 2030 og 2040


Kjelde: SSB

Dersom vi ser på den framtidige aldersfordelinga for Alver og befolkningsutviklinga følgjer prognosane er det nokon karakteristikkar som skil seg ut. Særleg i kategorien 0-5 år ser vi at talet på innbyggjarar vil falle noko frå dagens nivå fram mot 2030, for deretter å hente seg inn att tilbake på dagens nivå i 2040. Ser vi på barn i aldersintervallet 6-10 år er dette fallet endå meir markant, men igjen med ei tilsvarande innhenting fram mot 2040. Blant dei eldste grunnskuleelevane vil det vere ei lita auke fram mot 2030 og 2040. I sum vil likevel delen av befolkninga som er i barnehage- og skulealder gå ned både mot 2030 og 2040. Per dags dato er 21,8 % av befolkninga i denne aldersgruppa, mens dette vil falle til 19 % i 2040. Sjølv om denne gruppa vil sjå ei økning i talet vil befolkningsveksten vere sterkare i dei eldre aldersgruppene.



Figur 9: Befolkningsframskriving, 80 år og eldre

Kjelde: SSB



Figur 10: Aldersfordeling Alver og landet, 2030 og 2040
Kjelde: SSB

Blant personar i arbeidsfør alder (16-65 år) vil det i alle aldersintervall vere vekst fram mot både 2030 og 2040. Spesielt ser vi stor vekst i talet på personar i aldersintervallet 56-60 år. Samla sett utgjær personar i aldersintervallet 16-65 år per 2018 62,6 % av befolkninga i Alver kommune. Fram mot 2030 og 2040 vil dette talet falle til respektive 61,5 % og 58,7 %.


Den største absolutte og prosentvise veksten vil komme blant personar i aldersintervalla frå 66 år og oppover. I intervalla 76-80 år, 81-85 år, 86-90 år og 90 år og eldre vil det i alle vere minst ei dobling av talet personar. Vidare vil gruppa 71 år og eldre gå frå å utgjere 9,9 % av befolkninga i dag til å utgjere 14,4 % og 16,5 % i same rekkefølge i 2030 og 2040.

I figuren på neste side samanliknast utviklinga i aldersfordeling i Alver med landet elles. Her kan vi sjå at veksta i spesielt dei eldste aldersgruppene er eit landsomfattande fenomen. Dette kjem av store fødselskull utover 50- og 60-talet på landsbasis, saman med ei kraftig auke i forventa levealder og ei generell bedring i folks helse. Figuren under viser utviklinga for Alver. Denne viser at talet på personar i aldersgruppa 80-89 år vil auke med 48 % frå 2025 til 2030 og igjen med 30,8 % frå 2030 til 2040. Som følgje av denne veksta saman med lengre forventa levealder vil talet på personar 90 år eller ledre auke med 120 % frå 2030 til 2040.


Samtidig legg vi merke til at Alver kommune både i 2030 og 2040 vil ha relativt mange barn og unge samanlikna med landet. Personar mellom 0 og 20 år utgjær per i dag ein relativt stor del av den totale befolkninga i kommunen samanlikna med landet som heilheit, og mykje kan tyde på at Alver også i framtida vil vere ein relativt ung befolka kommune.

På oppdrag frå Lindås kommune har Norconsult utarbeida ei befolkningsprognose på bakgrunn av tidlegare og planlagt bustadbygging og SSB sine befolkningsframskrivingar. Dei første åra av prognoseperioden ligg Norconsult sitt alternativ under lågalternativet til SSB. Dette skuldast låg tilflytting dei siste åra, som det er grunn til å tru ikkje vil fortsette, men ein trur det vil ta nokon år før veksten er tilbake på eit meir «normalt» nivå. Utover i perioden ligg Norconsultprognosen mellom SSB sitt hovud- og høgalternativ. Sterke fødsletal og aukande tilflytting utover i perioden vil vere drivarane for denne veksten.


Styrka til Norconsult sine prognosar er at dei går ned på skulekrinsnivå. Som figur 10 og 11 på neste side syner tyder mykje på at det er dei allereie største krinsane som vil få den sterkaste veksten dei neste 15 åra. I absolutt vekst er det Knarvik og Sagstad skulekrins som vil ha den sterkaste veksten dei neste 15 åra, med ei omtrentleg auke på 1 750 personar. Prosentvis derimot er det Knarvik skulekrins som skil seg ut med ei prosentvis vekst på 52 %. Prosentvis skil også Sagstad, Ostereidet, Alversund, Leiknes og Manger skulekrinsar seg ut med vekst mellom 20 % og 30 %. På den andre enda av skalaen er det dei minste skulekrinsane, Kløvheim, Myking, Austebygd, Sæbø og Hordabø som ventast å ha den svakaste befolkningsutviklinga fram mot 2033.



Figur 11: Befolkningsprognosar, SSB og Norconsult



Figur 12: Prognose befolkningsendring 2018-2033, etter skulekrinsar
Kjelde: Norconsult




Figur 13: Befolkningsprognose, etter skulekrinsar
Kjelde: Norconsult

Innvandrarar

Busetjing av flykningar er ei permanent kommunal oppgåve. Prognosar frå UDI syner at det er behov for å busetje fleire flykningar enn tidlegare venta, fordi eit auka tal asylsøkarar frå konfliktområde kjem til Norge og talet på innvandrar i Alver kommune vil auke i åra som kjem.

Delen av innvandrarar med flyktningebakgrunn har generelt meir helseplager enn andre, og færre flykningar oppgjer å ha god helse samanlikna med den øvrige befolkninga (Folkehelseinstituttet, 2014). Personar med innvandrarbakgrunn utgjer ein større del av befolkninga i Alver kommune no enn tidlegare. Fra 2011 har antallet innvandrere auka med nærare 60 %, og fram mot 2040 vil antallet innvandrar doblast frå dagens nivå. Ein viktig drivar for den høge befolkningsveksten vil derfor være innvandring, noko som vil vere ein ressurs for kommunen, men også stille fleire krav til kommunen som tilretteleggjar.

Frå figuren under syner vi at den største delen av innvandrarane i Alver kommune har bakgrunn frå Europa (unntake Tyrkia), og ein kan anta at dette generelt dreier seg om arbeidsinnvandring, spesielt frå land i Øst-Europa. Strukturen blant innbyggerane har endra seg noko over dei siste syv åra. I 2011 kom 72 % av innvandrarane til kommunen frå Europa, og 8, 16, 2 og 3 prosent frå henholdsvis Afrika, Asia (inkl. Tyrkia), Nord-Amerika og Sør- og Mellom-Amerika. Andelen innvandrarar med opprinnelse i Nord-, Sør-, og Mellom-Amerika har holdt seg ganske stabil fram til 2018. Samtidig har delen frå Europa falt til 64 % mens delen frå Afrika og Asia (inkl. Tyrkia) har auka til henholdsvis 12 og 20 %.



Figur 14: Innvandrarar etter landbakgrunn (verdensdel), 2011-2018.

Kjelde: SSB

4. Sosial ulikheit i helse

Både Plan- og bygningslova og Folkehelselova pålegg kommunane å fremje befolkninga si helse og motverke sosial ulikheit i helse. Dei sosiale helseforskjellane gjeld for nesten alle sjukdomar, skader og plager. Vi ser forskjellane i alle aldersgrupper, og hos menn og kvinner.


Helsa til den einskilde er dels eit produkt av levd liv, faktisk heilt tilbake til fosterstadiet, der dei sosiale tilhøva for mor kan påverke barnet i magen og den framtidige helsa til barnet. Oppveksten er og ein viktig periode der ein del av grunnlaget for framtidig helse blir lagt, i form av underliggende helseressurser, helsevanar og motstandskraft mot sjukdom. Ein kan også tenke seg at noen tidlig blir «fanga» i uheldige livsbaner der helseproblem, ressursknappheit og helsepåkjenningar gjensidig forsterkar kvarandre over livsløpet.

Det er grunn til å spørje om det er ulikheter i inntekt og levekår mellom ulike grupper i Alver kommune. Skil noen av skulekrinsane seg ut som «rikare» eller «fattigare» enn andre? Er det store forskjellar innan ein skulekrins? Korleis heng inntekt saman med kor det er mogeleg å kjøpe eller leige ein

bustad? Er det same muligheit til å delta på aktivitetar og oppsøkje sosiale møteplassar uavhengig av kvar ein bur? Kan alle som vil, delta i fellesskapet i kommunen? For å svare på desse spørsmåla er det naudsynt med lokal kunnskap.

Statistikk frå sentrale kjelder gjev oss informasjon om kommunen under eitt, men krevjande tilhøve for einskilde menneske og grupper kan gøyme seg i eit godt gjennomsnitt. I folkehelseprofilane til kommunane som skal danne den nye kommunen Alver (Folkehelseinstituttet), ser ein at ungdom rapporterer at dei i stor grad er misnøgde med lokalmiljøet, og det er fleire unge med overvekt og med psykiske symptom enn elles i landet. Kva fortel dette oss, og kva verkemiddel har Alver kommune når sosial ulikheit i helse skal motverkast?

Helsa blir betre for kvart trinn på den sosioøkonomiske stigen. Jo lengre utdanninga er, desto betre er helsa. Det same gjeld inntekt. Ikkje berre har dei med nest lågast inntekt betre helse enn dei med aller lågast inntekt, men vi ser og at dei med aller høgst inntekt i snitt har litt betre helse enn dei med nest høgast inntekt.



Figur 15: Frå St. meld. 19 (2014-2015). Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter

4.1. Oppvekst og utdanning


Barn kan ikkje velje den familien dei blir fødd inn i eller kvar dei skal vekse opp. Målet er å redusere sosiale ulikheter i barn og ungdom sine muligheter slik at alle får en best mulig start i livet med gode livssjanser. Dette inneber å sikre like muligheter til kognitiv, språkleg, personleg, sosial og helsemessig utvikling og vekst.

Generelt har barneskulane i Alver låge lavt målt mot fylkes- og landssnitt på dei nasjonale prøvane dei siste åra. Forsking viser at utdanningsnivået til foreldra har sterk samanheng med elevenes meistringsnivå i både lesing, engelsk og i rekning. Dei siste åra har også foreldrenes inntekt fått større betydning.

Sjølv om dei fleste trivst på skulen, bidrar mobbing til å øydelegge skulekvardagen for mange. Dei som opplev mobbing og krenkelsar trives dårlegast i skulekvardagen. Mobbing og einsemnd i barnehage og grunnskule kan vere nøkkellårsaker til at mange droppar ut av vidaregåande opplæring. I 2018 var det fleire enn 1 av 5 elevar i Meland, Radøy og Lindås som ikkje fullførte vidaregåande skule i løpet av 5 år. Nokon av desse bruker fleire år på å fullføre, og nokon fullfører aldri. Det er fleire som fullfører vidaregåande skule dersom foreldra har høgare utdanning


Det vil vere viktig å ha fokus på

1. Å redusere fattigdom i barnefamiljar.
2. Tidleg innsats blant anna i helsestasjon og skolehelseteneste.
3. Reduksjon av sosial ulikheit i bruk av barnehage.
4. Tidleg og kontinuerleg innsats for å betre prestasjonar og redusere ulikheteir i fråfall i den vidaregåande opplæringa.
5. Tiltak i skulen må komme elevar som treng det til gode.
6. Tverretatleg oppfølging av ungdom som opplever helsereelaterte eller sosiale problem.



Figur 16: Andel elevar som skårar på lågaste meistringsnivå på nasjonale prøvar 5. trinn, etter foreldras utdanningsnivå, 2018.
Kjelde: SSB

Ungdom i Alver rapporterer i større grad enn samanliknbare kommunar at dei ikkje er nøgde med lokalmiljøet sitt, og det er færre som trivst svært godt på skulen. Sjølv om nær 65 % av ungdomane deltek i ein fritidsorganisasjon, er det meir enn 35 % som ikkje gjer det. Frå forskning veit ein at det er ein tendens til at fordeler og ulemper hopar seg opp gjennom livsløpet. Vi veit ikkje om det er dei same ungdomane som ikkje er nøgde med nærmiljø, trivst dårleg på skulen og som ikkje deltek i fritidsorganisasjon. Vi veit heller ikkje om det er forskjellar mellom bustadområde eller skulekrinsar. Dette treng Alver kommune meir kunnskap om for å sette inn tiltak som treff dei som treng det mest.



Figur 17: Einsemd blant ungdommar.
Kjelde: Ungdata (2017)


Trivsel blant ungdommar.
Kjelde: Ungdata (2017)

4.2. Hushald med låg inntekt

Samanlikna med landet og fylket er medianinntekta i Alver kommune relativt høg, men samtidig noko lågare enn samanlikningskommunane Os, Fjell og Askøy. I alle dei fire kommunane nærmar medianen seg landsnittet i perioden 2013- 2016.

Ulikheita i inntekt er om lag som i fylket og landet. Ulikheita blir angitt som forholdet mellom inntekta til den personen som er på 90-prosentilen og den som er på 10-prosentilen. I Alver var dette forholdstalet i 2016 2,5. Dette betyr at dei som er blant dei med høgast inntekt tente 2,5 gonger meir enn dei som er blant dei med lågast inntekt (dei med aller høgast og aller lågast inntekt er halde utanfor berekninga).

Andelen barn i hushald med låg inntekt har auka betydeleg dei siste 10 åra. Dette gjeld for alle kommunane i samanlikninga, men Alver har hatt den største auke. I 2009 var andelen barn i hushald med låg inntekt 6,2 % i Alver, mens lands- og fylkessnittet var 8,9 % og 7,2 %. I 2016 hadde denne andelen barn auka til 10,7 % i Alver, og til 12,3 % i landet, og 10,4 % i Hordaland fylke. Likevel ser vi frå figuren til høgre at andelen barn i hushald med vedvarande låg inntekt ikkje har hatt same auke. Forklaringa på dette er usikker. Ein faktor kan vere treghet i data, sidan vedvarande låg inntekt blir målt over 3 år. I tillegg veit vi at det var ein midlertidig auke i arbeidsledigheita i Radøy, Meland og Lindås



Figur 18: Personar i hushald med låg inntekt
Kjelde: SSB og bufdir


4.3. Deltaking i arbeidslivet

Arbeid gjev tilgang til viktige helsefremmande ressursar som sosiale relasjonar, identitet, personleg vekst og økonomisk tryggleik. Høg sysselsetting der og personar med redusert arbeidsevne har eit arbeid å gå til, vil vere positivt for folkehelsa. Kommunane Lindås, Radøy og Meland har hatt låg arbeidsløyse samanlikna med landet og fylket. Med industri som ein sentral del av næringslivet, vart desse tre kommunane ramma av nedgangen i oljenæringa, og det var auke i arbeidsløysa mellom 2012 og 2016. Denne trenden har no snudd.


Grappa som mottar uføreytingar er ein utsett gruppe helsemessig og materielt. Kor mange som mottar uføreytingar er ein indikator på helsetilstand, men må og sjåast i samheng med næringslivet, utdanningsnivået og jobbtilbodet i kommunen. Figuren under viser at Alver kommune har ein relativt høg del uføre; 9,65 % av befolkninga i arbeidsfør alder. Dette er rett i underkant av landssnittet, men høgare enn naturlege samanlikningkommunar, som Os, Fjell og Askøy.

Grupper som står utanfor arbeidsliv og skule har oftare dårlegare psykisk helse og har meir usunne levevanar enn dei som er i arbeid.

Tiltak som bidreg til at dei som står utanfor arbeidslivet er sikra tilstrekkeleg økonomiske standardar, sosiale arenaer og meningsfull aktivitet, kan bidra til å redusere den negative effekten av å stå utanfor arbeidslivet.



Figur 19: Uføretrygda
Kjelde: SSB (2016)



Figur 20: Arbeidsløyse, %
Kjelde: SSB

4.4. Helsevaner

Kosthald, røyking, alkohol og fysisk aktivitet er vaner som forskarar utpeiker som viktige for helsa. I Norge, som i mange andre vestlege land, er det ein rimelig klår tendens til at dårlige helsevaner hopar seg opp i grupper med låg sosioøkonomisk status, mens mange typar gode helsevaner hopar seg opp i grupper med høgare sosioøkonomisk status. Ulikheiten i dagleg røyking etter utdanning er større i nord-europeiske enn i andre europeiske land.


Det er markerte gradientar etter utdanning for kosthald og fysisk aktivitet i Norge. I folkehelseprofilane for 2018 (Folkehelseinstituttet) er det fleire ungdommar i Radøy og Lindås som har overvekt eller fedme enn i landet og fylket, mens Meland ligg på snittet. Alle dei tre kommunane har høgare førekomst av hjarte- og karsjukdomar hos vaksne enn landssnittet. Vi veit lite om korleis overvekt/fedme og hjarte- og karsjukdomar er fordelt i befolkninga i dei tre kommunane. Heng dette saman med sosioøkonomiske tilhøve og andre tilhøve, som til dømes tilgang til arenaer for fysisk aktivitet i nærmiljøet, som ikkje krev at ein er god i anten fotball eller friidrett?

4.5. Bustad, nærmiljø og deltaking

Opplevinga av å handtere og meistre kvardagslivet er nødvendig for helse og trivsel. Forhold i menneskes miljø og arenaer som fremmer mestring, tilfredshet, kjensle av å høyre til, utvikling og vekst, autonomi, oppleving av meining, delte mål og verdiar, og positive relasjonar, kan vere forskjellige i ulike bustadområder og nærmiljø.

Nærmiljøfaktorar som transport, fysisk utforming av miljøet (fortau, gang- og sykkelveier, sosiale møteplasser, stiar og løyper, grøntarealer, aktivitetsplasser for uorganisert fysisk aktivitet) og tilgjengelegheit av tenester (butikkar, offentlege kontor etc.) påverkar muligheitene for deltaking, inkludering og trivsel. Forhold som bustaden sin standard og plassering påverkar og trivsel og opplevd muligheit til deltaking og sosialt samvere.

Alver kommune har eit stort areal, og busetjinga er spreidd. Om lag 44 % bur utanfor tettbygde område, og har lengre veg til aktivitets- og servicetilbod. Ikkje alle har mogeleheit til å bruke bli eller bli kjørt, og busstilbodet kan vere avgrensa eller fråverande store delar av dagen og veka. Det er mange gode kvalitetar både i områder med spreidd busetjing, og i områder med tettare busetjing, og ulike personar og familiar vil velje ulikt. Dersom bustadprisane er betydeleg høgare i noen område enn i andre, vi det få innverknad på kven som kan ha råd til å bu der. Dersom dei dyraste bustadområda er dei som gjev størst mogelegheit til deltaking og sosial støtte, vil dette kunne bidra til sosial ulikskap i tilhøve som har innverknad på helsa.



Figur 21: Aksjonsradius for personar i ulike aldersgrupper
Kjelde: Direktoratet for naturforvaltning


5. Region, kommune og tettstadsutvikling

5.1. Busetjingsmønster

Med areal på om lag 680 kvadratkilometer er Alver kommune blant dei større kommunane i Vestland fylke. Frå Nordhordlandsbrua til dei ytste delane av Lindåshalvøya, Radøy eller Holsnøy er det mellom tre og fire mil. Dei viktigaste samferdsleårene i kommunen er Europaveg 39 over Flatøy og vidare langs sørsida av Lindåshalvøya, og fylkesveg 57 mellom Knarvik og Mongstad.

Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug- Knarvik- Alversund, som har hatt sterk vekst dei siste tiåra. Kommunen kjenneteiknast likevel av eit spreidd busetjingsmønster.


Det spreidde busetjingsmønsteret i Alver kommune blir tydeleg ved samanlikna med dei andre omegnskommunane til Bergen. I 2018 budde 56 prosent av innbyggjarane i Alver kommune i tettbygde område, medan nivået i dei andre omegnskommunane låg mellom 77 og 90 prosent. Sidan 1990 har likevel den delen av innbyggjarane som bur i tettbygde område auka betydeleg, som følgje av sterk folkevekst i områda kring Knarvik og Frekhaug. Tettbygde strok er her definert som område med "minst 200 personer der avstanden mellom husene normalt ikke overstiger 50 meter".



Figur 22: Del av befolkning som bur i tettbygde område.

Kjelde: SSB

* Ei endring i datagrunnlaget gjer eit brot i dataserien i 2013. Tale før og etter dette året er såleis ikkje samanliknbare.



Figur 23: Busetjingsmønster
Kjelde: SSB


I figuren under er innbyggjarane fordelt etter aldersgrupper og sentralitetsnivå på grunnkretsane dei bur i. Sentralitetsindeksen er utvikla av SSB, og sentralitetsnivået er ein funksjon av kor mange arbeidsplassar som er tilgjengelege for innbyggjarane innanfor det næraste geografiske omlandet.

I Alver er det dei nest mest sentrale grunnkretsane (Sentralitetsgruppe 2) som rommar flest innbyggjarar. Dei mest folkerike av desse er grunnkretsane Lindås, Holme, Soltveit og Leiknes.


I alle gruppene av grunnkretsar er det aldersgruppene mellom 0-19 år, og mellom 30-49 som er dei mest talrike. Spesielt er det mange i dei mest sentrale delane av kommunen. Dette må sjåast i lys av den sterke tilflyttinga av barnefamiljar til kommunen dei siste åra.

Aldersgruppa mellom 20 og 29 år, som omfattar mange studentar, er naturleg nok relativt liten i ein kommune utan institusjonar for høgare utdanning.

Elles er det verdt å merke seg at aldersgruppa over 70 år er talrik i dei mest sentrale grunnkretsane. 35 prosent av innbyggjarane i denne aldersgruppa bur i dei mest sentrale grunnkretsane. Ingen av dei andre aldersgruppene har eit tilsvarande sentralisert busetjingsmønster. Korleis sentralitet er fordelt på grunnkretsar kan sjåast på kartet på neste side.



Figur 24: Personar etter alder og sentralitet
Kjelde: SSB og eigne berekningar




Figur 25: Grunnkretsar etter sentralitet

5.2. Flyttemønster

Sidan 2010 har det flytta om lag 8 500 personar til Alver kommune. Det er dei sørlege områda av kommunen som har trekt til seg størsteparten av tilflyttarane. I figuren under er tilflyttarane i kommunen fordelt etter såkalla *delområde*. *Meland sør*, det vil seie Flatøy og områda kring Frekhaug har trekt til seg flest tilflyttarar i denne perioden, følgd av *Knarvik* og *Alversund*.

I same periode har om lag 15 000 personar flytta *internt* i Alver kommune. Matrisa under syner desse interne flyttestraumane fordelt etter delområde. Det mest iaugefallande trekket i desse tala er at mykje av flyttinga skjer internt i kvart einskild delområde. I dei fleste delområda utgjør flyttinga til eige delområde over halvparten av flyttinga. Truleg er denne flyttinga motivert av ønske eller behov for ein annan type bustad enn den ein bur i. Elles er tendensen at delområda Alversund, Knarvik og Meland sør også trekker til seg mange av dei interne flyttarane i Alver.



Figur 26: Tilflyttarar etter delområde, 2010-2018
Kjelde: SSB

Fråflyttingsområde	Tilflyttingsområde								
	Alversund	Knarvik	Lindås	Meland nord	Meland sør	Ostereidet	Radøy nord	Radøy sør	Totalsum
Alversund	1065	458	161	50	259	101	35	121	2250
Knarvik	428	1694	172	59	269	167	32	84	2905
Lindås	124	208	1460	30	78	57	31	46	2034
Meland nord	61	83	34	597	403	19	9	30	1236
Meland sør	236	276	98	300	2057	81	20	79	3147
Ostereidet	78	214	60	17	58	523	4	18	977
Radøy nord	51	54	44	4	21	1	559	365	1099
Radøy sør	147	96	40	25	98	26	239	1045	1716
Totalsum	2190	3083	2069	1082	3243	980	929	1788	15364

Tabell 1: Flyttemønster 200x-2018

5.3. Senterstruktur

I intensjonsavtalen for Alver kommune blei det vedteken ein senterstruktur for den nye kommunen. Knarvik er kommunesenteret i Alver kommune, men har også funksjon som regionsenter i regionen Nordhordland. I tillegg har Frekhaug, Manger, Ostereidet, Lindås, Vikebø og Bøvågen status som lokalsenter.

Om lag 9 500 innbyggjarar, eller 33 prosent av innbyggjarane i Alver kommune, har Knarvik som sitt næraste senter. Av lokalsentera er det Frekhaug som har flest innbyggjarar i sitt omland. Dei 5 360 innbyggjarane som sokna til Frekhaug utgjorde 19 prosent av innbyggjartalet i Alver i 2018. Dei andre lokalsentera er meir jamne, med omland mellom 1 900 og 3 800 innbyggjarar.

Frå regionale og nasjonale myndigheiter er det ønskeleg at busetjing vert planlagt i nærleiken av sentera for å avgrense arealbruk og transportbehov, og bidra til bruk av kollektivtrafikk. Dette blir særleg vektlagt i bynære regionar som Nordhordland, der pendlinga til Bergen er omfattande. Folketettleik kring sentera er òg med å støtte opp under handel- og tenestetilbod og påverkar kva type handel eller tenester det er marknad for å tilby.

Senterhierarkiet avgjer kva rolle sentera skal ha i kommunen ved å påverke lokalisering av funksjonar og busetjing.

Rolla til Knarvik som kommunesenter er å tilby tenester som har heile kommunen som nedslagsfelt. Med statusen som regionsenter følgjer òg tilrådingar frå regionale myndigheiter om at funksjonar som har Nordhordlandsregionen som nedslagsfelt bør plasserast i Knarvik. Det inneber også at handelstilbodet i regionsenteret kan dimensjonast med omsyn til at innbyggjartalet i heile regionen. I tillegg har Knarvik funksjon som lokalsenter for dei 9 500 innbyggjarane som har det som næraste senter.

Lokalsentera si oppgåve er å tilby handel- og tenester slik at innbyggjarane i omlandet ikkje må reise til kommune- eller regionsenteret for å gjere sine daglege innkjøp. Samstundes er det eit spenningsforhold imellom tilbodet i lokalsentera og omsynet til å ivareta eit samlokalisert og attraktivt tilbod i Knarvik.

	FORDELING		INNBYGGJARAR
KNARVIK	33	%	9 561
LINDÅS	13	%	3 756
OSTEREIDET	8	%	2 431
FREKHAUG	19	%	5 360
VIKEBØ	9	%	2 709
MANGER	11	%	3 144
BØVÅGEN	7	%	1 978
ALVER KOMMUNE	100	%	28 939


Tabell 2: Innbyggjarar fordelt på næraste senter.

5.4. Handelsnæringa i Alver kommune

Handelsnæringa er den viktigaste besøksintensive næringa vi har, og er derfor sentral for utviklinga av sentera og tettstadane i Alver. Som del av eit større analysearbeid har Asplan Viak gjort ei kartlegging av handelsnæringa i Alver.

Kartet under syner talet på tilsette innan handelsnæringa i Alver (og Bergen) fordelt på varegruppene *daglegvarer*, *utvalsvarer*, *utvalsvarer/unntaksvarer* og *unntaksvarer*. Varegruppene er bestemt av Hordaland fylkeskommune og nytta som ein standard for handelsanalysar i Hordaland fylke. Kategori en *daglegvarer* er gjerne sjølvforklarande, men *utvalsvarer* omfattar andre "småvarer" som klede, sko eller bøker. I kategorien *unntaksvarer* finn vi arealkrevjande varer som bilar, båtar eller trevarer (årsaka til nemninga er at desse varene er unnateke den regionale føresegna om plassering av handel, som seier at handel som hovudregel bør skje i sentrumsområde). Kategorien unntaksvarer/utvalsvarer omfattar varer som både kan reknast som utvalsvarer og unntaksvarer. Døme er blomsterhandel eller jernvarehandel.

Hovudtyngda av arbeidsplassar innan handelsnæringa i Alver er i Knarvik. Knarvik kjenneteiknast også ved at ein stor del av handelsverksemda er knytt til dei såkalla "utvalsvarane". Det reflekterer Knarvik sin status som regionsenter, sidan handel med desse varene krev eit stort omland. Elles i Alver kommune er det handel med daglegvarer som dominerer, men det er og eit betydeleg innslag av arealkrevjande "unntaksvarer".




Handelsnærings dekningsgrad

Handelsnærings dekningsgrada er eit mål på forholdet mellom innbyggjartal og omsetjinga innan handelsnærings i ein kommune. Dette gir eit inntrykk av "handelsbalansen" kommunane imellom; altså kor mykje innbyggjarane handlar utanfor eigen bustadkommune, og kor mykje innbyggjarar i andre kommunar handlar i Alver.

Ei dekningsgrad på 100 prosent inneber at omsetjinga i kommunen samsvarar med det ein kunne vente dersom alle innbyggjarane gjorde alle sine innkjøp i eigen kommune. Dersom dekningsgrada er *under* 100 prosent er det eit teikn på at innbyggjarane reiser til andre kommunar for å handle, og dersom den er *over* 100 prosent er det eit teikn på at kommunen tiltrekker seg kundar frå andre kommunar.

For heile detaljvarehandelen (daglegvarer, utvalsvarer og unntaksvarer) under eitt var dekningsgrada 65 prosent i Alver kommune i 2017. Av dei opphavlege kommunane var det Lindås som hadde den sterkaste dekningsgrada, med 100 prosent, medan tala for Meland og Radøy var høvesvis 51 og 53 prosent.




Figur 28: Handelsnærings dekningsgrad
Kjelde: Hordaland fylkeskommune

Daglegvarehandelen kjenneteiknast av å vere dominert av nokre få store aktørar, med butikkar som er svært like uavhengig av geografi. Såleis er det sjeldan behov for å handle daglegvarer utanfor eigen bustadkommune. Dette reflekterast i at dekningsgrada for daglegvarer er ganske god i dei fleste kommunart. I 2017 var den 125 prosent i Lindås, og 91 prosent i Radøy. I Meland er tala unndrege offentlegheita på grunn av at det er færre enn tre aktørar innan daglegvarehandel i kommunen.

For utvalsvarer var dekningsgrada i 2017 negativ både i Lindås, Meland og Radøy. I Alver kommune under eitt var dekningsgrada 49 prosent. Underdekninga for dette varesegmentet har samanheng med stor handelslekkasje til Bergen kommune, som hadde betydeleg overdekning.

Asplan Viak har også kartlagt kor mykje areal som er regulert til handelsføremål i senterområda av Alver, og kor mykje av dette som er bebygd med handelsbygg. Kartet under, av Knarvik sentrum, syner at det er store uutnytta areal på tomtene som er regulert til handelsføremål. Tomta til Knarvik senter har høg arealutnytting (83 prosent), medan det på sørsida av E 39 er mange tomter med låg arealutnytting.



Figur 29: Oversikt over handelsareal i Knarvik
Kjelde: Asplan Viak


6. Næringsutvikling

6.1. Sysselsetjingsgrad/yrkesdeltaking

Sysselsetjingsgraden/yrkesdeltakinga syner kor stor del av befolkninga i yrkesaktiv alder (vi har definert denne som 20-66 år) som er yrkesaktive. I Alver er sysselsetjingsgrada for menn 79 prosent, og 74 prosent for kvinner. Sysselsetjingsgrada for menn er høgare enn både i landet og fylket, men lågare enn dei tre samanlikningskommunane i Hordaland. Sysselsetjingsgrada for kvinner er lik som for landet under eitt, men er lågare enn i fylket og i dei tre samanlikningskommunane.


6.2. Næringsstruktur

Dei viktigaste næringane i Alver kommune med omsyn til sysselsetjing er *industri, bygg og anlegg, varehandel, undervisning og helse- og sosialtenester*. Samanlikna med næringsstrukturen i landet under eitt er det fyrst og fremst den høge sysselsetjingsandelen innan industri som peikar seg ut i Alver kommune. Heile 19 prosent av arbeidsplassane i Alver kommune er innan industri, mot berre 8 prosent nasjonalt. Arbeidsplassar innan jordbruk, skogbruk og fiske, undervisning og helse og sosialtenester er også noko overrepresentert i Alver kommune.



Figur 30: Yrkesdeltaking blant menn og kvinner

Kjelde:



Figur 31: Næringsstruktur etter antall sysselsette, %


Kjelde: SSB

Arbeidsplassutvikling

Mellom 2008 og 2018 har det blitt om lag 300 fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Bak dette nettotalet skjuler det seg store skilnadar næringane imellom. Velferdstenester har hatt sterkast vekst, medan transport og lagring og eidegdomsnæringa har hatt den sterkaste veksten i privat sektor. Tapet av arbeidsplassar var størst innan detaljhandel, overnatting og servering og fleire industrinæringar.


Næringssamansetjinga endrast over tid, både nasjonalt og i Alver. I grove trekk er hovudbiletet i Noreg at primærnæringane og industrien går tilbake, medan tenesteytande næringar i privat og offentleg sektor veks. Føresetnadane for arbeidsplassvekst er derfor påverka av næringssamansetjinga i kommunane. Det er grunn til å vente at arbeidsplassutviklinga i kommunar som er dominert av næringar som går tilbake nasjonalt er svakare enn i kommunar som er dominert av vekstnæringar.

Vi har rekna ut ei *teoretisk* arbeidsplassutvikling for kvar einiskild næring i Alver, der føresetnaden er at næringa årleg utviklar seg med same prosentsats som nasjonalt mellom 2008 og 2018. Dette gir eit inntrykk av kva arbeidsplassvekst vi kunne venta i Alver gitt næringssamansetjinga i kommunen.



Figur 32: Arbeidsplassutvikling, 2008-2018

Kjelde: SSB



Figur 33: Faktisk og venta arbeidsplassutvikling, 2008-2018

Kjelde: SSB og egne berekningar

Deretter har vi samanlikna denne teoretiske venta utviklinga med den *faktiske* arbeidsplassutviklinga i kommunen. Figur 6 under syner den *faktiske* og den *venta* arbeidsplassutviklinga per næring i Alver kommune. Figur 27 syner differansen mellom venta og faktisk arbeidsplassutvikling per einskildnæring.

Innan privat sektor er det næringane «transport og lagring», «eigedomssomsetjing og drift,» samt «agentur og engroshandel» som har hatt arbeidsplassvekst betydeleg utover vekstgraden i tilsvarende næringar nasjonalt. Elles har veksten innan dei tenesteytande næringane i offentlig sektor vore betydeleg høgare i Alver enn i landet som heilskap. Dette heng truleg saman med at folketalsveksten, og dermed talet brukarar av desse tenestene, har vore sterkare i Alver enn nasjonalt.


I andre enden av skalaen er det næringane «gruvedrift», «overnatting og serveringsverksemd» og «detaljhandel» som utmerkar seg med svakare arbeidsplassvekst enn venta. For dei to fyrstnemnde tilseier den nasjonale utviklinga arbeidsplassvekst, medan utviklinga i Alver har vore negativ. Innan

«*detaljhandel*» ventar vi eit moderat tap av arbeidsplassar, medan dei faktiske tapa i Alver er langt større. Dette kan ha samanheng med at handelslekkasjen til Bergen har auka i denne perioden.


Nyetablerte føretak

Dei siste ti åra har talet nyetablerte føretak auka betydeleg både i Alver og i landet generelt. Mellom 2015 og 2017 blei det etablert om lag 250 føretak årleg i Alver kommune. Ti år tidlegare, mellom 2005 og 2007, var talet mellom 170 og 180 nye føretak årleg. I tiårsperioden 2007-17 var veksten i Alver 13 prosentpoeng sterkare enn i landet generelt.

For å vise kva betyding dei nyetablerte føretaka har for næringslivet i Alver ser vi på kor stor part av dei sysselsette som er tilsette i nyetablerte føretak. Mellom 2008 og 2018 utgjorde denne parten mellom 4 og 7,5 promille av den sysselsette befolkninga. I byrjinga av perioden var nivået i Alver lågare enn i både samanlikningskommunane, Hordaland fylke og landet under eitt. Men mellom 2010 og 2015 var utviklinga i Alver svært positiv, før utviklinga igjen snudde mellom 2015 og 17.



Figur 34: Andel av sysselsette som er tilsett i nyetablerte føretak, promille
Kjelde: SSB



Figur 35: Nordhordlandspakken

7. Infrastruktur og samferdsel

7.1. Kommunale vegar

Nye kommunale vegar kjem til som følge av utbygging, og medfører nye kostnader - særleg til vinterdrift. Eksisterande kommunale vegar krev vedlikehald og oppgradering, som bør vere planlagt. I 2020 bør det startast eit arbeid med ein overordna vedlikehaldsplan for dei kommunale vegane medrekna veglys, og deretter setjast ein driftsstandard.

7.2. Samferdselsprosjekter

Nordhordlandspakken

Nordhordlandsregionen er en region i vekst både som bosted- og arbeidsmarked. Veinettet er i dag ikke tilpasset til å møte denne veksten, og fremkomsten for næringstransporten er dårlig på mange delstrekninger. Målene med Nordhordlandspakken er å bedre fremkommeligheten på fylkesveiene og gi disse et gjennomgående gang- og sykkelveisystem. Videre skal veier trafikksikres, og det skal tilrettelegges for økt bruk av buss til og fra Bergen, samt sikre god utvikling av Knarvik sentrum.

I kartet med tilhørende tabell under finner en oversikt over tiltakene i Nordhordlandspakken som i hovedsak vil påvirke Alver kommune.

<i>Fork.</i>	<i>Namn</i>	<i>Fase</i>	<i>Start</i>	<i>Ferdig</i>	<i>Link</i>
1	7A: Kollektivtiltak E39	Planfase	Vinter 2021	Vår 2022	Her
2	Fv. 564, Fosse-krysset	Planfase	-	-	Her
3	5. Fv. 564 Frekhaug-krysset	Planfase	2022	2023	Her
4	18. Fv. 264 Sandskaret – Holme	-	2025	2027	Her
5	4B Fv. 564 Trafikksikring/undergang Holme	Godkjent	Høst 2018	2019	Her
6	3. Fv. 245 Fosse-Moldekleiv	Planfase	2021	2023	Her
7	7B Kollektivtiltak fv. 57,	-	-	-	Her
8	6. E39 Knarvik sentrum	Plan/prosjektering	2020	2022	Her
9	2. Fv. 57 Knarvik – Isdalstø	Godkjent	På vent	N/A	Her
10	19. Fv. 565 Hilland – Radøy grense	-	2025	2027	Her
11	16. Fv.565 Grense Radøy/Lindås – Sæbø skule	Planfase	2025	2026	Her
12	13. Fv. 409 Kollektivtiltak Manger sentrum	-	2023	2023	Her
13	1. 565 Marås-Soltveit	Godkjent 2010	Vår 2019	2022	Her
14	4A Fv. 564 Fløksand – Vikebø	Planfase	2022	2024	Her
15	14. Fv.. 57 Vatnekrysset	Planfase	2023	2024	Her
16	17. E39 Vikane-Eikangervågen	Planfase	2021	2023	Her
17	15. E39 Molvik-krysset	Planfase	2023	2024	Her

Tabell 3: Nordhordlandspakken


Kjelde: Statens Vegvesen

KDP E39 Mellom Åsane/Vågsbotn og Nordhordlandsbrua

Statens Vegvesen har vurdert at val for ny trasé for E39 nord for Vågsbotn bør tilpassast valet for Ringveg øst. Målet med dette prosjektet knyttes særlig til økt trafikksikkerhet og effektiv transport med styrking av bo- og arbeidsmarkedsregionen.

Sambandet vest

Målet med prosjektet «sambandet vest» er å medvirke til næringsutvikling gjennom å knytte saman Sotra/Øygarden – Askøy – Nordhordland med ny infrastruktur, til en større sammenhengende bo- og arbeidsmarkedsregion med effektive og forutsigbare kommunikasjoner. I forhold til beredskap er målet et fullt ringveisystem i Bergensregionen. Styret i Sambandet Vest har gjort vedtak om å jobbe for brokryssing over Herdla fjorden ved Abbedissen på Askøy til sørpissen av Ypso i Meland. Videre inngår samband til Radøy med bro over Bognestraumen. Foreslått trasé er illustrert i kart under.




Figur 36: Sambandet Vest
Kjelde: Sambandet Vest

7.3. Vatn og avløp

Sjølv om ein del av busetnaden i Alver kommune er relativt spreidd, er hovudtyngden av busetnaden lokalisert til lokalsenter og kommunesenter. Den store folkeveksten, og dermed det store utbyggingsvolumet, orienterer seg mot den søndre delen av Alver, i aksen Frekhaug – Knarvik – Alversund med respektive omland.

Utfordringane når det gjeld vatn og avløpssystemet (VA-anlegga) er at dei eldste kommunale anlegga er bygd i dei områda med størst vekst. Det inneber eit relativ stort behov for rehabilitering /oppdimensjonering / vidareutvikling av anlegga, og oppgradering i tråd med dagens krav til vasskvalitet og handtering av utlsepp. Auka nedbørmengder medfører nye krav til handtering av overvatn, som igjen blir forsterka av auken i «harde flater» som følgje av utbygginga.

Tilfredsstillande VA-anlegg er ein føresetnad for all utbygging. For å møte desse utfordringane er det vesentleg å prioritere arbeidet med ein ny hovudplan for vatn og avløp i Alver i 2020, og kople denne til det overordna planverket elles. Ein må også kartlegge behovet for barrierer og rutinar rundt høgdebassenga, slik at ein også har ein systematisk vedlikehaldsplan for desse.



Figur 37: Tilknytning til kommunalt vatn og avløp, %
Kjelde: SSB/eigne kjelder.

7.4. Kommunal bygningsmasse


Offentlege bygningar

Kommunal tenesteyting er avhenging av tilgang på både tilstrekkelege og hensiktsmessige lokale. Behovet for kommunale formålsbygg aukar i takt med folkeveksten. Dette medfører auka drifts- og vedlikehaldskostnader, for at kommunen skal kunne ivareta krav til innelima, arbeidsmiljø, tryggleik og ikkje minst materielle verdiar. Arbeidet med ein overordna vedlikehaldsplan for den kommunale bygningsmassen må prioriterast slik at dei kommunale tenestene ikkje blir skadelidande, og slik at dei økonomiske verdiane blir bevart.

Ein bør også starte arbeidet med ein «driftsplan» som set standarden for kva tilstand dei kommunale bygningane skal ha i høve til aktuell tenesteyting. Det gjeld t.d. varme, ventilasjon, låssystem og tilgangskontroll, lyssetting, reinhald, vakthald, brannsikring, heissystem, skadedyrskontroll, miljømerking. Ein plan for dei kommunale bygningane bør også omfatte ei vurdering av livssyklus-kostnader og val av materiell og løysingar i investeringsprosjekt, med mål om lang levetid.

Kommunale bustader

Dei kommunale bustadene har varierende alder og varierende kvalitet, her er det behov for ein plan for utskifting som er tilpassa endra behov. Alver kommune bør legge ein strategi for sal, kjøp, sanering, nybygging, rehabilitering og lokalisering, og meisle ut ulike typar butilbod tilpassa leigetakarane. Dette har verknad for lokalsamfunnet i vid forstand og for kvaliteten på den individretta tenesteytinga. Anskaffing av kommunale bustader bør følgje sentrale kravspesifikasjonar.



Figur 38: Areal kommunale bygg, totalt og per innbygger

Kjelde: SSB

7.5. Pendling

I 2018 leverte Hordaland fylkeskommune ei pendlarrapport for dei tre kommunane som vert Alver, basert på individdatasett. Denne rapporten viste at kvar for seg var dei tre kommunane Radøy, Meland og Lindås prega av svært høg arbeidsmarkedsintegrasjon med resten av Bergensregionen. I 2016 jobba omtrent 32 % av arbeidstakarane som budde i Meland i same kommune. Tilsvarande tal for Lindås var på same tid 52 % og for Radøy var det 45 %. I nye Alver kommune vil det basert på desse tala vere 13 914 arbeidstakarar som bur i den nye kommunen, kor 8 481 av desse også jobbar i kommunen, med andre ord vil om lag 61 % av dei som bur i kommunen også jobbe i Alver. Grunnen til at dette talet er høgare enn for både Radøy, Meland og Lindås individuelt er at mykje av inn- og utpendlinga frå desse kommunane er frå eller til dei to andre. Som figur 31 syner, går dei største pendlarstraumane inn og ut av Alver kommune til eller frå Bergen.



Figur 39: Pendlarmønster, 2018
Kjelde: Hordaland fylkeskommune

Arbeidsstad → Bustad ↓	Meland	Radøy	Lindås	Bergen	Resten av NH	Resten av Noreg
Meland	1 256	46	693	1499	32	396
Radøy	80	1 108	474	433	124	220
Lindås	380	163	3 981	1 914	266	849
Bergen	324	82	824	124 219	85	15 451
Resten av NH	19	42	439	251	1 231	446
Resten av Noreg	96	23	331	32 098	152	2 362 638

Tabell 4: Pendlarmatrise, 2018
Kjelde: Hordaland fylkeskommune

Arbeidsstad → Bustad ↓	Alver	Bergen	Resten av NH	Resten av Noreg
Alver	8 481	3 846	422	1 465
Bergen	1 230	124 219	85	15 451
Resten av NH	500	251	1 231	446
Resten av Noreg	450	32 098	152	2 362 638


Tabell 5: Pendlarmatrise, 2018
Kjelde: Hordaland fylkeskommune

8. Naturmiljø, landskap og klima


8.1. Arealbruk

Det samla arealet i Alver kommune er om lag 680 kvadratkilometer. Av desse er nesten halvparten, 310 kvadratkilometer, skog. Arealkategorien «*Open fastmark*» omfattar 166 kvadratkilometer. Dette er ein samlekategori som rommar eit stort spekter av både natur og kulturlandskap. Samlenemninga er at områda ikkje når kriteria som definerer dei andre kategoriane, til dømes kan jorddjupna vere for liten til at det blir rekna som jordbruksareal eller *skogboniteten* for låg til at det blir rekna som skog. Jordbruksareala i kommunen utgjer 85 kvadratkilometer, våtmark 36 kvadratkilometer og ferskvatn 30 kvadratkilometer av kommunen.

Områda som er utbygd til anten bustad, fritidsbygningar eller næring utgjer til saman 16 kvadratkilometer av arealet i kommunen.



Figur 40: Arealbruk.
Kjelde: SSB, 2018



Figur 41: Omdisponering av dyrka mark
Kjelde: SSB

8.2. Omdisponering av dyrka mark

Sidan 2005 er om lag 900 dekar, nesten ein kvadratkilometer, landbruksareal blitt omdisponert til andre formål i Alver kommune. Størsteparten av arealet, om lag 700 dekar, var dyrka jord, medan 200 dekar var areal som var dyrkbar, men ikkje i produksjon. Dei fleste åra har omfanget av det omdisponerte arealet vore mellom 20 og 60 dekar. Unntaka er åra 2009 og 2010 då omdisponeringa var høvesvis 182 og 305 dekar.

I alt er det om lag 85 kvadratkilometer landbruksareal i Alver kommune. Det omdisponerte arealet utgjer omlag ein prosent av det totale arealet. Men i same periode 2005-2018 er det også blitt nydyrka om lag 300 dekar jordbruksareal i Alver. Nettotapet av jordbruksareal er dermed om lag 600 dekar.

Utfordringa for landbruket er å stanse nedlegging av bruk. For å demme opp for avviklinga av vestlandsjordbruket trengs ei vidareføring av innsatsen som kommunane legg ned i dag for å styrke landbruket som næring, halde oppe attraktiviteten og bidra til innovasjon og rekruttering. Dette er viktig både i høve til klimautfordringar og i høve til matforsyninga i Norge.

8.3. Bygningar i strandsona


Som ein kystkommune med mange øyar, sund og fjordar forvaltar Alver kommune mange kilometer strandsona. Målsetjinga i den nasjonale arealpolitikken er å ivareta allmenne interesser ved å hindre at strandsona blir privatisert gjennom utbygging.

I dei statlege retningslinjene er forvaltninga av strandsona geografisk differensiert avhengig av kor sterkt arealpresset er i kvar einskild kommune. Lindås og Meland reknast som kommunar med stort press på arealressursane, medan Radøy reknast som ein kommune med mindre arealpress. Det er ukjent kva forvaltningskategori Alver kommune vil hamne innanfor etter samanslåing.

I 2018 var det om lag 9 100 bygningar i strandsona av Alver. Garasjar og uthus utgjorde om lag halvparten; 4 500, av desse. Bustadar og fritidsbustadar talte om lag 2 000 bygningar kvar, medan det var 640 fiskeri og landbruksbygningar og 230 industri og lagerbygningar i strandsona.

Veksten i talet på bygninger i strandsona mellom 2005 og 2018 var størst for garasjar og uthus, og minst for næringsbygg. Av dei 1 100 bygningane som blei oppført i strandsona til Alver kommune mellom 2005 og 2018 var nesten 600 garasjar og uthus, om lag 350 var bustadar og om lag 150 var fritidsbustadar. Næringsbygg utgjorde til saman om lag 50 bygg.

Utfordringa for strandsonevernet er å halde oppe kystkulturen og unngå gjengroing, gjennom aktiv og balansert forvaltning og med nyanserte verkemiddel.



Figur 42: Bygningar i strandsona
Kjelde: SSB


9. Kommunal tenesteyting

9.1. Helse og omsorg

Målt etter netto driftsutgifter vil helse- og omsorg vere det største tenesteområdet i Alver kommune, og står for om lag 31 % av utgifta i den nye kommunen. Per 31.12.2017 var det totalt 1 804 personar som fekk ein form for omsorgsteneste, kor 1 082 fekk heimetenester, 181 institusjonstenester og 541 fekk aktiviserings- og servicetenester. For å samanlikna er det nyttig å sjå på talet på brukarar per 1 000 innbyggjar. Figuren til høgre (panel a) syner at det var 62 personar per 1 000 innbyggjar i Alver som mottok helse- og omsorgstenester. Ein syner også frå samanlikninga at dette er omtrent på fylkessnittet og godt under landet utanom Oslo.

Den største skilnaden ligg i at heimetenestene i Alver er relativt stor i Alver samanlikna med resten, og aktivisering og servicetenester står tilsvarende for ein lågare del. Naturleg nok er det store forskjellar mellom ulike aldersgrupper, og delen av befolkninga som mottok helse- og omsorgstenester er sterkt aukande i alder. Som figuren til høgre (panel b) viser er det 28,5 personar per 1 000 innbyggjar, eller 2,85 %, av dei under 67 år som mottok helse- og omsorgstenester. I aldersgruppa 67-79 år aukar dette til 11 %, og i gruppa 80 år eller eldre er denne delen nærare 70 %.


På same tid har delen av 80-89 åringar som mottok helse- og omsorgstenester falle jamt dei siste fem åra. Dette kjem mellom anna som ei følge av at eldre i denne aldersgruppa generelt er friskare enn tidlegare, og klarar seg sjølve lengre. Som figuren øvst på neste side illustrerer, vil, om trenden fortsett, dette føre til at tross i at talet personar i aldersgruppa 80-89 år vil auke med rundt 35 % fram mot 2025, vil talet på helse og/eller omsorgstenestemottakarar kun auke med 15 % i same periode. Vidare vil satsinga på velferdsteknologi kunne bidra til at fleire eldre vil kunne bu heime lengre og dermed vidare kunne bidra til å lette på trykket på omsorgstenestene i framtida.



Figur 43 a) Brukarar av helse- og omsorgstenester per 1000 innbyggjar.

b) Brukarar av helse- og omsorgstenester etter aldersgruppe per 1000 innbyggjar

Tall per 31.12.18. Kjelde: SSB




Figur 44: Brukarar av helse- og omsorgstenester og tal på personar 80-89 år.
Kjelde: SSB og egne berekningar

9.2. Grunnskule


Alver kommune har, samanlikna med resten av kommunane i Noreg, ei relativt ung befolkning. I forhold til befolkningsstorleik bur det for eksempel 15 % fleire barn i skulealder (6-15 år) i Alver kommune enn befolkningsammansetninga på landsbasis skulle tilsei. Målt mot fylket elles bur det også nærare 15 % fleire 6-15 åringar i kommunen. Totalt var det 4 019 personar i denne aldersgruppa per 1. januar 2018, og på same tid var det 4 004 elevar i kommunale og private grunnskular i kommunen.

Totalt er det 22 kommunale grunnskular i kommunen med til saman 3 661 elevar. Relativt sett er dette ei ganske desentralisert skulestruktur, kor det i snitt er 166 elevar per skole. På same tid er variasjonen stor mellom dei kommunal grunnskulane. Ved den største av barneskulane, Sagstad skule, er det 415 elevar, mens på den minste, Kløvheim skule, er det 36.


Frå 2019-2020 vert ny lærarnorm innført i Noreg. Målet er at gruppestorleik 2 skal vere 15 elevar på 1.-4. trinn og 20 elevar på 5.-10. trinn. Gruppestørrelse 2 er berekna ut frå talet på ordinære elevtimar delt på talet på ordinære undervisningstimar og gjer eit mål på elevar per lærar. Figur 37 syner korleis barneskulane i kommunen ligg an i forhold til nye normtal. Frå figuren ser ein at alle skulane oppfyller norma for 5.-7. trinn med god margin. På same tid er det nokon utfordringar knytt til gruppestorleiken blant 1.-4. klassingar. Her ligg særleg Hordabø skule langt over normtalet. Også Seim, Knarvik, Manger og Sagstad skuler ligg over norma, men i desse tilfella meir marginalt. Alle ungdomskulane oppfyller i dag krava til den nye lærarnorma.



Figur 45: Elevar per skule, 2018-2019
Kjelde: GSI



Figur 46: Gruppestørrelse 2 og lærernorm, 2018/2019
Kilde: GSI




Figur 47: Læringsresultat nasjonal prøver, 2017
Kjelde: Ungdata

Generelt har barneskulane i Alver låge lavt målt mot fylkes- og landssnitt på dei nasjonale prøvane dei siste åra. Samtidig har resultatane bedra seg noko dei siste to åra, og då spesielt i rekning, kor Alver nå ligg nært lands- og fylkessnitt. Som nemnd er fagleg meistring og gode lærarar viktig for psykisk helse blant born og unge. Dei relativt sett svake resultatane drivast av at det i Alver kommune er ein stor del som ligg på lågaste meistringsnivå innanfor både rekning, lesing og engelsk på 5. trinn.

I engelsk ligg heile 35 % av dei testa på meistringsnivå 1. Alver har også ein låg del av elevane på meistringsnivå 2 og samanlikna med andre også få på meistringsnivå 3. Det same gjeld også for lesing. På rekning har derimot Alver ein relativt stor del av elevane på meistringsnivå 2, men fortsett er ein stor del av elevane også på nivå 1.


For 8. trinn fortel dei nasjonale prøvane mykje same historie. Også her ligg ein stor del av elevane på dei to lågaste meistringsnivåa samanlikna med nasjonalt og med fylket. Samtidig som resultatane på dei nasjonale prøvane gjer eitt bilde syner figur 40 at ein relativt høg del av elevane i Alver går direkte



Figur 48: Direkte overgang og grunnskulepoeng, 2017
Kjelde: SSB

frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring. 98 % av 10. klassingane gjekk direkte frå ungdomsskule til vidaregåande i 2017. Karaktersnittet (grunnskolepoeng) er også høgt tatt i betraktning resultatane på dei nasjonale prøvane. Kommunen skil seg heller ikkje ut når det kjem til elevar med direkte overgang frå vg1 til vg2, som er på i overkant av 84 %.

Når det kjem til fråfall i vidaregåande skule ligg Alver kommune seg midt på treet målt mot fylkessnittet og andre store kommunar i Bergensregionen. Fråfallet var mellom 2013-2015 i gjennomsnitt på 23 %, noko som er rett i overkant av fylkessnittet.



Figur 49: Fråfall i vidaregåande skule, %
Kjelde: Hordaland fylkeskommune


9.3. Barnehagar

I Alver kommune vil det vere mange barn i barnehagealder som del av befolkninga, samanlikna med andre kommunar. Per 2018 er det 2 308 barn i barnehagealder (0-5 år) i kommunen. Fram mot 2020 er dette forventa å falle noko, til omtrent 2 160. Per 2018 er det totalt 30 barnehagar i Alver kommune, kor 22 av desse er private, og åtte er kommunale. Omtrent 90 %, eller 1 792, av alle barn mellom 0-5 år nyttar seg av barnehagetilbodet.


Av figur 42 ser vi at samansetninga av dei som er tilsett i barnehage er omtrent lik den for landet elles. Den vanlegaste utdanninga er barnehagelærer, som står for 42 % av dei tilsette. Dette er noko høgare enn landssnittet (41,5 %) men noko lågare enn fylkessnittet (45,6 %). Generelt er forskjellane relativt små på tvers av samanlikninga. Elles er det relativt mange med «anna bakgrunn» målt mot landet og ein del av kommunane i samanlikninga, kor denne delen er på 31,7 % i Alver, mens den er respektive 28,8 og 29,8 % i landet og fylket.

Generelt er det om lag 4,3 barn per årsverk i den nye kommunen. Dersom vi korrigerer for barnas alder, som er meir riktig i eit samanlikningsperspektiv, er det same talet 6,2. I barn korrigert for alder per årsverk tildelast barn i ulike aldersgrupper ulike vektar da yngre barn (0-2 år) krev meir oppfølging enn barn i eldre aldersgrupper (3 år og 4-6 år). Den yngste gruppe vektast med 2, barn på 3 år vektast 1,5 og 4-6-åringar gjevast vektast 1, for å spegle dei ulike behova. Verdien for Alver er omtrent på fylkes- og landssnitt, med ganske små individuelle skilnader kommunane seg imellom.


Som bilete på neste side illustrerer er barnehagane i kommunen er geografisk spreidd utover, men med konsentrasjon rundt tettstader, og særleg då i aksa Frekhaug – Knarvik – Alversund.



Figur 50: Barnehageansatte etter utdanningsbakgrunn, 2017
Kjelde: SSB



Figur 51: Barnehagebarn per årsverk, 2018
Kjelde: SSB



Figur 52: Barnehager i Alver kommune

9.4. Kultur og frivillighet

Kulturarenaar

<i>Lag- og forsamlingshus*</i>	55
<i>Bibliotek</i>	3 hovudbibliotek og 2 filialar
<i>Bygdekino</i>	1
<i>Ungdomsklubbar</i>	5
<i>Kulturskulesentre</i>	3
<i>Livsynshus og kyrkjer</i>	59

**Ekskl. kyrkjer, bedehus, kapell, indremisjonshus o.l.*

Tabell 6: Kulturarenaer

Sport og idrettsanlegg



- 1 *Knarvik Idrettsanlegg*
- 2 *Nordhordlandshallen*
- 3 *Ostereidet kunstgrasbane*
- 4 *Ostereidet skule, symjebasseng*
- 5 *Alversund Kunstgras*
- 6 *Alversund skule, symjebasseng*
- 7 *Seim kunstgrasbane*
- 8 *Lindås skyttarbane*
- 9 *Lindås idrettspark*
- 10 *Lona skytebane*
- 11 *Hopsdal skianlegg*
- 12 *Leiknes skule – grusbane*
- 13 *Storstova*
- 14 *Gamlesætra skianlegg*
- 15 *Sæbø skule, hall*
- 16 *Austmarka kunstgrasbane*
- 17 *Grønålen kunstgras*
- 18 *Radøyhallen*
- 19 *Stokkedal skytebane*
- 20 *Sletta naturgrasbane*
- 21 *Hordabø idrettspark*
- 22 *Fossemyra*
- 23 *Meland Aktiv*
- 24 *Nordhordland FHS, symjebasseng og kunstgras*
- 25 *Meland Golfbane*
- 26 *Leirdalen idrettsanlegg*
- 27 *Rosland skule, symjebasseng*
- 28 *Meland motorsportbane*
- 29 *Meland skyttarlag*
- 30 *Vestbygd kunstgras*

Figur 53: Sports- og idrettsanlegg
Kjelde: Miljødirektoratet



10. Sosial berekraft

Det er hovudsakleg tre trendar som påverkar den sosiale berekrafta i Alver kommune dei næraste åra. Det eine er at talet eldre personar vil auke kraftig. Det andre er at ungdomskulla, som per i dag er store i kommunen, blir endå større. Og det tredje er at innvandrarak, eller born av innvandrarak, utgjer ein større del av befolkninga. Alle desse tre trendane gir oss potensielle utfordringar knytt til inkludering og integrering.

Den generelle helsetilstanden blant eldre betydeleg betra dei siste åra. Det inneber at eldre i dag truleg har betre føresetnadar for deltaking og aktivisering enn tidlegare generasjonar. Det er positivt for dei eldre sjølv, men like viktig er det at den ledige tida dei eldre disponerer utgjer ein potensiell ressurs for lokalsamfunnet. Det er òg vesentleg at vi ikkje vurderer alle over pensjonsalder som ei einsarta gruppe. Aldersspennet og variasjonen i helsetilstand internt i denne gruppa er stor.

Også ungdommar kan vere ei utsett gruppe med omsyn til psykisk helse eller følelse av livsmeistring. Ungdataundersøkinga som Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2018 syner til dømes at 24 prosent av elevane som deltok i undersøkinga frå Alver kommune svarar at dei er *“veldig eller ganske mykje plaga av einsemd”*, mot 21 prosent i fylket under eitt. Omfanget er større blant jenter enn blant gutar, og aukar med alderen. Undersøkinga syner også ein samvariasjon mellom familieøkonomi og omfanget av born og ungdom som føler seg einsame. Blant familiar med *“god råd”* er det berre 20 prosent av ungdommane som svarar at dei føler seg einsame, medan heile 50 prosent av borna frå familiar med *“dårleg råd”* svarar det same. Som vist over (figur 18) har delen born som bur i låginntektsfamiliar auka betydeleg i Alver kommune. Samstundes må vi understreke at store ungdomskull fyrst og fremst er ein ressurs for samfunnsutviklinga. Ungdommar disponerer mykje fritid og mange har engasjement for å bidra til aktivitet og kvalitetar i miljøet dei er ein del av.

Innvandrarak er ein stor ressurs for kommunen. Kulturelt mangfald i skule og barnehage, gjennom ulikheiter i kultur, språk og religiøs bakgrunn kan vere ei verdifull kjelde til kunnskap og forståing og kan bidra til anerkjenning av ulikheiter. I ei stadig meir globalisert verd vil språkkunnskapar og interkulturell forståing spele ei viktig rolle. Ein kommune som veit å spele på dei språklege og fleirkulturelle ressursane vil stå sterkare i møte med sosiale og økonomiske problem i framtida.

Vidare vil forsørgarbyrden til delen av befolkninga i yrkesaktiv alder berre auke dei neste 20 åra. Å sikre effektiv og god integrering av innvandrarak slik at dei kan delta på arbeidsmarknaden på lik linje som andre vil derfor vere av sentral betydning for å sikre et godt og fullverdig tenestetilbod i kommunen, også i framtida. Vidare viser studiar at utdanningsnivået blant innvandrarak, spesielt kvinner, er høgt. For å sikre god ressursutnytting i samfunnet er det derfor viktig og også sikre at desse deltar i arbeidslivet.

11. Økonomisk berekraft

Kommunen si økonomiske berekraft heng tett saman med den demografiske utviklinga. Dei tre hovudtrendane nemnd i førre avsnitt; fleire eldre, fleire ungdommar og fleire innvandrarar er også dei mest betydingsfulle for økonomisk berekraft.

At talet eldre aukar- den såkalla eldrebølgja, inneber at ein vesentleg del av dei sysselsette i Alver vil gå av med pensjon i åra som kjem. Sjølve pensjonsutgiftene, som er mykje omtala i forbindelse med eldrebølgja, fell ikkje på dei kommunale budsjetta. Men å erstatte arbeidskrafta og kompetansen som forsvinn med pensjonistane kan bli krevjande, både for næringsliv og offentlig tenesteyting. Fleire eldre er friske lengre, og mange bur heime i høg alder og klarer seg sjølv, eller har litt hjelp. Likevel må kommunen planlegge for auka etterspurnad etter helse- , pleie- og omsorgstenester til dei eldste. Fleire alvorlege sjukdomar har auka førekomst hos dei eldste, og det er kjent at til dømes risiko for demens og kreft aukar med alderen, og mest hos dei eldste. Det vil vere svært viktig at sysselsettingsgraden i kommunen er høg. Tiltak som bidreg til at unge fullfører vidaregåande skule og får ei utdanning som gjer at dei får seg arbeid, vil ha innverknad på tilhøvet mellom tal yrkesaktive og tal pensjonistar. Andre tiltak for reduksjon av arbeidsløyse vil og ha betydning. Samstundes er Lindås kommune per i dag ein pioner innan velferdsteknologi. Det gir mange moglegheiter og eit stort potensial for effektiv tenesteproduksjon, som ein også kan dra nytte av i Alver kommune.

Alver kommune er altså i den heldige situasjonen at ein ventar vekst i ungdomskulla. Det påverkar behovet for skuleplassar og utdanningspersonell i kommunen, og får såleis betyding for kommuneøkonomien. På noko lenger sikt vil dei store ungdomskulla bli ein viktig arbeidskraftressurs i kommunen. Det kan kompensere for noko av arbeidskrafttapet som vil skje ved at mange når pensjonsalder. Tiltak som kan rekruttere unge til yrker det er etterspurnad etter vil ha innverknad på moglegheita til å oppretthalde og vidareutvikle dei kommunale tenestene. Unge må motiverast til å kome tilbake til kommunen etter fullført utdanning. Kommunen må legge til rette for lærlingplassar og for etter- og vidareutdanning for tilsette.

I områda med størst utbyggingspress er det eit relativt stort behov for oppgradering av vatn- og avlaupsanlegg, medrekna systematisk vedlikehald av mellom anna vasskjelder.





12. Miljømessig berekraft

Den økologiske bærekrafta til Alver kommune påverkast både av utviklinga i folketalet og av endringar i samansetjinga av folkesetnaden. I åra som kjem ventar vi at folketalet i Alver kommune kjem til å auke. (ref fig X). Forbruket til dei nye innbyggjarane vil ha både lokale, regionale og globale konsekvensar. Dei viktigaste lokale konsekvensane er knytt til arealbruk. Å disponere areal til bustadar og næringsareal har betydning for jordvern, biologisk mangfald og kultur- og naturlandskap. Lokalisering og utnyttingsgrad påverkar kor mykje areal vi må ta i bruk. Vidare har val av bygningstypar og buformer påverka på behovet for bygningsmaterialar og energibruken i bygningsmassen.

Arbeidsmarknaden i Alver er sterkt integrert med nabokommunen Bergen. Vi må derfor rekne med at den venta folketalesveksten i Alver vil gi fleire pendlarar, som dagleg skal bevege seg ut og inn av kommunen. Transport er den viktigaste kjelda til klimagassutslepp i Noreg, men har også betydelege lokale miljøkonsekvensar. Vi veit at luftkvaliteten i Bergen kan bli svært dårleg som følgje av trafikk inn og ut av bykjerna. Pendlarar frå Alver kommune bidreg til dette. Kva transportform pendlarane vil nytte i framtida har difor stor betydning for luftkvaliteten, både i eigen kommune og i nabokommunane. Dette heng også saman med arealplanlegginga i kommunen. Utnyttingsgrad og lokalisering av bustad- og næringsområde påverkar avstandane i kommunen, som igjen påverkar potensialet for å bruke kollektivtrafikk.

Samansetjinga av folkesetnaden, og endringa av denne, har betydning for økologisk bærekraft ved at forskjellige grupper innbyggjarar forbrukar ressursar i ulik grad. Til dømes kan ein aukande del pensjonistar bidra til å dempe veksten i talet pendlarar som skal ut og inn av Alver kommune dagleg. Pensjonistar har også lågare kjøpekraft og dermed lågare forbruk enn kva sysselsette har. Liknande samanhengar kan òg tenkast for andre endringar i folkesetnaden, men det er vanskeleg å seie korleis dette vil påverke økologisk berekraft i Alver kommune.

Arkiv:
JournalpostID: 19/270
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 26.08.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
040/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Vedlegg i saken:

26.08.2019 Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 04.10.19.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av Fellesnemnda Alver.

Bakgrunn

Stortinget vedtok 13. juni 2016 lovendringar i pasient- og brukerrettighetsloven og helse- og omsorgstjenesteloven om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg lagt til rette for heildøgns tenester. Pasientar eller brukarar har rett til opphald i institusjon dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten og brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Lovendringa innebar også at kommunen vart pålagt å utarbeide ei kommunal forskrift med verknad frå 01.07.17. Forskrifta skal ha kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad lagt til rette for heildøgns tenester. Forskrift skal også ha reglar om tildeling av plass på venteliste til langtidsopphald, samt oppfølging av brukarar som står på venteliste. Lovendringa påla også kommunane å føre ventelister over pasientar eller brukarar som venter på langtidsopphald.

Meland, Radøy og Lindås kommunar har i dag kvar si lokale forskrift for tildeling av langtidsopphald med reglar for venteliste. Ved etablering av Alver kommune er det nødvendig å samordne dagens tre forskrifter til ei ny forskrift, som kan tre i kraft frå 1. januar 2020. Ny forskrift vil erstatte dagens lokale forskrifter i kommunane.

Vurdering

Mandatet for å lage ny forskrift for tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune følg av prosjektforslaget for *Implementering av forvaltningsmodell i Alver kommune – helse og omsorg* pkt. 2.1. Prosjektforslaget er godkjent av administrativ styringsgruppe.

Prosesen for samordning av dei tre lokale forskriftene til nytt forskriftsforslag har lagt vekt på involvering av relevante nøkkelpersonar i alle tre kommunar og vidareføring av beste praksis. Offentleg høyring av forskrifta vil gje brukarar/brukarorganisasjonar mulegheit for påverknad. Prosesen med utforming av nytt forskriftsforslag har så langt vore slik:

- Dei tre lokale forskriftene er gjennomgått og utkast til ny forskrift er laga av prosjektleiar.
- Forskriftsutkastet er så gjennomgått av representantar for Meland, Radøy og Lindås kommune, herunder leiar for Meland sjukeheim, leiar for Radøy Velferdssenter og leiar for Radøy interkommunale busenter. Forslaget er også forankra med einingsleiar for sjukeheimstenesta i Lindås/tenesteleiar for sjukeheimstenesta i Alver.
- Forskriftsutkastet er deretter behandla i prosjektgruppemøte 20. juni. Prosjektgruppa er samde om forslag til ny forskrift.
- Forskriftsforslaget frå prosjektgruppa er gjennomgått med kommunalsjef helse og omsorg Alver 26. juni.

Når det gjeld innhaldet i den nye forskrifta, så er det tatt utgangspunkt i tildelingskriterium i dagens tre forskrifter. Lindås, Meland og Radøy sine tre forskrifter har i all hovudsak dei same kriterium for tildeling av langtidsopphald, og same reglar for oppfølging av brukarar på venteliste. Alle kommunane har valt skjønsmessige kriterium som utgangspunkt for vurdering av om langtidsopphald skal tildelast (i staden for absolutte og objektive kriterium). Dette er i tråd med tilråding i forarbeida (Prop.99 L (2015-2016)) til helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 a. Desse kriteria vert dermed vidareført i det nye forslaget utan innhaldsmessig endring, men med språklege justeringar og forenklingar. Dette betyr også at den nye forskrifta ikkje vil føre til ei endring i dagens praksis for tildeling av langtidsplass i kommunane.

Meland og Radøy sine forskrifter har til forskjell frå Lindås si forskrift, reglar om sakshandsaming og klage. Desse reglane er ikkje vidareført i den nye forskrifta. Dette fordi sakshandsaming og klage alt er lovregulert, og det ikkje er nødvendig eller ønskeleg å ha med slike reglar i forskrifta.

Radøy kommune har Radøy interkommunale busenter. Radøy si lokale forskrift omfattar i dag tildeling av langtidsopphald ved Radøy interkommunal busenter. Dette må vidareførast i den nye forskrifta for Alver.

Radøy interkommunale busenter reknast som ein institusjon som gir heildøgns tenester for pasientar med alvorleg og langvarig psykisk sjukdom. Pasientane ved busenteret har langtidsopphald. Busenteret fell inn under vilkåret «tilsvarende bolig» i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 a andre ledd kor det står at kommunen må ha lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald og venteliste til «sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester». Vilkåret «tilsvarende bolig» omfattar sjukeheim/institusjon som kommunen har valt å gi eit anna namn enn «sjukeheim», t. d. velferdssenter, busenter e.l. «Tilsvarende bolig» er dermed ei buform som oppfyller krav til institusjon, og kor pasientar betalar eigenandel for opphaldet på lik linje med langtidsopphald i sjukeheim. Med «tilsvarende bolig» meinast altså ikkje vanlege omsorgsbustader (med eller utan tilknytt bemanning), kor bustaden reknast som brukaren sin private heim, kor brukaren har husleigekontrakt i tråd med husleigelova og betalar mândleg husleige.

Det er 9 plassar ved Radøy interkommunale busenter. Radøy kommune disponerer nokon av desse plassane sjølv, og har ein vertskommuneavtale med Vik og Bergen kommunar for utleige av andre plassar. Vertskommuneavtalen fastet kriterium for tildeling av plassar ved busenteret. Desse kriteria vert tatt med inn i den nye forskrifta § 3.

Den nye forskrifta vil dermed omfatte tildeling av langtidsopphald i sjukeimar i Alver kommune (Knarvik sjukeheim, Lindås bu- og servicesenter, Meland sjukeheim og Radøy Velferdssenter) og institusjon som har langtidsopphald for psykisk sjuke (Radøy interkommunale busenter). I den nye forskrifta er det gjennomgåande brukt omgrepet «institusjon» i staden for sjukeheim. Omgrepet

instiusjon omfattar etter sin ordlyd både sjukeheim og busenteret.

I den nye forskrifta er det presisert at pasientar med korttidsopphald kan settast på venteliste til langtidsopphald. Dette er i tråd med helse- og omsorgstjenesteloven, og gjeldande praksis i Lindås samt hjå fleire andre kommunar.

Det nye forslaget til forskrift er også vesentleg kortare enn noverande forskrifter i Radøy og Meland. Det nye forslaget har også fått nokre mindre redigeringsmessige endringar samanlikna med dagens forskrift i Lindås. Samla gjer dette forskrifta lettare å lese og henvise til.

Forskriftsforslaget har tatt utgangspunkt i oppsettet til dagens forskrift i Lindås, med dei justeringar som er gjennomgått over.

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Alver kommune dd.mmm. 2019 med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd jfr. første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 e.

Endrar: Forskrift 21. juni 2017 om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune, forskrift 14.juni 2017 nr. 1004 om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, Meland kommune, og forskrift 15.06.2017 nr 1008 om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester- kriteriar og ventelister, Radøy kommune.

§ 1. Formål

Forskrifta fastsett Alver kommune sine kriterium for tildeling av langtidsopphald i institusjon. Forskrifta regulerer korleis kommunen skal følge opp pasientar som ventar på langtidsopphald.

§ 2. Definisjonar av omgrep i forskrifta

- a) Institusjon: Institusjon omfatta av forskrift 14.11.1988 nr. 932 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie.
- b) Langtidsopphald i institusjon: Opphald utan tidsavgrensing.
- c) Venteliste: Oversikt over pasientar som har fått vedtak om langtidsopphald, men som kan få naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester på anna måte medan dei ventar på langtidsopphald i institusjon. Ventelista gir ikkje ei prioritering av pasientar for langtidsopphald.
- d) Pasient: Ein person som vender seg til helse- og omsorgstenesta med oppmoding om helsehjelp, eller som helse- og omsorgstenesta gir eller tilbyr helsehjelp i det einskilde tilfelle jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 1-3 bokstav a).

§ 3. Kriterium for tildeling av langtidsopphald

Langtidsopphald skal bli tildelt den som har vedvarande og omfattande behov for behandling eller oppfølging, som kommunen ikkje kan gi utanfor institusjon ut i frå kva som er fagleg forsvarleg.

Kommunen avgjer kva helse- og omsorgstenester som er naudsynt og forsvarleg, og kvar tenestene skal bli gitt. Langtidsopphald i institusjon kan ikkje bli tildelt utan at andre helse- og omsorgstenester først er vurdert eller prøvd.

For pasient i institusjon som er særskilt tilrettelagt for psykisk helsevern gjeld i tillegg at personen må kunne nyttiggjere seg tilbodet ved institusjonen og passe inn i eksisterande pasientgruppe. Det kan tildelast prøveperiode for inntil 3 månader om gangen.

§ 4. Venteliste til langtidsopphald

Venteliste kan bli nytta dersom det ikkje er ledig langtidsopphald. Den som fyller kriterium for å få langtidsopphald etter § 3, og som kommunen kan gi forsvarlege og naudsynte helse- og omsorgstenester på anna måte enn ved langtidsopphald i institusjon, kan få vedtak om plass på venteliste til langtidsopphald til institusjon. Pasientar med korttidsopphald kan settast på venteliste til langtidsopphald.

Ved endringar i behovet for helse- og omsorgstenester skal dette dokumenterast og tenestene skal tilpassast behovet.

Når det blir ledig langtidsopphald skal den som oppfyller kriterium etter § 3 og som kommunen vurderer å ha størst behov ut frå desse kriteria bli tildelt det ledige langtidsopphaldet. Dette gjeld enten vedkommande står på venteliste eller ikkje.

Dersom vilkåra for å stå på venteliste ikkje lenger er oppfylt, vil pasienten gå ut av ventelista.

§ 5. Vedtak

Kommunen fattar vedtak etter § 3 og § 4 i forskrifta her. Delegasjonsreglementet avgjer kven som har vedtaksmynde.

§ 6. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2020.

Arkiv: FA-C83, TI-&17
JournalpostID: 19/271
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 26.08.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
041/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Melding/orientering til fellesnemnda 02.09.2019

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Melding/orientering:

- Status IKT-prosjekt
- Status organisasjonsprosjekt
- Økonomiplan
- Overordna ROS - tiltak
- Arbeid med gebyrregulativ
- Strategi og styringsdokument - sak i oktober
- Næringsanalyse - sak i oktober
- Overordnet ROS – samfunnssikkerhet beredskap
- Videre arbeid med DIHVA/BOF/Opplæringskontoret/Krisesenter/Petroleumsnettverk
- Barnevern Austrheim